



Høgskulen  
på Vestlandet

# MASTEROPPGÅVE

«Å ha med seg eit språk»: Ein komparativ studie av alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer.

«To bring along a language»: A comparative study of augmentative and alternative communication for children with different language forms.

**Birgitte Sunde**

Master i undervisningsvitskap, fordjuping i norskdidaktikk

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking

Rettleiarar: Ture Schwebs og Ellen Birgitte Johnsrud

Innleveringsdato: 15.05.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

## Samandrag

Temaet for masteravhandlinga er alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), målformer og identitet. Personar med behov for ASK er born, unge og vaksne som må nytte andre uttrykksformer enn tale i direkte kommunikasjon med andre. Formålet med oppgåva er å finne ut kva målform har å seie for identiteten til ASK-brukarar som nyttar det tekniske kommunikasjonshjelpemiddelet Tobii. Hypotesen er formulert slik: *Nynorskbrukarar som er avhengige av augestyrte kommunikasjonshjelpemiddel, får ikkje nytte eiga målform i kommunikasjon. Dette får konsekvensar for identiteten deira.*

I lys av formålet med oppgåva er det nytta kvalitative forskingsmetodar til innsamling av datamaterialet. Det er gjennomført to ikkje-deltakande observasjonar og to semi-strukturerte intervju. Utvalet består av to ASK-brukarar og mødrene deira. Studien har eit komparativ fokus, med samanlikning av éin nynorskbrukar og éin bokmålsbrukar. Det innsamla datamaterialet har vorte analysert gjennom deskriptive analysar, der tre hovudområde vart identifiserte: ASK, målform og identitet.

Resultata viser at ASK-brukarane med nynorsk som målform ikkje får nytte eiga målform i Tobii, medan brukarane med bokmål som målform får nytte eiga målform. Tobii er produsert med innhald på bokmål, men maskinene tillét at nynorskbrukarane har moglegheita til å redigere alt av innhald og oppsett til nynorsk, noko som er svært omfattande og difor i liten grad vert gjort.

Hypotesen tok utgangspunkt i at det berre var nynorskbrukaren sin identitet som vart påverka av det tekniske kommunikasjonshjelpemiddelet, men resultata frå undersøkinga viser at identiteten til både nynorskbrukaren og bokmålsbrukaren vert påverka. Til dømes representerer ikkje talesyntesen i hjelpemiddelet den talemålsvarianten verken nynorskbrukaren eller bokmålsbrukaren ville ha snakka dersom dei hadde funksjonell tale. I tillegg er talesyntesen berre tilgjengeleg med barne- og vaksenstemme, noko som tyder at på ulike stadium i livet vil ASK-brukarane vere nøydd til å nytte stemmer som ikkje er representative for den alderen dei er i. Undersøkinga viser difor at det er fleire faktorar enn berre målform som er med på å påverke ASK-brukarane sin identitet.

## Abstract

The topic of this dissertation is augmentative and alternative communication (AAC), language forms and identity. Those in need of AAC are children, young people and adults who use other forms of expression than speech in direct communication with others. The purpose of this study is to find out which role the language form plays on the identity of AAC-users who use the technical communication tool Tobii. The hypothesis is formulated as follows: *People in need of AAC with nynorsk as their language form, are not allowed to use their own language form in communication. This affects their identity.*

In accordance with the purpose of the study, qualitative research methods have been used to collect the data material. Two non-participant observations and two semi-structured interviews were conducted. The selection consists of two AAC-users and their mothers. The study has a comparative focus, with comparisons of one nynorsk-user and one bokmål-user. The data collected were analyzed through descriptive analyses, in which three main areas were identified: ASK, language form and identity.

The results show that the AAC-user with nynorsk as target form may not use his own language form in Tobii, while the bokmål-user may use her own language form. Tobii is produced with content in bokmål. The machines allow nynorsk-users to have the ability to edit all of the content and layout to nynorsk, but this is very extensive and therefore rarely done.

The hypothesis was based on the presumption that only the nynorsk-users' identity was influenced by the technical communication tool. But results from the survey show that both the nynorsk-user and the bokmål-user' identities were affected. For instance, the device's speech synthesis does not represent the spoken variant of neither the nynorsk-user, nor the bokmål-user if they were to have functional speech. In addition, the speech synthesis is only available in children and adult voices, which means that at different stages in life, AAC users will have to make use of voices that do not represent the age they are at. The study concludes that several other factors, in addition to language form, affect AAC-users' identity.

## Forord

Kalenderen viser mai 2020 og eg skal endeleg levere masteroppgåva mi. Denne oppgåva markerer slutten på mi femårige lærarutdanning ved Høgskulen på Vestlandet- avdeling Bergen. Etter å ha vorte kjend med ein heilt spesiell person, som fekk ein stor plass i hjertet mitt, var eg aldri i tvil om kva eg ynskte å skrive masteroppgåve om. Det har vore ein lang og til tider krevjande arbeidsprosess, men eg vil likevel sjå tilbake på denne arbeidsperioden som ei kjekk og lærerik tid.

Det er fleire som fortener merksemd i samband med denne studien. Eg er takksam for at informantane i studien stilte opp og opna heimane sine for å hjelpe meg i forskingsarbeidet. Takk for at dykk er så opne og ærlege om kvardagen og livet med ASK. Den endelause og utinga kjærleiken, det pågangsmotet og den positiviteten dokke gav meg innsyn i, er noko eg aldri kjem til å gløyme. Utan dykk hadde denne oppgåva vore umogeleg å gjennomføre.

Eg vil også rette ein stor takk til rettleiarane mine, Ture Schwebs og Ellen Birgitte Johnsrud. Takk for alle dei gode diskusjonane vi har hatt og alle dei gode råda og innspela dykk har gjeve meg undervegs. Det har betydd mykje for meg at dykk har hatt trua på meg og prosjektet frå dag éin, sjølv om det var eit tema dykk hadde lite kjennskap til frå før. Eg har alltid fått ny giv og motivasjon i rettleiingane med dykk.

Til slutt vil eg gje ein stor takk til familien og vennane mine. Takk for at dykk har støtta meg, vore interessert i oppgåva mi og fått meg på andre tankar når eg har trengt å komme meg ut av «master-bobla». Takk til Kathrine og Maren for at dykk har teke meg med på trening og fjellturar gjennom heile prosessen- skrivepausane ilag med dykk gjorde underverk for kropp og hovud! Ein ekstra stor takk til sambuaren min som har haldt ut med meg, spesielt under koronapandemien når vi vart tvungne til å ha heimekontor begge to. Takk for at du er akkurat den du er.

Birgitte Sunde

Bergen, mai 2020

# INNHALDSLISTE

<b>1 INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
1.1 BAKGRUNN OG FORMÅL.....	1
1.2 HYPOTESE, AVGRENSING OG FORSKINGSSPØRSMÅL.....	2
1.3 INNFØRING I ASK.....	3
1.3.1 Talemaskina Tobii Dynavox.....	4
1.3.2 Talesyntese-funksjonen.....	5
1.4 OPPBYGGING AV OPPGÅVA.....	6
<b>2 TEORI</b> .....	<b>8</b>
2.1 KOMMUNIKASJON.....	8
2.1.1 Kommunikasjon som omgrep.....	8
2.1.2 Kommunikasjonsmodellar.....	9
2.1.3 Totalkommunikasjon.....	12
2.2 KOMMUNIKASJONSVANSKAR.....	13
2.2.1 Kommunikasjonsformer i ASK.....	13
2.2.2 Kommunikasjonsformer i hjelpt kommunikasjon.....	14
2.3 MÅLFORMER I NORSK SPRÅK.....	17
2.3.1 Maktforholdet mellom nynorsk og bokmål.....	18
2.3.2 Talemålsvariantar i nynorsk og bokmål.....	18
2.3.3 Prosodi i talespråket.....	18
2.3.4 Skiljet mellom tale og skrift.....	19
2.4 IDENTITET OG SPRÅK.....	20
2.4.1 Eg-identitet.....	21
2.4.2 Den personlege identiteten.....	21
2.4.3 Den sosiale identiteten.....	22
2.4.4 Kollektiv identitet.....	22
2.4.5 Nynorsk, bokmål og identitet.....	23
2.4.6 Talemålsvariantar og identitet.....	23
2.5 SAMANFATNING.....	24
<b>3 METODE</b> .....	<b>25</b>
3.1 KVALITATIV METODE.....	25
3.2 METODETRIANGULERING.....	26

3.2.1 Observasjon.....	26
3.2.2 Intervju .....	28
3.3 ANALYSERING AV INNSAMLTA EMPIRI.....	30
3.4 UTVAL AV INFORMANTAR.....	32
3.5 UNDERSØKINGA SIN KVALITET .....	34
3.5.1 Reliabilitet .....	34
3.5.2 Validitet.....	36
3.5.3 Generalisering .....	37
3.6 ETISKE OMSYN.....	37
<b>4 RESULTAT .....</b>	<b>40</b>
4.1 OBSERVASJONSSITUASJONANE .....	40
4.1.1 Observasjonen av Nikolas.....	40
4.1.2 Observasjonen av Birte .....	41
4.2 KATEGORIEN ASK.....	42
4.2.1 Hjelpemiddelet Tobii.....	43
4.2.2 Utforminga av Tobii.....	44
4.2.3 Kommunikasjonsmåtar i Tobii.....	44
4.3 KATEGORIEN MÅLFORM.....	45
4.3.1 Skriftspråk .....	46
4.3.2 Talesyntesen .....	46
4.3.3 Språkmogelegheiter.....	47
4.4 KATEGORIEN IDENTITET .....	48
<b>5 DRØFTING .....</b>	<b>51</b>
5.1 TOBII SET TEKNISKE RAMMER FOR KOMMUNIKASJON .....	51
5.1.1 Tobiiien legg premissane for relasjonen .....	51
5.1.2 Tobiiien vert styrt med auga.....	52
5.1.3 Tobiiien formidlar ikkje totalkommunikasjon .....	53
5.2 TOBII SET VERBALSPRÅKLEGE RAMMER FOR KOMMUNIKASJON.....	54
5.2.1 Årsaker til manglande språkmogelegheiter.....	54
5.2.2 Verknadar av manglande språkmogelegheiter .....	55
5.2.3 Skiljet mellom tale og skrift finst ikkje i Tobii .....	55
5.2.4 Talemålsvariantar i talesyntesar .....	56
5.2.5 Val av målform.....	56

5.2.6 Prosodi i talesyntesen .....	57
5.2.7 Stemmer .....	58
5.3 ASK-BRUKARAR OG IDENTITET .....	58
5.3.1 Stemma.....	58
5.3.2 Språklege identitetsmarkørar.....	59
5.3.3 Språkleg tilhøyrslø.....	59
5.3.4 Ufrivillig tausheit .....	60
5.3.5 Gøymd bak funksjonsnedsettinga .....	61
5.4 KONKLUSJON .....	61
<b>6 AVSLUTNING.....</b>	<b>63</b>
6.1 AVGRENSINGAR.....	63
6.2 VIDARE FORSKING .....	64
6.3 MÅLET MED ARBEIDET MITT .....	65
<b>BIBLIOGRAFI .....</b>	<b>67</b>
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>72</b>
VEDLEGG 1: BILETE AV TOBII TALEMASKIN .....	72
VEDLEGG 2: GODKJENNING FRÅ NSD .....	73
VEDLEGG 3: INFORMASJON OG SAMTYKKE TIL OBSERVASJON .....	75
VEDLEGG 4: INFORMASJON OG SAMTYKKE TIL INTERVJU .....	79
VEDLEGG 5: OBSERVASJONSSKJEMA .....	83
VEDLEGG 6: INTERVJUGAID.....	85
VEDLEGG 7: TRANSKRIPSJON AV NYNORSK-INTERVJU .....	88
VEDLEGG 8: TRANSKRIPSJON AV BOKMÅL-INTERVJU .....	102

## Liste over figurar og tabellar:

Figur 1: Lineær kommunikasjonsmodell .....	9
Figur 2: Sirkulær kommunikasjonsmodell.....	10
Figur 3: Grunntrekk i kommunikasjonshandlinga .....	11
Figur 4: Nivå av identitet .....	21
Tabell 1: Døme på kategorisering av funn.....	31
Tabell 2: Oversikt over informantar .....	33



# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn og formål

Denne masteroppgåva omhandlar norske målformer i det augestyrte kommunikasjonshjelpemiddelet som vert kalla Tobii. Meir spesifikt drøftar eg moglegeheitene til å nytte eiga målform i det som heiter *alternativ og supplerande kommunikasjon* (vanlegvis forkorta til ASK) og kva det har å seie for brukarane sin identitet. ASK er blant anna teknisk basert kommunikasjon som personar med redusert eller manglande taleevne nyttar, vanlegvis ulike former for talemaskiner.

Det er fleire årsaker til at eg ynskte at masterarbeidet mitt skulle omhandle dette temaet. For det fyrste har eg sjølv vorte kjend med ein ASK-brukar som er avhengig av slike tekniske hjelpemiddel for å kunne uttrykkje seg. Eg hadde ingen kunnskapar om ASK frå tidlegare, og måtte difor lære meg korleis denne typen kommunikasjon fungerte for å kunne samtale med personen. For det andre har eg opplevd at det å ha kunnskapar om ASK kunne ha betydning for mi framtidige yrkesutøving som lærar. Det finst ikkje eksakte tal på kor mange born og unge som er avhengige av ASK, men styremedlem i International Society for Augmentative and Alternative Communication Norge, John Erik Næsheim, hevdar at minst 7500 norske born har behov for ei alternativ eller supplerande kommunikasjonsform (Vidje, 2017, s. 6). Talet representerer born i alderen 0-18 år, noko som vil seie at talet omfattar born i skulepliktig alder. Det er med andre ord behov for kunnskap og kompetanse kring ASK blant lærarar og anna pedagogisk personell i skule og utdanning.

Sist, men ikkje minst, erfarte eg at det tekniske kommunikasjonshjelpemiddelet ASK-brukaren eg vart kjend med nytta, var på bokmål, sjølv om brukaren hadde nynorsk som målform. Som komande norsklærar var dette noko som fanga merksemda mi, sidan det i skulesamanheng er fleire lovverk som framhevar elevane sin rett til å nytte eiga målform. Til dømes seier Opplæringslova (1998, § 2-5) at eiga målforma skal nyttast i skriftleg opplæring og arbeid. Kunnskapsløftet legg vekt på viktigheita av det språklege mangfaldet:

I Norge er norsk og samisk offisielle språk, og bokmål og nynorsk er likestilte skriftlige målformer. Vi bruker mange ulike dialekter og talemålsvarianter, men også andre språk enn norsk. Det språklige mangfoldet er en ressurs for utviklingen av barn og unges språkkompetanse. (Utdanningsdirektoratet, 2013)

I skulesamanheng er det såleis viktig at det språklege mangfaldet vert ivareteke og at elevane får mogelegheit til å uttrykkje seg på eiga målform og nytte eigen talemålsvariant. Eg opplevde det difor som problematisk at ein person som skreiv nynorsk, og som truleg ville ha snakka ein nynorsk talemålsvariant, hadde eit kommunikasjonshjelpemiddel med bokmål-innhald og som «snakka» ein bokmålbasert talemålsvariant. Med desse erfaringane oppstod det fleire spørsmål. Er tekniske kommunikasjonshjelpemiddel i det heile teke tilgjengelege på både nynorsk og bokmål? Og kva har bruk av eiga målform i kommunikasjon å seie for ASK-brukarane sin identitet?

Med desse spørsmåla i bakhovudet byrja eg å søkje etter tidligare forskning som omhandla ASK og målformer. Ved eit søk i Oria med søkjeordet *alternativ og supplerande kommunikasjon* fekk eg 120 treff (søk pr.13. november 2019). Det er eit relativt lite treff, noko som kan tyde på at det finst lite forskning på feltet. Mesteparten av treffa er forskning som har til formål å finne ut av kva god kommunikasjon med ASK-brukarar inneber (Holen, 2011; Kristensen, 2014). Ein finn også forskning som omhandlar alternativ og supplerande kommunikasjon knytt til bestemte funksjonsnedsettingar og sjukdommar (Næss, 2012; Mjøen, 2006). Ein skal vere forsiktig med å uttale seg skråsikkert, men basert på søket i Oria kan det sjå ut som at det finst lite eller inga forskning som omhandlar forholdet mellom målform og identitet i alternativ og supplerande kommunikasjon, og om ASK-brukarane får nytte eiga målform i kommunikasjon. Formålet med denne masteravhandlinga er difor å diskutere forholdet mellom målform og identitet i ein situasjon der borna er avhengige av alternativ og supplerande kommunikasjon.

## **1.2 Hypotese, avgrensing og forskingsspørsmål**

Med bakgrunn i det ovannemnde har eg kome fram til følgjande hypotese for masteravhandlinga:

*Nynorskbrukarar som er avhengige av augestyrt kommunikasjonshjelpemiddel, får ikkje nytte eiga målform i kommunikasjon. Dette får konsekvensar for identiteten deira.*

Formålet med undersøkinga er å finne ut om ASK-brukarar får mogelegheit til å nytte eiga målform i kommunikasjon uavhengig av kva målform dei har og eventuelt kva bruk av målform har å seie for brukarane sin identitet. Undersøkinga har eit komparativt perspektiv,

der eg ynskjer å samanlikne ein ASK-brukar med nynorsk målform med ein ASK-brukar som har bokmål som målform. Eg vil blant anna undersøkje om det er like språkvilkår for nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar i alternativ og supplerande kommunikasjon. Er det til dømes slik at det tekniske hjelpemiddelet berre er tilgjengelege på den eine målforma? Er det slik at bokmålsbrukarane har større mogelegheit for å ivareta sin språklege identitet enn nynorskbrukarane? For å kunne svare på hypotesen har eg utarbeidd forskingsspørsmål som skal fungere som rettleiingssørsmål:

- Kva for vilkår for bruk av nynorsk og bokmål gjev det tekniske kommunikasjonshjelpemiddelet Tobii?
- Kva mogelegheiter har brukarane av Tobii til å nytte eiga målform i kommunikasjon?
- Kva har mogelegheitene til å nytte eiga målform i kommunikasjonshjelpemiddelet å seie for ASK-brukarane sin identitet?

For å svare på hypotesen i oppgåva vil eg gjennomføre to intervju og to observasjonar. Intervjua vil vere med ASK-brukarane sine føresette medan observasjonane vil vere av ASK-brukarane. Det er fleire grunnar til at eg har valt å gjennomføre intervjua med brukarane sine føresette, men hovudgrunnen er at det vil vere svært tidkrevjande og utmattande for ASK-brukarane å gjennomføre eit heilt intervju ved hjelp av augestyring. Eg vil komme tilbake til dette i metodekapittelet. Eg ynskte i utgangspunktet å undersøkje forholdet mellom målformer og identitet i lys av ASK generelt, men etterkvart som eg sette meg inn i alle kommunikasjonsformene og kommunikasjonshjelpemidla som finst innanfor ASK, skjønnte eg raskt at oppgåva sitt omfang gjorde det umogeleg. Undersøkinga vil difor ta utgangspunkt i tekniske hjelpemiddel innanfor ASK, med særleg fokus på augestyrt talemaskiner.

### **1.3 Innføring i ASK**

Her i innleiinga gjev eg ei kort innføring i ASK og forklarar fagomgrepa som vil verte nytta vidare i oppgåva. I faglitteraturen finn ein fleire definisjonar av ASK-omgrepet. Alternativ og supplerande kommunikasjon, «augmentative and alternative communication», vert skildra som «ethvert kommunikasjonssystem som gjør det mulig for en person uten forståelig tale, å uttrykke seg» (Statlig pedagogisk tjeneste, 2018). Utdanningsdirektoratet definerer omgrepet som «Å kommunisere på andre måter enn tale. Personar med behov for ASK er barn, unge og

voksne som må bruke andre uttrykksformer enn tale i direkte kommunikasjon med andre» (Utdanningsdirektoratet, 2016a). Begge definisjonane påpeikar at ASK er andre måtar å uttrykkje seg på enn tale, medan Utdanningsdirektoratet også framhevar brukarane av ASK i sin definisjon. Karlsen (2016) og Tetzchner og Martinsen (2002) vel å dele opp omgrepet og grunnar det med at alternativ og supplerande kommunikasjon har to brukargrupper: menneske med nedsette taleevner og menneske med inga taleevne. Dei to omgrepa vert forklara slik:

Alternativ kommunikasjon vil si at personen har en annen måte å kommunisere på ansikt til ansikt enn tale. For eksempel er manuelle, grafiske eller materielle tegn, morse og skrift alternative måter å kommunisere på når taleevnen mangler.

Supplerende kommunikasjon betyr støtte- eller hjelpekommunikasjon. At kommunikasjonen er supplerende, understreker at opplæringen i alternative kommunikasjonsformer har en dobbelt målsetting: å fremme og støtte personens tale, og å sikre ein alternativ kommunikasjonsform hvis personen ikke utvikler evnen til å snakke. (Tetzchner & Martinsen, 2002, s. 7)

Med utgangspunkt i denne definisjonen kan ASK både vere eit supplement til tale og ei erstatning for tale. ASK-omgrepet er eit komplekst omgrep som vert nytta ulikt i faglitteraturen. Omgrepet vert definert og delt opp på ulike måtar, og dei ulike definisjonane vektlegg forskjellige sider ved denne typen kommunikasjon. Sjølv om omgrepet vert nytta på ulike måtar, vektlegg alle definisjonane at ASK er andre måtar å kommunisere på enn vanleg tale. I følge Karlsen (2016, s. 148) er det «kommunikativ autonomi» som er hovudmålet med ASK. Det vil seie at ASK-brukaren kan uttrykkje eigne ynske og seie si eiga meining til ei kvar tid, utan å måtte vere avhengig av andre.

### *1.3.1 Talemaskina Tobii Dynavox*

Tekniske kommunikasjonshjelpemiddel kan styrast på forskjellige måtar, til dømes gjennom berøring, ved brytarar eller ved augestyring. ASK-brukarane i mi undersøking nyttar det som heiter Tobii I-series talemaskiner, dei vert produserte av Tobii Dynavox AS.<sup>1</sup> Denne produktserien er utvikla og designa spesielt for personar med sjukdomstilstandar som cerebral parese, ALS, Retts syndrom eller ryggmargsskadar. Tobii-talemaskinene ser ut som ein dataskjerm (sjå vedlegg 1, bilete A) og kan nyttast i mange ulike situasjonar, då ein blant anna har moglegheit til å feste talemaskina til ein rullestol. Tobii I-series er produsert hovudsakleg med augestyring, men talemaskinene er også tilgjengelege med styring gjennom brytarar eller berøring (Tobii Dynavox, 2019a). ASK-brukarane i denne undersøkinga nyttar augestyring.

---

<sup>1</sup> Av augestyrt kommunikasjonshjelpemiddel er det Tobii- og Rolltalk-maskiner som er mest nytta.

På Tobii er der plassert eit kamera med infraraude lyslampar og ein biletebehandlingsprosessor som fangar opp kor brukaren rettar blikket (Tobii Dynavox, 2019b). Augestyringa fungerer slik at augesporaren sender ut eit infraraudt lys som vert reflektert i auga til brukaren. Refleksjonane vert deretter fanga opp av eit kamera, og gjennom bileteprosessering finn augesporaren ut kor brukaren ser. Når brukaren har funne symbolet eller bokstaven som hen ynskjer å kommunisere, kan hen aktivere valet gjennom eit «klikk». Det er tre ulike måtar ein kan klikke på (Tobii Dynavox, 2019b). Ein kan klikke gjennom blinking, fokusering eller ved hjelp av ein brytar. Her er brukarane sine ferdigheiter og evner avgjerande for kva måte dei kan og vil klikke på. Brukarane i denne undersøkinga nyttar fokusering når dei skal aktivere sine val. Dei fokuserer auga på eit spesifikt område i ei viss tid (nokre millisekund), og deretter vert eit museklikk aktivert.

Tobii Dynavox sine talemaskiner kjem med ferdiginstallerte kommunikasjonsløyningar. Dei to eg har observert, er Snap Core First og Communicator, der ein kan velje mellom å nytte symbol eller tastatur for å uttrykkje seg (sjå vedlegg 1, bilete B og C). Dei to programma gjer om symbol og tekst til klar tale ved hjelp av talesyntese. I Snap Core First kan ASK-brukarane velje mellom 23 000 symbol og setje dei saman til setningar som vert lesne opp (Tobii Dynavox, 2019c). For brukarar som har utvikla skriveferdigheiter, er der også eit tastatur der dei kan skrive ord og setningar som vert lesne opp av talesyntesen. Communicator gjev i tillegg tilgang til Windows, e-post, tekstmeldingar, telefon og einingar for omgjevnadskontroll (Tobii Dynavox, 2019d).<sup>2</sup>

### *1.3.2 Talesyntese-funksjonen*

Ein skil som regel mellom to hovudområde av taleteknologi: taleattkjenning og talesyntese. Taleattkjenning vil seie å gjere om tale til tekst. For brukarane eg har observert er talesyntese meir aktuelt. Den omdannar skriven tekst til tale, slik at det vert mogeleg å få den lesen opp (Leirvåg, 2016, s. 19). Veldig forenkla kan ein seie at talesyntese er lydlig attgjeving av ord. I tidlegare produksjon av talesyntesar var det vanleg å lage fullstendig syntetiske stemmer, der alle fonema vart produserte ved å kombinere lyd-frekvensane for kvar enkelt lyd («Talesyntese», 2019). Det vil seie at kvar enkelt fonem vart lese inn med sin særeigne,

---

<sup>2</sup> Eg ynskjer ikkje å gå nærmare inn på eigenskapane ved dei ulike kommunikasjonsløyningane, då dei spesifikke teknologiske eigenskapane ikkje er avgjerande for å svare på hypotesen. Likevel er det naudsynt å påpeike at begge kommunikasjonsløyningane er utvikla slik at brukarane kan nytte både tekst og symbol i sin kommunikasjon, og at Tobii er utvikla med ein talesyntese slik at tekst og symbol vert gjort om til tale.

uforanderlege tone. Det resulterte i at stemmene fekk ein «robotaktig» klang og høyrdes syntetiske ut samanlikna med naturleg tale. I seinare tid har det vorte meir vanleg å produsere difongbaserte talesyntesar. Her tar ein med overgangane mellom dei enkelte fonema («Talesyntese», 2019). Det har ført til at stemmene som vert produsert høyrst mykje meir naturlege ut samanlikna med fonembaserte talesyntesar.

I Noreg har vi i dag 14 ulike tekst-til-tale-system.<sup>3</sup> Alle desse talesyntesane tilbyr ulike stemmer. Til dømes er Acapela Kari ei kvinnestemme, medan Acapela Emilie er ei jentestemme. Det var fyrst i 2012 barnestemmer kom på marknaden («Talesyntese», 2019). Heilt fram til 2012 måtte altså unge ASK-brukarar nytte vaksenstemmer i sin «munnlege» kommunikasjon. Av alle talesyntesane som er tilgjengelege for norske tekst-til-tale system, er det berre to stemmer som er på nynorsk: Lingit Inger og Lingit Isak. Ingen av desse stemmene er tilgjengelege i Tobii, og ASK-brukarane i mi undersøking kan dermed ikkje nytte dei. Brukarane nyttar bokmålsstemmene som heiter Acapela Elias og Acapela Emilie som er utvikla og produsert av Acapela Group. Eg vil komme tilbake til desse stemmene i drøftingsdelen av oppgåva.

#### **1.4 Oppbygging av oppgåva**

Oppgåva inneheld seks kapittel med tilhøyrande underkapittel. I kapittel 2 vil eg presentere det teoretiske grunnlaget som dannar rammene for denne oppgåva. Eg vil gje eit kort riss av kva kommunikasjon er og presentere ulike kommunikasjonsmodellar. Kommunikasjon omfattar også ASK, og i delkapittel 2.2 vil eg presentere ulike kommunikasjonsformer og kommunikasjonsmiddel for menneske som har kommunikasjonsvanskar og er avhengige av ASK. I delkapittel 2.3 vil eg gjere greie for forholdet mellom dei to offisielle norske målformene og korleis ein forstår omgrepet talemålsvariant. Vidare vil eg sjå nærmare på særigne trekk ved talespråket og korleis forholdet mellom skrift og tale er i det norske språket. Deretter vil eg sjå nærmare på identitet og språk, og gjere greie for ulike sider ved mennesket sin identitet, før eg avsluttar med å sjå korleis identitetsomgrepet er knytt til dei to målformene.

---

<sup>3</sup> Acapela Bente, Acapela Elias, Acapela Emilie, Acapela Kari, Acapela Olav, IVONA Liv, LingSpeak Arne, Lingit Isak, Lingit Inger, NLB Brage, Nuance Stine, Loquendo Henrik, Loquendo Vilde og eSpeak («Talesyntese», 2019).

I kapittel 3 vil eg presentere det metodiske grunnlaget for studien. Fyrst vil eg gjere greie for val av metode, før eg går nærmare inn på korleis datainnsamlinga har vorte gjennomført. Vidare vil eg gjere greie for dataanalysen og grunngje kvifor eg har teke dei analysevala eg har gjort. Eg vil også skildre utvalet av informantar som har delteke i studien, og grunngje kvifor eg har teke dei vala eg har gjort når det gjeld informantar. I delkapittel 3.5 vil eg ta føre meg korleis eg har kvalitetssikra oppgåva gjennom problemstillingar knytt til reliabilitet, validitet og generalisering. Vidare vil eg diskutere etiske problemstillingar og forskningsetiske spørsmål som har vore ein del av forskingsprosessen. Avslutningsvis vil eg drøfte min eigen ståstad til dei etiske omsyna som har vorte gjennomført i arbeidet med studien.

I kapittel 4 vil resultatata for undersøkinga verte presentert. Kapittelet startar med skildringar av observasjonane som vart gjennomført i datainnsamlingsprosessen. Gjennom arbeidet har eg identifisert tre analytiske kategoriar: ASK, målform og identitet. I underkapitla 4.2, 4.3 og 4.4 vil eg gjere greie for funn knytt til desse hovudkategoriane. Gjennom heile kapittelet vil eg nytte utdrag frå intervjua for å synleggjere dei resultatata eg presenterer.

I kapittel 5 vil funna frå kapittel 4 verte drøfta i lys av teori. Her vil eg diskutere ulike aspekt ved kategoriane ASK, målformer og identitet opp mot dei teoretiske perspektiva som vart presentert i kapittel 2. Underkapittel 5.1 vil ta for seg aspekt som omhandlar dei generelle rammene Tobii set for kommunikasjon, medan underkapittel 5.2 vil ta for seg ulike aspekt som omhandlar dei verbalspråklege rammene Tobii set for kommunikasjon. Vidare vil eg i underkapittel 5.3 drøfte dei funna som omhandlar ASK-brukarar og identitet. Avslutningsvis i kapittelet vil eg presentere konklusjonen på hypotesen.

I kapittel 6 vil eg gjere greie for dei avgrensingane som har vorte gjort i arbeidsprosessen med å utvikle studien. Vidare vil eg løfte fram nokre tankar eg har gjort meg undervegs om kva som kunne vore interessant å sjå nærmare på, både når det gjeld denne masteroppgåva òg i ASK-forsking generelt. Heilt til slutt vil eg diskutere dei personlege, praktiske og samfunnsmessige måla for studien.

## 2 Teori

I dette kapittelet vil eg presentere teoretiske perspektiv som dannar rammene for masterarbeidet. Rammeverket tek utgangspunkt i både empiriske og teoretiske tekstar. Stikkorda er kommunikasjon og kommunikasjonsvanskar og ASK, målformer og identitet.

### 2.1 Kommunikasjon

For å kunne svare på hypotesen må ein ha forståing av kva ASK er og korleis den fungerer. Denne typen kommunikasjon er alternativ og supplerande til «vanleg» kommunikasjon. Det må påpeikast at kommunikasjon er eit komplekst omgrep, og at kommunikasjonsprosessar vert definert og forstått ulikt i dei forskjellige teoretiske paradigma. Eg vil difor gjere greie for eit utval av forståingane av kommunikasjon og presentere ulike kommunikasjonsprosessar som er relevante for oppgåva.

#### 2.1.1 Kommunikasjon som omgrep

Kommunikasjon kjem frå det latinske verbet «communicare» som tyder å gjere felles (Haugstvedt & Stordal, 1994, s. 13). I dagens samfunn vert omgrepet «kommunikasjon» nytta i ulike samanhengar, både når det kjem til infrastruktur, transport, telekommunikasjon og kommunikasjon mellom menneske (Kolstrup, Agger, Jauert & Schröder, 2009, s. 249), men kommunikasjon har alltid vore eit grunnvilkår for menneskelege samfunn sin eksistens.


Kolstrup et al. (2009, s. 249) forklarar at sjølv i vitskapleg kontekst er omgrepet «kommunikasjon» eit omgrep med mange tydingar. Korleis omgrepet vert nytta er heilt avhengig av kva aspekt ein ynskjer å fokusere på: om det er bodskap, medium, aktør, funksjon eller kontekst. Den amerikanske kommunikasjonsforskarer Frank Dance skilja på det meste mellom femten ulike definisjonar på omgrepet «kommunikasjon», og konkluderte difor med at vi ynskjer at omgrepet skal løyse altfor mange oppgåver for oss og at det vert lagt altfor mange tydingar og bruksmåtar til omgrepet. Eit anna døme på kompleksiteten i omgrepet vert tydeleg når den amerikanske kommunikasjonsforskarer Em Griffin (Kolstrup et al., 2009, s. 250) gjer greie for kategoriane ein kan plassere kommunikasjonsforskning i. Ho skil mellom sju forskjellige tradisjonar og hevdar ein kan plassere kommunikasjonsforskning i sosial-psykologisk tradisjon, kybernetisk tradisjon, retorisk tradisjon, semiotisk tradisjon, sosiokulturell tradisjon, kritisk tradisjon og fenomenologisk tradisjon.



### 2.1.2 Kommunikasjonsmodellar

Som vist ovanfor er omgrepet «kommunikasjon» eit komplekst omgrep som vert nytta på ulike måtar og i ulike samanhengar. Det er også tilfellet når det kjem til kommunikasjonsmodellar. Kolstrup et al. (2009, s. 251) hevdar at det sidan slutten av 1940-åra har vorte laga så mange kommunikasjonsmodellar at det innanfor kommunikasjonsforskinga finst eigne lærebøker som berre består av presentasjonar og forklaringar av modellar. Det som kjenneteiknar kommunikasjonsmodellar er at dei viser korleis kommunikasjonsprosessen føregår og kva aktørar som deltek i prosessen. Kommunikasjonsmodellane byggjer i stor grad på dei same grunntankane, men dei har gjerne ulike fokus. Ein skil vanlegvis mellom to ulike typar av kommunikasjonsmodellar: dei lineære modellane og dei sirkulære modellane.


Dei lineære kommunikasjonsmodellane, som vart skildra i samfunnsfagforskinga frå 1940-talet, byggjer på ein instrumentalistisk tankegang. Det som kjenneteiknar dei lineære kommunikasjonsmodellane er at dei er avsendar- og effektorienterte og at dei oppfatar kommunikasjonsprosessane som ei lineær rekkje av sekvensar (Kolstrup et al., 2009, s. 252). Dei lineære modellane har fokus på avsendaren, noko som fører til at dei lineære modellane ofte består av mange piler frå avsendaren mot mottakaren. Ein kjend lineær kommunikasjonsmodell er Harold D. Lasswell sin kanyleteori (Kolstrup et al., 2009, s. 252). Modellen er ikkje grafisk utforma men består av ord med spørsmåla «Kven? Seier kva? I kva kanal? Til kven? Med kva effekt?». Dette var ein av dei fyrste lineære kommunikasjonsmodellane som vart produsert og som seinare vart svært kjend. Ein annan kjend modell er Shannon og Warren sin «The Mathematical Theory of Communication» (Kolstrup et al., 2009, s. 251):



Figur 1: Lineær kommunikasjonsmodell

Samanlikna med Lasswell sin modell har både avsendar og mottakarrolla fått ei meir kompleks rolle i Shannon og Weavers sin modell. Den grafisk framstilte modellen har også ein ny dimensjon, støy. Sjølv om modellane er ulike i utforming og fokus, rommar dei ei felles forståing av kommunikasjon som ein stadig lineær prosess. Dei lineære modellane har opp gjennom tida fått kritikk for å oppfatte mottakaren som ein passiv instans og for å ha manglande fokus på kontekst (Kolstrup et al., 2009, s. 253). Trass i kritikken lever desse modellane i beste velgåande den dag i dag, truleg fordi dei appellerer til mange menneske si spontane forståing av korleis kommunikasjon føregår.


Den andre typen av kommunikasjonsmodellar er dei sirkulære modellane. Utviklinga av dei kom seinare og er kjenneteikna ved at dei i større grad oppfattar mottakaren som ein aktiv instans. I dei sirkulære kommunikasjonsmodellane vert kommunikasjon forstått som ein dynamisk prosess som føregår over tid og er knytt til ein eller fleire kontekstar (Kolstrup et al., 2009, s. 253). Ein av dei fyrste sirkulære modellane vart produsert av Schramm og Osgood (i Kolstrup et al., 2009, s. 252):



*Figur 2: Sirkulær kommunikasjonsmodell*

Modellen tek utgangspunkt i Shannon og Weavers sin terminologi, men går eit steg vidare frå dei lineære modellane ved at dei innfører ein psykologisk kontekst både for avsendar og mottakar og at kommunikasjonsprosessen vert forstått som interaksjon (Kolstrup et al., 2009, s. 253). Sjølv om eg her har valt å skilje mellom dei lineære og dei sirkulære kommunikasjonsmodellane, finst der mange fleire modellar i kommunikasjonsforskinga. Kolstrup et al. (2009, s. 253) påpeikar at kommunikasjonsforskinga rommar eit spekter av meir spesifikke modellar, som gjerne tek utgangspunkt i meir omfattande kommunikasjonsprosessar.

Lineære modellar har gjerne eit monologisk perspektiv på kommunikasjon. Kommunikasjon vert sett på som ein lineær prosess beståande av ein intensjon hjå ein sendar, ein bodskap, og ein mottakar som tolka intensjonen i bodskapen (Lorentzen, 2013). Rommetveit (1972, s. 32) framstiller den monologiske modellen slik:



*Figur 3: Grunntrekk i kommunikasjonshandlinga*

Monologisk kommunikasjon vert såleis forstått som ein lineær prosess der ein sendar har ein intensjon om å gjere ein bodskap kjend for ein mottakar. Middelet som vert nytta er eit «medium» som både avsendaren og mottakaren må beherske for at kommunikasjonen skal verte fullstendig utan støy og misforståingar. Eit døme på eit slik «medium» er talespråket. I kommunikasjonsprosessen treng ein fyrst ein bodskap å formidle og eit ynskje om å formidle bodskapen. For det andre treng ein ferdigheiter som gjer det mogeleg å formidle bodskapen og ein treng ein mottakar å formidle bodskapen til. Vidare stiller prosessen også krav til den enkelte avsendar og mottakar. Ein føresetnad for god kommunikasjon er at avsendaren er tydeleg i avleveringa av koden og at mottakaren raskt kan ta imot bodskapen og knekke avsendaren sin kode. Ein kan difor seie at i dei tradisjonelle monologiske avsendar-mottakarmodellane vert informasjon og bodskap forstått som noko konkret og avgrensa. Ein forstår kommunikasjon som at avsendaren set inne med ein bodskap som er mottakaren si oppgåve å oppfatte og tolke. Dersom avsendaren ikkje klarar å sende bodskapen eller at mottakaren ikkje maktar å tolke den vil det oppstå kommunikasjonsproblem (Lorentzen, 2013).

Sirkulære modellar påpeikar at kommunikasjon er dialogisk. Kommunikasjon er eit så altomfattande og gjennomgripande fenomen i mennesket sitt liv at ein ikkje kan betrakte kommunikasjon som noko så enkelt som ein sendar, ein bodskap og ein mottakar (Lorentzen 1998, s. 137). Dysthe (1996, s. 99) hevdar at ein bør sjå på kommunikasjon som eit dialogisk samspel. I det dialogiske perspektivet spelar relasjonar, kontekst, erfaringar og kroppsspråk ei viktig rolle (Vygotskij, Roster, Bielenberg & Kozulin, 2001, s. 207). Meininga kjem fram undervegs i kommunikasjonen mellom individa fordi ein lever både gjennom eige språk og

ord, men også gjennom andre menneske sitt språk og ord. Det er gjennom andre menneske prosessen med å realisere seg sjølv startar. Samtalane og dialogane i kommunikasjonen vert såleis forstått som ein arena der det kontinuerlig føregår ein drakamp mellom egne ord og andre sine ord (Lorentzen & Vestberg, 2007). I motsetnad til det monologiske perspektivet på kommunikasjon vert forskjellen mellom avsendar og mottakar viska ut i det dialogiske perspektivet (Lorentzen & Vestberg, 2007; Eide & Eide, 2007). Avsendar vert mottakar og mottakar vert avsendar. Både sendaren og mottakaren finn seg i ei verd som er full av meiningar, og det er med utgangspunkt i allereie delte meiningar vi kan kommunisere. Utan tidlegare meiningar ville ikkje kommunikasjon ved hjelp av ord vore mogeleg.

### *2.1.3 Totalkommunikasjon*

Teoretikaren Gregory Bateson (1972) har presentert teorien om totalkommunikasjon. Når Bateson nyttar omgrepet kommunikasjon er det breitt definert og ein finn ulike innfallsvinklar knytt til omgrepet. Teorien er ikkje ei motkraft til verken det monologiske eller det dialogiske perspektivet, men den tilbyr snarare eit grunnleggjande kommunikasjonsperspektiv på verda. I ei verd av kommunikasjon er dei einaste relevante storleikane budskap, delar av budskapen, forhold mellom budskap og manglande budskap m.m. (Bateson, 1972, s. 250). Budskap er ikkje objektive storleikar, men dei trer derimot i kraft når mennesket både oppfattar, opplever og erfarer. Persepsjon er difor ikkje ei automatisk avbilding av ei objektiv røynd, men ei tolking som vert gjort av eit fortolkande og meiningsskapande menneske. Verda vert til av den som observerer og det er ingen menneske som har direkte tilgang til den fysiske, objektive verda. Bateson (1972) påpeikar difor at det å oppfatte vert det same som å tolke og at kommunikasjon difor består av to måtar å uttrykkje seg på; verbal og ikkje-verbal kommunikasjon.

Den verbale, eller språklege, budskapen omhandlar hovudsakleg innhaldet medan det ikkje-verbale har med relasjonar å gjere. I følge Bateson (1972, s. 250) er eit av kjenneteikna på god kommunikasjon at det er samsvar mellom det verbale og det ikkje-verbale språket. Totalkommunikasjon vil seie det å ha evna til å forstå og gjere seg forstått ved hjelp av ulike middel. Totalkommunikasjon tilbyr eit breitt syn på kommunikasjon fordi det omhandlar både gestar, kroppsspråk, ansiktsuttrykk m.m. Kommunikasjonsomgrepet omfattar alle samhandlingar med andre menneske fordi alt er kommunikasjon. Med ei brei tilnærming til kommunikasjon vil ein vere meir open for kommunikasjonspartnarane sine tankar, ynske, følelsar og behov. Dersom ein ikkje nyttar ei brei tilnærming til kommunikasjon vil ein stå i

fare for å gå glipp av viktige signal som til dømes menneske med funksjonsnedsettingar formidlar. Lorentzen (2013, s. 179) støttar opp om Bateson sin teori når han hevdar at mennesket er eit kommuniserande vesen og at det er viktig at alle vert sett på som språkbrukarar, uansett kva kommunikasjonsform ein nyttar.

## **2.2 Kommunikasjonsvanskar**

For nokre menneske går ikkje kommunikasjonsutviklinga som forventa, og ein seier gjerne at desse personane har «kommunikasjonsvanskar». Kommunikasjonsvanskar vert av American Speech-Language-Hearing Association (ASHA) definert som «Impairment in the ability to receive, send, process, and comprehend concepts or verbal, nonverbal and graphic symbol systems» (1993).

Kommunikasjonsvanskar kjem ofte til syne i kommunikasjonsprosessar der hørsel eller tale er naudsynt for å kunne formidle ein bodskap. Dei kan variere i alvorsgrad, alt frå mindre vanskar til alvorlege og komplekse hindringar. I ASHA (1993) sin definisjon kjem det fram at kommunikasjonsvanskar kan vere primære, men at dei også kan vere sekundære. At kommunikasjonsvanskane er primære vil seie at kommunikasjonsvanskane er den einaste utfordringa til personen, medan sekundære kommunikasjonsvanskar vil seie at vanskane kjem i tillegg til andre utfordringar. Sekundære kommunikasjonsvanskar kan vere knytt til andre vanskar som til dømes cerebral parese eller autisme. Uansett årsaksforhold, kan alternativ og supplerande kommunikasjon vere ei eigna kommunikasjonsform for menneske med kommunikasjonsvanskar. Eg skal i neste delkapittel gjere greie for kva kommunikasjonsformer og kommunikasjonshjelpemiddel som finst for personar som er avhengige av ASK.

### *2.2.1 Kommunikasjonsformer i ASK*

For å kunne uttrykkje eigne behov og meiningar er ASK-brukarane avhengige av andre kommunikasjonsformer enn dei som dei fleste av oss normalt nyttar. Innanfor ASK skil ein mellom hjelpt og ikkje-hjelpt kommunikasjon. Hjelpt kommunikasjon vil seie alle kommunikasjonsformer der dei språklege uttrykka førekjem i ei fysisk form utanfor brukaren. Den som kommuniserer er avhengig av at ein annan person set saman og tolkar det som vert kommunisert.

Ikkje-hjelpt kommunikasjon inneber at brukaren sjølv lagar språkuttrykka, noko som vil seie at det er brukaren som i heilskap formulerer det som vert kommunisert (Tetzchner & Martinsen, 2002, s. 8). Her finn ein kommunikasjonsformer som teiknspråk, taktile eller visuelle gestar og haptiske signal. Taktile gestar vil seie hand- og/eller arm-bevegelsar med berøring, medan visuelle gestar er hand- og/eller arm-bevegelsar utan berøring. Ein skil også mellom taktilt og visuelt teiknspråk der det visuelle teiknspråket er slik vi til vanleg kjenner offisielt teiknspråk, medan taktilt teiknspråk vil seie å kommunisere gjennom berøring. Teiknstøtte er også ei form for ikkje-hjelpt kommunikasjon. Det vil seie at talespråket vert supplert med handteikn. Teiknstøtte er ei vanleg kommunikasjonsform blant personar som har nedsett taleevne. Dei haptiske signala utgjer tilleggsopplysningar som vert gjeve samstundes med ein annan type kommunikasjon som til dømes tale, teiknspråk eller konkretar. Haptisk vert forklara som «oppfattelsen av gjenstander gjennom fysisk kontakt- berøring, beføling og håndtering» («Haptisk», 2018). Haptiske signal er eit taktilt teikn- eller berøringssystem der ein nyttar rygg, kne, fot, arm eller skulder som artikulasjonsstad (Utdanningsdirektoratet, 2016b).

### *2.2.2 Kommunikasjonsformer i hjelpt kommunikasjon*

Hjelpt kommunikasjon inneber at det kommunikative uttrykket ligg i gjenstandar utanfor brukaren, som teikningar, fotografi, grafiske symbol, ordbilete og digitale kommunikasjonsmiddel (Utdanningsdirektoratet, 2016b). Slike gjenstandar fungerer som symbol som er utforma slik at dei kan kjennast att. Desse gjenstandane er ofte i plast eller tre og vert nytta av personar med synshemmingar. Personen nyttar gjenstandane til å formulere det kommunikative uttrykket. Digitale eller tekniske kommunikasjonshjelpemiddel kan til dømes vere stemmeboksar eller talemaskiner som brukaren styrer til å «snakke» for seg. Sjølv om ein vel å skilje mellom ikkje-hjelpt og hjelpt kommunikasjon, er det ikkje slik at ASK-brukarane nødvendigvis berre nyttar éi kommunikasjonsform. Kommunikasjonen kan involvere fleire kommunikasjonsformer samstundes, men ein ASK-brukar har vanlegvis ei hovudkommunikasjonsform som vert støtta av andre typar kommunikasjonsformer etter kva situasjon brukaren er i. Næss (2015, s. 29) påpeikar at val av kommunikasjonshjelpemiddel er «avhengig av kva kommunikasjonsferdigheter personen har, og av personens forventede utvikling og mobilitet, kommunikasjonsituasjonen samt motoriske og perseptuelle forhold, inkludert styringsmulighet overfor direkte valg og scanning».

Når Utdanningsdirektoratet (2016c) gjer greie for kva kommunikasjonshjelpemiddel ASK-brukarane kan nytte seg av, vel dei å skilje mellom papirbaserte hjelpemiddel og hjelpemiddel med stemme. Næss (2015) og Karlsen (2016) vel derimot å skilje mellom high-tech og low-tech hjelpemiddel, medan Tetzchner og Martinsen (2002) på si side nyttar omgrepa «tradisjonelle» og «nyare» kommunikasjonshjelpemiddel. Sjølv om kommunikasjonshjelpemidla vert delt inn på forskjellige måtar, så rommar dei ulike inndelingane dei same hjelpemidla. Eg vil nytte Tetzchner og Martinsen (2002) sine omgrep vidare i oppgåva, fordi deira inndeling også rommar dei andre inndelingane av kommunikasjonshjelpemiddel.

Det som vert omtala som tradisjonelle kommunikasjonshjelpemiddel er manuelle og låg-teknologiske hjelpemiddel. Dei er ofte papirbaserte. Dei tradisjonelle hjelpemidla kan til dømes vere tavler eller brett med bokstavar, ord, grafiske teikn eller bilete (Tetzchner & Martinsen, 2002, s. 37). Peiketavle, snakkebok eller ord-nøkkering er også døme på tradisjonelle kommunikasjonshjelpemiddel. Dei er gjerne utforma ved hjelp av bokstavar, grafiske teikn eller ordbilete som ASK-brukaren anten ser på, peikar på eller set saman til setningar for å uttrykkje seg. Denne typen kommunikasjonshjelpemiddel er mykje nytta og utfyller viktige funksjonar for mange ASK-brukarar. Tetzchner & Martinsen (2002, s. 38) påpeikar at desse hjelpemidla har ein del svakheiter, sjølv om dei utfyller viktige funksjonar. Det å nytte bokstavgavle kan vere tidkrevjande dersom samtalepartnaren ikkje gjettar riktig ord eller setning før brukaren har stava ferdig. For det andre kan det ta fleire minutt å peike ut alle bokstavane i eitt ord. I tillegg kan det vere vanskeleg for samtalepartnarane å halde merksemda på det brukaren gjer over lengre tid. I vanleg samtale flyttar gjerne samtalepartnaren blikket rundt i rommet utan at dette har negativ innverknad på deira oppfatning av kva som vert sagt. I ei samtale med ein ASK-brukar som nyttar tradisjonelle hjelpemiddel kan derimot ein liten distraksjon føre til dårleg gjetting, frustrasjon og at det som vert sagt ikkje vert forstått.

Dei siste tiåra har den teknologiske utviklinga skote fart, og det har også hatt innverknad på utviklinga av kommunikasjonshjelpemiddel. Dei nyare kommunikasjonshjelpemidla er baserte på datateknologi og vert kalla for tekniske eller digitale kommunikasjonshjelpemiddel. Døme på tekniske hjelpemiddel er taleboksar og talemaskiner (Utdanningsdirektoratet, 2016c). Taleboks er eit døme på kommunikasjonshjelpemiddel med stemme. Ein av fordelane med taleboksar er at dei er lette å nytte, fordi det berre er éin brytar brukaren må styre. Dei

vert ofte nytta til å uttrykkje korte utsegn, og dei gjev brukaren mogelegheit til å ha ei sosial rolle i avgrensa situasjonar som til dømes i gruppesamtalar eller i leik. Det som derimot er ein svakheit med taleboksar er at det berre kan lesast inn eitt eller nokre få utsegn, og utsegna må takast vekk når noko nytt skal leggjast til. Taleboksar har med andre ord eit svært avgrensa ordforråd, og vert difor vanlegvis nytta som eit supplement til andre kommunikasjonsformer.

Talemaskiner er også eit hjelpemiddel med stemme, men samanlikna med taleboksar er dei i mykje større grad teknologisk avanserte. Talemaskina er ofte utforma som ei slags datamaskin som brukaren kan ha med seg, til dømes ved at den er festa på rullestolen. Tetzchner og Martinsen (2002, s. 41) hevdar at fordelene med talemaskiner er at dei kan nyttast til mange ulike aktiviteter. I tillegg gjev dei lettare tilgang til store ordforråd enn dei tradisjonelle hjelpemiddela. Utdanningsdirektoratet (2016c) framhevar også viktigheita av brukaren sine skriveferdigheiter i bruk av talemaskiner. Dersom brukaren kan skrive, vil hen kunne uttrykkje seg så fritt som skriveferdigheitene tillét. Sjølv om skriveferdigheiter gjev brukaren større mogelegheiter til å uttrykkje seg, vil dei fleste brukarane kunne uttrykkje seg godt fordi talemaskiner opnar opp for fleire måtar å uttrykkje seg på. Brukaren kan til dømes uttrykkje seg gjennom grafiske symbol og ferdigskriven tekst i tillegg til å skrive sjølv. Talemaskinene vert styrt ved hjelp av peiking. Peikinga kan skje ved hjelp av ein finger, ein fot, ein hovudpinne, ein lysstråle eller ved hjelp av auga (Tetzchner & Martinsen, 2002, s. 36). Korleis ASK-brukaren styrer talemaskina er med andre ord heilt avhengig av kva funksjonsnedsettingar hen har.

Sjølv om ein skil mellom tradisjonelle og nyare kommunikasjonshjelpemiddel, påpeikar Tetzchner og Martinsen (2002, s. 36) at alle hjelpemiddel vert styrt gjennom direkte val og automatisk eller dirigert skanning. Direkte val vil seie at brukaren peikar direkte på eller tek på det grafiske eller materielle teiknet hen vil formidle, eller trykker ned ein tast på eit tastatur eller eit felt på ei styreplate (Tetzchner & Martinsen, 2002, s. 36). Det at hjelpemidla kan verte styrt gjennom automatisk skanning vil seie at det er eit lys, ei pil eller liknande som bevegar seg gjennom eit sett av grafiske eller materielle teikn og at brukaren aktiverer ein eller anna form for brytar når lyset eller pila er på det riktige teiknet. Dirigert skanning vil seie at brukaren kan aktivere to eller fleire brytarar. Ein av bryterane vert nytta til å flytte pila eller lyset rundt på tavla, medan ein eigen brytar vert nytta til å angje val.



Den dirigerte og automatiske skanninga kan vere enkel eller samansett (Tetzchner & Martinsen, 2002, s. 36). Den enkle skanninga føregår ved at alle teikna på tavla skannast etter tur, medan den samansette skanninga inneber at kvar dimensjon vert skanna kvar for seg. Det er forskjellige måtar å organisere skanninga på, men den samansette skanninga kan til dømes skje med at brukaren fyrst vel ei rekkje eller ei rad og deretter vel kva teikn i rekkja hen vil uttrykkje. Dersom brukaren har eit stort ordforråd, er den enkle skanninga tidkrevjande, og samansett skanning kan difor vere hensiktsmessig å nytte fordi det er ein raskare og meir effektiv metode.

Det må presiserast at det finst eit breitt spekter av kommunikasjonsmiddel og kommunikasjonsformer innanfor ASK, og at dei ovannemnde har vorte valt ut for å vise korleis menneske kan kommunisere når dei har avgrensa eller fråverande taleevne. Det er likevel viktig å påpeike at ASK-brukarar utgjer ei samansett gruppe, som består av svært ulike personar med ulike føresetnadar for å kunne kommunisere.

### **2.3 Målformer i norsk språk**

Eit fenomen som står sentralt i skildringa av Noreg som språksamfunn er den doble språklege identiteten som har vore rådande i over hundre år. Heilt sidan jamstillingsvedtaket vart innført i 1885 har den norske språksituasjonen vore kjenneteikna ved at vi har to offisielle og likestilte skriftspråk; nynorsk og bokmål. Mæhlum (2007, s. 197) påpeikar at bokmål vert forbunde med det overregionale og geografisk nøytrale, medan nynorsk ofte vert sett på som eit meir lokalt skriftspråk. Bokmål vert ofte assosiert med det moderne, urbane og sentrumsnære, medan nynorsk vert assosiert med det tradisjonelle, lokale og avstikkande skriftspråket som er å finne i distrikta. Ein konsekvens er at nynorsk ikkje vert betrakta som eit skriftspråk som har relevans for heile nasjonen - men berre innanfor visse geografiske territorium. Det nynorske kjerneområdet er lokalisert på Vestlandet, frå Møre og Romsdal til Rogaland. I tillegg finn ein fleire nynorskkommunar i Oppland, Buskerud, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder (Teigen, 2001; Grepstad, 2005). Dei nynorske kjerneområda har endra seg kontinuerlig gjennom tidene. Trass i at nynorsken har tapt terreng i meir sentrale strøk, har den i større grad oppretthaldt sin posisjon i utkantområda. Ein kan difor seie at nynorsk generelt sett står sterkt i utkantane, medan bokmål har ein sterkare posisjon i mellomsentrale og sentrale kommunar.

### *2.3.1 Maktforholdet mellom nynorsk og bokmål*

Det at bokmål vert sett på som det dominerande og alminnelege, medan nynorsk vert sett på som det markerte og avstikkande (Mæhlum, 2007, s. 197) kan vere med på å forklare kvifor nynorsk vert omtala som eit minoritetsspråk samanlikna med bokmål. Tove Bull (2004) påpeikar at nynorsk er eit minoritetsspråk fordi det er færre språkbrukarar som nyttar nynorsk samanlikna med bokmål. I tillegg er omgrepet «minoritetsspråk» karakterisert ved at det er eit asymmetrisk maktforhold mellom minoritetsspråket og majoritetsspråket. Majoritetsspråket har som regel høgare sosial prestisje og større maktpotensial. Det kan setjast i samanheng med språksituasjonen i dagens samfunn der bokmål rår i både fjernsyn, aviser, offentlege dokument og sosiale medium. Eit anna døme som samsvarer med Bull sin påstand, er talet elevar i grunnskulen som nyttar dei to målformene. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at det i 2019 var 554 492 elevar i grunnskulen som nytta bokmål, medan det berre var 75 245 elevar som nytta nynorsk (SSB, 2019).

### *2.3.2 Talemålsvariantar i nynorsk og bokmål*

I offisiell språkbruk vert omgrepa «nynorsk» og «bokmål» nytta for å karakterisere skriftspråket. I folkelingvistikken vert omgrepa også nytta for å karakterisere talemålsvarietetar. Neteland (2014, s. 267) hevdar at omgrepsbruken i folkelingvistikken er avhengig av konteksten, og at den difor ikkje er så presis når det kjem til å omtale konkrete språktrekk. Omgrepet 'nynorsk' vert i folkelingvistikken nytta om vestnorske, rurale og tradisjonelle dialekter, medan 'bokmål' vert nytta om austnorsk, oslomål, vestnorske bymål og moderne bygdemål. Dei talemåla som får merkelappar som 'bokmål' og 'nynorsk' inneheld språktrekk som liknar på skriftspråka bokmål og nynorsk, men det er like mykje konnotasjonar til kulturelle verdiar som styrer bruken og forståinga av omgrepa som talemål (Neteland, 2014, s. 267). Folkelingvistikken sin omgrepsbruk viser at det er eit skilje mellom «den offisielle» og «den folkelege» bruken av omgrepa 'nynorsk' og 'bokmål', noko som kan sjåast i samanheng med Røsstad (2008, s. 24) som hevdar at det er eit sprik mellom språkforskarar og språkbrukarar sitt syn på lingvistiske fenomen.

### *2.3.3 Prosodi i talespråket*

For å kunne seie noko om korleis tekst-til-talesystem skil seg frå vanleg talespråk, vil eg gjere greie for nokre sentrale trekk ved talespråket. Prosodi, eller suprasegmentale trekk, er den trykkrytmen ein seier eit utsegn med. Prosodi omfattar trykk, vokallengd (kvantitet) og tone

(Kristoffersen, 2003, s. 13). Trykkrytmen kan vere tydingsdifferensierande, noko som vil seie at den kan gje like setningar forskjellige meiningar. Eit døme er setninga «Eg sa aldri at ho hadde stole pengane dine». Dersom ein legg trykk på ordet ho, tyder setninga at det kan vere nokon andre som har stole pengane. Legg ein derimot trykket på ordet dine, tyder setninga at det var nokon andre sine pengar som vart stolne. Prosodi omhandlar også vokallengd og tone. Vokallengd vil seie kor lenge ei staving varer. I norsk uttalar ein vanlegvis dei trykktunge stavingane lengre enn dei trykksvake. Tone vil seie kor høg (lys) eller låg (mørk) tone dei ulike stavingane har. Dei suprasegmentrale trekka er heilt avgjerande for forståinga av og for å ha riktig uttale av eit språk.

#### *2.3.4 Skiljet mellom tale og skrift*

Penne og Hertzberg (2015, s. 43) hevdar at vi i Noreg tillét ei stor variasjonsbreidde av talemålsvariantar, og at munnleg tale er meir uformelt enn skriftleg. Det kan forklarast med at den norske språksituasjonen er prega av å ha eit normert skriftspråk, det finst reglar for kva som er gjeldande rettskriving (Språkrådet, 2019). I det norske skriftspråket er både bokmål og nynorsk normerte skriftspråk, eit resultat av at både nynorsk og bokmål er likestilte språkformer. I normert bokmål og nynorsk finn ein normer for både rettskriving og bøyning, som har til formål å ivareta skriftradisjonane og variasjonane i språket. Dei overordna retningslinjene for normeringa er forankra i Stortinget. Bokmål fekk ny rettskrivingsreform i 2005, medan nynorsk fekk ny i 2012 (Språkrådet, 2019).

Trass i at det ikkje finst eksplisitt uttrykte talemålsnormer i Noreg, hevdar Språkrådet (2019) at språkbrukarane i stor grad følgjer reglar for riktig språkbruk utan å tenkje over det.

Talespråket er noko vi tileignar og lærer oss frå vi vert fødd, noko som kan forklare kvifor vi har mange ulike talemålsvariasjonar og kvifor talespråket vert rekna som meir uformelt enn skriftspråket. Men dersom ein skal sjå på kva som skil tale frå skrift, må ein sjå nærmare på standardkriteria for munnleg språk. Penne og Hertzberg (2015, s. 43) forklarar at samanlikna med skrift, har tale kortare setningar, mindre underordning, kortare ord, færre framandord og fleire verb enn substantiv. Medan ufullstendige setningar, avbrot, nøleord og sjølvkorrigeringar er stilistiske verkemiddel i skrift, er slike trekk normale i talemålet. Det må presiserast at samanlikninga av tale og skrift er ei grov generalisering, og at dagens tale-skrift-forskning har bevegde seg langt frå denne generaliseringa (Penne & Hertzberg, 2015, s. 43).


Dagens tale-skrift-forskning har slått fast at tale ikkje berre er tale og skrift ikkje berre er skrift (Penne & Hertzberg, 2015, s. 43). Skrift og tale vert sett på som forskjellige, men for å kunne seie noko om kor forskjellige dei er, må ein ta omsyn til ei rekkje faktorar som påverkar kommunikasjon. Det kan til dømes vere emnet, situasjonen eller trekk ved språkbrukaren. Ein annan faktor som har problematisert det å skilje mellom tale og skrift, er dei digitale kommunikasjonsformene sitt gjennombrøt. Desse media har ført til at mange av dei daglegdagse samtalanene har vorte til skriftleg kommunikasjon og at sentrale talespråklege trekk har vorte overført til skriftleg kommunikasjon. Dette gjer at skriftleg og munnleg i dag flyt over i kvarandre i mykje større grad enn før (Penne & Hertzberg, 2015, s. 44).

## **2.4 Identitet og språk**

Når eg ynskjer å undersøkje korleis bokmål og nynorsk er representert i alternativ og supplerande kommunikasjon, er det fordi eg er interessert i brukarane sine moglegheit for å nytte eiga målform. Det er samanheng mellom bruk av målform og språkbrukarane sin identitet.

I følge Mead (1934) er det gjennom språket mennesket er i stand til å reflektere over seg sjølv og sjå seg sjølv frå eit anna menneske sin ståstad. Det er gjennom språket samhandlinga med andre skjer, og der bestemde meiningar vert signalisert gjennom kva vi seier og korleis vi seier det. Identitetsomgrepet vert nytta forskjellig og tolka ut i frå ulike teoretiske paradigme. Til dømes kan identitet verte forstått som ein fast og uforanderleg ibuande kjerne med bestemte eigenskapar ut frå eit essensialistisk syn. Den ontologiske motsetninga til essensialismen er konstruktivismen (Kjørup, 2008), der identitet vert forstått som noko dynamisk som vert konstituert i samhandling med andre. Det er likevel ikkje slik at identitet berre vert forstått som enten statisk eller dynamisk. Mange forstår identitet som ei blanding av desse syna: den består av ei uforanderleg kjerne, men den er også påverkeleg i samhandling med andre.

Eg finn psykologen Carsten Jørgensens identitetsmodell hensiktsmessig å nytte i denne studien, sidan modellen tek for seg ulike perspektiv ved eit menneske sin identitet. Modellen skildrar ulike nivå i identiteten til eit menneske og illustrerer tilhøvet mellom det stabile og det dynamiske ved identitet. Jørgensen (2008, s. 52) framstiller modellen slik:



Figur 4: Nivå av identitet

I illustrasjonen representerer kjernen det faste og statiske ved identiteten, medan det yste nivået representerer det dynamiske og påverkelege. Jørgensen påpeikar at det kan vere vanskeleg å skilje nivåa og at dei ulike nivåa har innverknad på kvarandre (2008, s. 43).

#### 2.4.1 Eg-identitet

Eg-identiteten vert rekna som ein strukturell storleik som er tett knytt til det enkelte individ sin personlegdomsstruktur eller personlegdomsorganisering (Jørgensen, 2008, s. 38). Den kjem til uttrykk i form av oppfatningar av kven ein er, og eventuelt kvifor, og oppfatningar av eigne behov og grenser (Jørgensen, 2008, s. 40). Eg-identiteten er relativt uforanderleg hjå vaksne menneske, fordi den rommar ei subjektiv oppleving av samanheng i eit menneske sitt liv, og den vert i stor grad bestemt av eigen oppvekst og dei erfaringane ein har med seg frå oppveksten. Jørgensen (2008, s. 38) forklara eg-identiteten som det nivået som ligg nærmast ein eigentleg kjerneidentitet og påpeikar at dess betre utvikla eg-identitet eit individ har, dess større bevissthet har individet om kva som kjenneteiknar ein sjølv og kva ein har til felles med andre.

#### 2.4.2 Den personlege identiteten

Den personlege identiteten viser til mennesket sine meir bevisste mål, verdiar, val og forståing av seg sjølv som eit unikt individ med individualitet (Jørgensen, 2008, s. 38). Jørgensen (2008, s. 46) påpeikar at den personlege identiteten er bestemt av både fortid, notid og førestillingar om framtid og den er i ei viss grad foranderleg og delvis forankra i eg-identiteten. Politiske overtendingar og livsstilsval vert trekt fram som døme på uttrykk for den personlege identiteten (Jørgensen 2008, s. 40). Eigenskapar som skil eit menneske frå andre menneske, som til dømes åtferdsmønster, karaktertrekk og særigne kjenneteikn, vert også rekna som uttrykk for den personlege identiteten. Den personlege identiteten, og særleg eg-

identiteten, kan ifølgje Jørgensen (2008, s. 39) opplevast som identiteten sine private sider, medan den sosiale identiteten kan betraktast som identiteten si offentlege side.

#### *2.4.3 Den sosiale identiteten*

Den sosiale identiteten omfattar sosiale roller og posisjonar som individet inntek (Jørgensen, 2008, s. 38). Det handlar om det biletet individet meir eller mindre bevisst prøvar å teikne av seg sjølv og dei sosiale gruppene individet er ein del av, i kraft av anten personlege val, prestasjonar, eller heilt eller delvis bestemde realitetar (Jørgensen, 2008, s. 39). Den sosiale identiteten kan knytast til bestemde gruppefellesskap, fordi gruppa sine normer og verdiar er med på å forme individet sin identitet. Eit menneske kan ikkje ha fleire eg-identitetar eller personlege identitetar utan at det fører til problem. Men eit menneske kan vere ein del av fleire gruppefellesskap, og såleis ha fleire sosiale identitetar. Jørgensen (2008, s. 39) forklarar at den sosiale identiteten primært ikkje er noko ein 'har' men noko ein 'er' og 'gjer' fordi den sosiale identiteten omfattar sjølvet i eit sosialt fellesskap og såleis representerer de-personifiserande element i individet si sjølvoppfatning, der «eg» vert til «vi».

#### *2.4.4 Kollektiv identitet*

I tillegg til eg-identitet, personleg identitet og sosial identitet gjer Jørgensen (2008, s. 39) greie for eit fjerde nivå: den kollektive identiteten. Den finn ein i skjeringspunktet mellom den sosiale og den personlege identiteten, fordi den kan påverke og fungere som ei form for overordna ramme for utvikling av den personlege og sosiale identiteten (Jørgensen, 2008, s. 39). Dette nivået rommar menneska sin kollektive identifikasjon med kvarandre og felles identifikasjon av idear, institusjonar eller mål og felles førestillingar om korleis dei som gruppe skil seg frå andre som ikkje høyrer til same gruppe (Jørgensen, 2008, s. 39). Ein person som er fødd og oppvaksen i Noreg vil verte sosialisert inn i bestemte tankesett og verdiar som er felles norske. For personen vil desse tankesetta og verdiane vere sjølvsgagne og underforståtte, og dermed ikkje vere einstyndande med ein kollektiv identitet. Det er fyrst når verdiane og tankesetta vert trua, at personen vil verte bevisste på tydinga av sin kollektive identitet (Jørgensen, 2008, s. 51). Slik Jørgensen forklarar det er det varierende i kor stor grad den kollektive identiteten får innverknad på den enkelte sin identitet.

#### *2.4.5 Nynorsk, bokmål og identitet*

Skriftspråk er eit teiknsystem som kan knytast til identitet (Mæhlum, 2007; Jørgensen, 2008). I tidlegare språkforskning vart identitet sett på som ein permanent og uforanderleg storleik, der det fyrste språket ein lærer seg er den eigentlege beraren av identiteten (Skjekkeland, 2010, s. 69). I dag er det meir vanleg å sjå på identitet som noko vi kan velje oss, fordi vi har moglegheit til å gjere fleire identitetsval.

I norsk språksamanheng er det særst relevant sidan språket har to målformer ein kan identifisere seg med. Ein skulle vente at det i sosiolingvistisk forskning finst forskning som undersøker dei ulike målformene knytt til identitet. Det viser seg at det hovudsakleg finst forskning som er knytt til nynorsk og identitet (Grepstad, 2002). Forsking som omhandlar språk og identitet har gjerne fokus på individ som har skifta frå nynorsk til bokmål (Hernes, 2012; Idsøe, 2016), eller korleis nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar innan for eit geografisk område grunnar skriftspråkvala sine (Aamli, 2017). Det er derimot vanskeleg å finne forskning som eine og aleine undersøker bokmål og identitet. Det kan ha fleire årsaker, men det er rimeleg å anta at det har samanheng med at bokmål dominerer på den lingvistiske marknaden. Målforma vert oppfatta som innforstått og sjølvsgd, og så lenge den ikkje er trua vil ikkje bokmålsbrukarane knytte målforma direkte til identitet. I motsetnad er gjerne nynorskbrukarar bevisste på si tilknytning til den kollektive nynorske identiteten.

#### *2.4.6 Talemålsvariantar og identitet*

Dialekter vert av fleire sett på som ein del av kulturarven og som eit uttrykk for identitet. Skjekkeland (2010, s. 69) påpeikar at dei vala vi gjer vil påverke oss psykisk og sosialt gjennom dei tilbakemeldingane vi får på oss sjølv frå andre. Lokal tilhøyrsløse vert rekna som ein grunnleggjande identitetsskapande faktor. Skjekkeland (2010, s. 69) påpeikar at talemålet vert sterkt påverka av kva sosiale miljø og kva verdiar vi identifiserer oss med og som vi vil verte oppfatta som ein del av. I sosiolingvistikken nyttar ein omgrepet sosiolekter om talespråknormer som høyrer til og karakteriserer ei bestemt sosial gruppe (Skjekkeland, 2010, s. 54). Til forskjell frå dialektene kan ikkje sosiolektene avgrensast til eit bestemt geografisk område. Korleis dei sosiale gruppene oppfattar oss, har noko å seie for identiteten vår. Ein måte å vise solidaritet med den sosiale gruppa er å halde seg til dei verdiane og normene som gjeld innanfor fellesskapen (Skjekkeland, 2010, s. 71). Omgrepet «knotar» vert nytta om ein person som tek opp talemålstrekk frå ei anna dialekt med høgare prestisje eller som nyttar former frå skriftspråket i tale. Dersom ein person knotar, kan det verte oppfatta som ei

markering av at verdiane i den sosiale gruppa ikkje er gode nok lenger (Skjekkeland, 2010, s. 71).

## **2.5 Samanfatning**

Eg har i dette kapitlet vist til ulike teoretiske perspektiv som dannar rammene for masteravhandlinga. Generell kommunikasjon (Kolstrup et al., 2009) og ulike kommunikasjonsmodellar har vorte presentert. Fordi kommunikasjon vert forstått ulikt, har eg valt å avgrense kommunikasjonsomgrepet til monologisk-, dialogisk- og totalkommunikasjon. Det finst ei rekkje kommunikasjonsformer og -middel for menneske med kommunikasjonsvanskar (ASHA, 1993). Eg har også vist til ulike språkteoriar som tek for seg kva som kjenneteiknar skriftspråk og talemål, og kva som kjenneteiknar desse omgrepa i det norske språket. Identitet er eit komplekst omgrep som vert forstått ulikt. Eg har nytta Jørgensen (2008) si tolking av identitet, som noko i kryssingsfeltet mellom psykologi og sosiologi. Eg har også vist til ulike språkteoriar som omhandlar språk og identitet. Det må presiserast at vitenskaplege teoriar vert forstått ulikt ut frå forskjellige paradigme, og at eg har vald ut dei forståingane som eg opplever er hensiktsmessige for avhandlinga.



## 3 Metode

I metodekapittelet vil eg grunngje dei metodiske vala eg har føreteke i forskingsarbeidet mitt. Eg vil gå nærmare inn på val av metode, datainnsamling, dataanalyse, kvalitetssikring og etikk.

Det er vanleg å skilje mellom tre typar vitskapsområde: naturvitskap, menneskevitskap og samfunnsvitskap (Fuglseth, 2018, s. 247). Likevel har dei ulike vitskapsdisiplinane vanlegvis innslag frå fleire eller alle vitskapsområda. Det går også eit skilje mellom kvalitative og kvantitative metodar (Johannessen, Tufte & Kristoffersen, 2004, s. 34). Kvalitative metodar byggjer på teoriar om fortolking (hermeneutikk) og menneskeleg erfaring (fenomenologi), der målet er å utforske meiningsinnhaldet i sosiale fenomen slik det opplevast for dei involverte (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2010). Dei kvantitative metodane føreheld seg derimot til kvantifiserbare storleikar som vert systematisert gjennom ulike former for statistisk metode, der målet er å kartlegge ulike fenomen si utbreiing (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2010).

### 3.1 Kvalitativ metode

I lys av hypotesen og formålet med oppgåva er det ASK-brukarane sine erfaringar med bruk av eiga målform i det tekniske hjelpemiddelet, og kva påverknad det har på deira identitet det skal forskast på. Korleis desse språkerfaringane påverkar brukarane sin identitet kan vere forskjellig ut i frå kvar enkelt brukar sine erfaringar og refleksjonar. Med utgangspunkt i dette er det eit komparativt forskingsdesign med kvalitative tilnærmingar som ligg til grunn for min studie.

Postholm (2005, s. 43) påpeikar at kvalitative studiar er studiar der menneskelege problem eller prosessar vert utforska i sin naturlege setting. Eg kjem til dømes til å rette blikket mot korleis hjelpemiddelet er tilrettelagt når det kjem til mogelegheitene for språkval og korleis brukarane kommuniserer gjennom hjelpemiddelet. Med bakgrunn i det ovannemnde vil eg gjennomføre ei fenomenologisk undersøking. Giorgi og Moustakas (i Postholm, 2005, s. 41) forklarar fenomenologiske studiar ved at dei skildrar den meininga menneske legg i ei oppleving knytt til ei bestemt erfaring av eit fenomen. Kvale og Brinkmann (2015, s. 48) påpeikar at ein gjennom eit fenomenologisk perspektiv rettar fokuset mot å forstå sosiale

fenomen ut frå aktørane/brukarane sine eigne perspektiv og skildre verda slik den vert opplevd av aktørane.

### **3.2 Metodetriangulering**

For formålet mitt er det naturleg å nytte metodetriangulering. Metodetriangulering vil seie at forskaren nyttar ulike metodar i feltarbeidet (Johannessen et al., 2004, s. 195). Eg har valt semistrukturert intervju og ikkje-deltakande observasjon. Krumsvik (2013, s. 83) påpeikar at når ein nyttar fleire metodar, kan ein styrke validiteten ved at ein får fleire haldepunkt for dei tentative funna frå ulike perspektiv. Ved å kombinere observasjon med intervju kan ein styrke observasjonane fordi ein får moglegheit til å stille spørsmål til det ein har observert. I tillegg kan observasjonsfunna gje ei førforståing til intervju.

#### *3.2.1 Observasjon*

Observasjon vert ofte sett på som den eldste metoden for datainnsamling, og metoden vert kjenneteikna ved at forskaren observerer åtferd i den aktuelle konteksten for å samle inn data relatert til problemstillinga som skal belysast (Næss & Sjøvoll, 2018, s. 179). I mitt feltarbeid har eg observert to ASK-brukarar med forskjellige målformer i samtalesituasjonar med samtalepartnarar. Næss og Sjøvoll (2018, s. 180) påpeikar at dersom ein skal observere på ein vitenskapleg måte, er det naudsynt å vite på førehand kva ein skal observere, og ein bør ha ein forskingsplan som tek utgangspunkt i problemstillinga, forskingsspørsmåla og forskingsdesignet. Eg utarbeida ein observasjonsoversikt (sjå vedlegg 5) som inneheldt punkt for kva som vart viktig å sjå etter. Eg ynskte til dømes å finne svar på om ASK-brukarane fekk nytta eiga målform i deira kommunikasjon og korleis forholdet mellom bokmål og nynorsk var i tekniske hjelpemiddel. Eg måtte difor observere utforminga av hjelpemiddela for å finne ut om skriftspråket i det heile teke var tilgjengeleg på dei respektive målformene. I tillegg måtte observasjonen ta utgangspunkt i ei samtale der eg fekk observere om talesyntesen var tilgjengeleg både på nynorsk nær og bokmålsnær talemålsvariant. For å ivareta det komparative forskingsdesignet var det viktig at eg hadde same observasjonsfokus i begge intervju. Observasjonsoversikten (sjå vedlegg 5) er difor utforma med observasjonsspørsmål og to kolonnar der den eine er reservert for bokmålsbrukaren, medan den andre er for nynorskbrukaren. På denne måten ville eg sikre at observasjonane vart gjennomført på eit likt grunnlag.

Når ein skal forske på eit bestemt fenomen, er det viktig at ein observerer desse fenomena i deira naturlege setting (Postholm, 2005; Næss & Sjøvoll, 2018). I mitt feltarbeid har begge observasjonane vorte gjennomført i ASK-brukarane sine private heimar. Det har fleire grunnar. For det fyrste er det born som dannar grunnlaget for mitt forskingsarbeid, og eg ynskte at dei skulle kjenne seg trygge og komfortable i dei omgjevnadane observasjonane vart gjennomført i. For det andre var det viktig for meg at kommunikasjonen mellom ASK-brukarane og samtalepartnarane var så autentisk som mogeleg. Ved å observere brukarane i heimane deira fekk eg mogelegheit til å observere kvardagslege samtalar der brukarane nytta sitt kvardagslege språk for å uttrykkje behov, ynske og eigne meiningar. Næss og Sjøvoll (2018, s. 180) omtalar denne typen observasjon for naturalistisk observasjon, fordi den er kjenneteikna ved at forskaren observerer individ eller grupper i deira naturlege miljø.

Ein skil mellom ikkje-deltakande observasjon og deltakande observasjon (Næss & Sjøvoll, 2018, s. 180). Ikkje-deltakande observasjon vil seie at forskaren observerer frå sidelinja, men er til stades på observasjonsarenaen der handlingane føregår (Postholm, 2005, s. 64). Eg valde å nytte denne observatørrolla fordi eg ynskte å få eit innblikk i deltakarane sitt perspektiv, utan å legge føringar på sjølve observasjonssituasjonen. Samstundes ynskte eg å få eit realistisk innblikk i korleis denne type kommunikasjon føregår, og eg vurderte det slik at dersom eg skulle vere aktiv i observasjonssituasjonen, kunne det påverke korleis brukarane kommuniserte sidan eg var ukjend for dei. Eg valde på førehand å informere personane i observasjonssettingane om at eg skulle ha denne observasjonsrolla, slik at dei visste korleis eg skulle stille meg til dei. Postholm (2005, s. 65) påpeikar at det er viktig at deltakarane får vite kva rolle forskaren har, fordi det også får noko å seie for informantane si eiga rolle og korleis dei skal førehalde seg til forskaren. På denne måten unngår ein at det oppstår overraskingar som kan påverke observasjonen.

Observasjonane føregjekk i høvesvis 60 til 90 minutt. Nynorskbrukaren vart observert i stova der han opphaldt seg med to assistentar og ein kamerat. Denne samtalen var prega av leik, der brukaren kommuniserte både ved hjelp av tastatur og symbol. Bokmålsbrukaren vart observert på kjøkenet der ho hadde ei samtale med mora. Denne samtalen var ei typisk kvardagssamtale, der brukaren blant anna uttrykte eit ynske om å få noko å drikke og kva ho ynskte å drikke. Under desse observasjonane satt eg i same rom og følgde med på kommunikasjonen, utan å delta i sjølve samtalane. Eg nytta observasjonsskjemaet (sjå vedlegg 5) og noterte ned opplysningar til kvart av observasjonspunkta. Eg valde å

gjennomføre observasjonane før intervjuet, fordi eg opplevde at observasjonane kunne gje meg ei førforståing som grunnlag for intervjuet. Samstundes opplevde eg i observasjonssituasjonane at eg ynskte utdjupande svar på spørsmål som oppstod undervegs, og eg kunne difor nytte intervjuet til å stille oppklarande spørsmål om hendingar eller fenomen som hadde oppstått.

### 3.2.2 *Intervju*

Postholm (2005, s. 68) forklarar at samtalar alltid har vore ein vesentleg del av menneske si livsverd. På denne måten har ein fått innblikk i, eller forståing for, kva som føregår i andre sitt medvit og deira livsverd. Gjennom samtalar kan ein få tak i delar av eit menneske sitt liv som kan vere umogeleg å fange opp på andre måtar. Til dømes kan ein ikkje observere andre menneske sine meiningar, tankar og tidlegare opplevingar. Johnsen (2018, s. 197) påpeikar at intervju ofte vert vurdert som ein alternativ metode i tillegg til andre metodar som observasjon eller spørjeskjema. Observasjon åleine ville ikkje gjeve meg svar på kva mogeleg bruk av eiga målform har å seie for ASK-brukarane sin identitet. Med utgangspunkt i hypotesen og forskingsspørsmåla opplevde eg det hensiktsmessig å nytte intervju som ein komplementær metode til observasjon.

Det kvalitative forskingsintervjuet søkjer kunnskap uttrykt i normalt språk og strevar ikkje etter kvantifisering (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 51). Strukturen liknar ei kvardagssamtale og ein forsøker å forstå tema frå den verkelege verda ut frå intervjupersonane sine eigne perspektiv (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 45). Det kvalitative intervjuet kan gjennomførast på ulike måtar. Johannessen et al. (2004, s. 133) skil mellom ustrukturert intervju, semistrukturert intervju, strukturert intervju, strukturert intervju med faste svaralternativ og gruppeintervju. Denne inndelinga tek utgangspunkt i kor stor grad intervjuet er rettelagt i førekant.

Eg valde å nytte eit semistrukturert intervju. Det vil seie at intervjuet tek utgangspunkt i ein overordna intervjugaid, men at spørsmål, tema og rekkjefølgje kan variere (Johannessen et al., 2004, s. 133). I utforminga av intervjugaiden tok eg utgangspunkt i forskingsspørsmåla og utarbeida åtte hovudtema (sjå vedlegg 6). Under kvar av desse hovudtemaa utforma eg tematiske spørsmål med tilhøyrande stikkord for mogelege oppfølgingsspørsmål, slik at det var rom for å lage nye spørsmål dersom informantane kom med nye opplysningar eller framheva andre aspekt som kunne vere relevante for undersøkinga. I tillegg ville

oppfølgingsspørsmål i stikkordform gje meg som forskar større fridom i intervjusituasjonen, utan at eg vart låst til lange spørsmål i intervjugaiden. Rekkjefølgja på spørsmåla vart ikkje følgd slavisk. Dersom informantane kom med utsegn utanom spørsmåla, vart desse også følgt opp og diskutert nærmare. Ved å variere rekkjefølgja på spørsmåla vart samtalen meir naturleg, og eg opplevde at intervjuet i større grad var ei samtale snarare enn eit avhøyr. I tillegg fekk eg moglegheita til å følgje opp med spørsmål alt etter kva veg samtalen tok.

Eg valde å ikkje intervju ASK-brukarane sjølve, men deira føresette. Det har fleire grunnar. For det fyrste er det å kommunisere gjennom tekniske hjelpemiddel tidkrevjande og svært utmattande for brukarane. Det ville vore umogeleg å gjennomføre eit intervju av så stort omfang med brukarane utan at det ville få konsekvensar for meiningsinnhaldet i intervjuet, og det ville vore totalt utmattande å berre svare på dei spørsmåla som var spesifikt utforma i intervjugaiden (sjå vedlegg 6). Etter samtale med ASK-brukarane sine føresette, vart vi einige om at dei skulle ta utgangspunkt i intervjugaiden og samtale med borna på førehand. I forkant av intervjuet gjorde eg meg også fleire refleksjonar kring det at dei føresette ville kunne bidra med endå fleire perspektiv for å belyse hypotesen, i form av oppfølgingsspørsmål og utdjupande kommentarar.

Intervjuet vart gjennomført i dei respektive familiene sine heimar, rett etter observasjonane av ASK-brukarane. Johannessen et al. (2004, s. 138) påpeikar at det å intervju informantane heime kan skape ei avslappa atmosfære. Eg ynskte at informantane skulle oppleve intervjuet som ei positiv samtale der det vart utveksla kunnskap. Valet om å gjennomføre intervjuet rett etter observasjonssekvensen hadde forskjellige årsaker. For det fyrste ynskte eg ikkje at informantane måtte sette av fleire dagar til mitt forskingsarbeid, i ein allereie hektisk kvardag. For det andre ynskte eg at observasjonane skulle vere friskt i minne slik at eg kunne stille spørsmål til det eg hadde observert. Dei to intervjuet varte i 50 og 45 minutt. I byrjinga stilte eg spørsmål om kva forståing informantane hadde av definisjonane før eg gjekk vidare til meir utdjupande spørsmål som gav informantane moglegheit til å utdjupe dei forskjellige emna og kva opplevingar og erfaringar dei har kring dei ulike emna. Johannessen et al. (2004, s. 135) påpeikar at det kvalitative intervjuet ofte er prega av spørsmål som omhandlar sentrale delemne, og at forskaren vidare prøvar å oppmuntre informantane til å komme med utdjupande informasjon. Sjølv om eg hadde ein intervjugaid (sjå vedlegg 6) som utgangspunkt, varierte rekkjefølgja av spørsmåla etter kva som kom fram i intervjuet.

I sjølve intervjuprosessen nytta eg ein bandopptakar<sup>4</sup> og ei notatblokk, for å i større grad vere til stades og fokusere på å ha ein naturleg samtalekontekst med informantane. Utan bandopptakar måtte eg ha notert ned alt informanten sa, noko som ville ha vore tidkrevjande og unaturleg i ei samtale. Ei ulempe med å nytte bandopptakar i intervju kan vere at informantane opplever det som ubehageleg, som vidare kan føre til at dei stoppar å snakke eller at det vert ei kunstig samtale. I det eine intervjuet opplevde eg at informanten syntest det var litt rart at samtalen skulle verte teke opp, så før eg tok i bruk bandopptakaren, valde eg å ha ei heilt vanleg samtale der eg og informanten fekk verte betre kjende med kvarandre. På notatblokka noterte eg stikkord av viktige utsegn eller utsegn som eg ynskte å få utdjupa seinare i intervjuet. Notatblokka vart såleis nytta som eit reiskap for å halde i gang samtalen, og ikkje som dokumentasjon av innhaldet i intervjuet.

### 3.3 Analysering av innsamla empiri

I etterkant av datainnsamlinga må forskaren analysere det innsamla materialet. Postholm (2005, s. 105) påpeikar at dataanalyse er ein gjentakande og dynamisk prosess der forskaren får meining ut ifrå sine data. Dataanalyse føregår gjennom heile datainnsamlingsprosessen, men den er i større fokus etter at materialet er samla inn. Ein kan difor skilje mellom analyser som føregår undervegs i forskingsarbeidet og analyser som vert gjort av det innsamla materialet (Postholm, 2005, s. 86). Dei må forståast som likeverdige prosessar for korleis forskaren tolkar og forstår innhaldet i datamaterialet som heilheit.

I arbeidet med å analysere det innsamla datamaterialet har eg gjennomført deskriptiv analyse. Deskriptive analyser er analyser som inneber koding og kategorisering (Postholm, 2005, s. 91). Her vert datamaterialet redusert for å gjere store mengder av informasjon meir oversiktleg og forståeleg. I forkant av datainnsamlinga utforma eg kategoriane *ASK*, *målform*, og *identitet*, som skulle fungere rettleiande gjennom observasjon og intervju. Samstundes skulle kategoriane fungere som støtteark til å notere ned viktige observasjonar eller utsegn undervegs. I etterkant av observasjonane utforma eg ein oversikt over observasjonsresultata basert på dei tre kategoriane eg hadde laga på førehand. I etterkant av intervjuet vart lydopptaka transkribert, og eg opplevde då at dei tre kategoriane ikkje var omfattande nok, og at eg trengte fleire kategoriar for å dekkje meiningsinnhaldet i intervjuet. To av dei tre

---

<sup>4</sup> På grunn av personvern oppmoda NSD (Norsk Senter for forskningsdata) meg til å nytte ein bandopptakar frå Høgskulen på Vestlandet i staden for ei privat eining.

kategoriane vart difor utvida med underkategoriar. Kategorien ASK vart supplert med underkategoriane *kommunikasjonshjelpemiddelet*, *kommunikasjonsmåtar* og *utforming*. Kategorien som omhandla målformer fekk underkategoriane *skriftspråk*, *talesyntese* og *språkmogelegheiter*. Kategorien som omhandla identitet vart ikkje supplert med underkategoriar, då eg opplevde at hovudkategorien var dekkande. Ved hjelp dei ulike kategoriane og tilhøyrande underkategoriar markerte eg i marginen på transkripsjonane kva kategori dei aktuelle utsegnene høyrde til. Det var til tider krevjande å skilje mellom dei ulike kategoriane, då fleire av utsegna kunne plasserast i fleire av kategoriane eller underkategoriane. Likevel opplever eg det som positivt at funna kan plasserast i ulike kategoriar, då det kan gje mogelegheita til å drøfte funna ut frå ulike perspektiv. Etter å ha plassert dei ulike funna i kategoriar ser delar av analysen slik ut:

	Nynorskbrukar	Bokmålsbrukar
<b>Målform</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «Det er nynorsk som er målforma her i nærmiljøet».</li> <li>• «Det er ein nynorsk skule, nynorske bøker..vi snakka ein nynorsk dialekt».</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «Bokmål har vorte hennar målform».</li> <li>• «På skulen går ho i bokmålsklassen».</li> <li>• «Vi her heime er jo eigentleg nynorsk»</li> </ul>
<b>Skriftspråk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «Ingenting som kjem ferdiglaga er på nynorsk».</li> <li>• «Eg har oversatt alt han har fått frå bokmål til nynorsk. Fordi eg meiner at det er viktig at han får snakke på nynorsk slik som dei andre gjer».</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «Oppsettet var ikkje på nynorsk, så då hadde vi på ein måte måtte ha oversatt det heilt».</li> <li>• «Det er alltid eit ord som ikkje er der. I dag har vi lagt inn namnet ditt. Som eit eksempel»</li> </ul>
<b>Talesyntese</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nyttar talesyntesen, Elias, frå Acapela Group.</li> <li>• «Talesyntesen snakkar bokmål, så sjølv om eg har oversett alt innholdet til nynorsk så høyrst det bokmål-aktig ut».</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nyttar talesyntesen, Emilie, frå Acapela Group.</li> <li>• «Ein har jo for eksempel lokale ord og uttrykk som ein ikkje har på bokmål. Den digitale stemmen som er der klarar ikkje alltid å seie det uttrykket».</li> </ul>

Tabell 1: Døme på kategorisering av funn

Eg valde å nytte kvardagsomgrep i utforminga av dei ulike kategoriane og underkategoriane, då det gav meg ei naturleg oversikt over heile datamaterialet, og det vil vere meir oversiktleg når eg skal tolke og skildre funna frå undersøkinga. Sjølv om eg har nytta kvardagsomgrep er dei forankra i dei teoretiske perspektiva som tidlegare har vorte presentert.

### 3.4 Utval av informantar

Eit sentralt spørsmål i forskning er kven forskaren skal innhente informasjon frå. Det inneber at forskaren må ta stilling til og definere utvalet undersøkinga skal basere seg på. For å finne svar på hypotesen min måtte utvalet naturlegvis bestå av personar som nytta denne typen kommunikasjonshjelpemiddel. Med utgangspunkt i desse refleksjonane er undersøkinga basert på eit strategisk utval. Eit strategisk utval vil seie at forskaren vel deltakarar som har eigenskapar eller kvalifikasjonar som er relevante for problemstillinga og undersøkinga sine teoretiske perspektiv (Thagaard, 2013, s. 60).

Thagaard (2013, s. 61) påpeikar at ein hensiktsmessig måte å rekruttere deltakarar på er å rette ein formell førespurnad innanfor ein setting der ein kan finne potensielle deltakarar. I rekrutteringa av deltakarar til mitt forskingsprosjekt tok eg kontakt med ein person som er mor til ein ASK-brukar og som engasjerer seg stort i ASK-fellesskapet. Eg ynskte at ho og barnet hennar skulle delta i prosjektet, og at ho eventuelt kunne setje meg i kontakt med fleire potensielle deltakarar som hadde dei eigenskapane og kvalifikasjonane som var relevante for forskingsprosjektet. Ho sette meg i kontakt med fleire potensielle deltakarar og råda meg til å skrive eit innlegg på ei Facebook-side ho sjølv har starta for personar med tilknytning til ASK. Innan kort tid var det fleire som tok kontakt og ynskte utfyllande informasjon om prosjektet og som ville delta. Thagaard (2013, s. 62) omtalar denne framgangsmåten som «snøballmetoden» fordi utvalet er lite i byrjinga, men at det gradvis vert større som ein rullande snøball. Ved å nytte denne metoden fekk eg etterkvart eit stort tal deltakarar å velje mellom, noko som gav meg mogelegheita til å velje ut dei som i størst grad hadde dei eigenskapane og kvalifikasjonane som var relevante. Kvalifikasjonane for å delta i undersøkinga var at dei måtte nytte augestyrt kommunikasjonshjelpemiddel, dei måtte vere born i alderen 6-12 år og dei måtte ha norsk som fyrstespråk.

Eit potensielt problem med å nytte «snøballmetoden» er at utvalet kan kome til å bestå av personar innanfor same nettverk eller miljø (Thagaard, 2013, s. 62). Utvalet i forskinga mi høyrer naturlegvis til same nettverk, sidan dei er henta frå ei Facebook-side som er laga for personar med ASK-tilknytning. Men sidan ein av føresetnadane for å kunne delta i prosjektet er at ein nyttar tekniske kommunikasjonshjelpemiddel, vert det naturleg å søkje etter deltakarar på ei plattform for ASK-tilknytte. At deltakarane kan kome til å vere frå same miljø, er ikkje tilfellet i denne undersøkinga. Eg ynskte at forskinga skulle ha eit komparativt fokus og dobbeltsjekka difor at dei to deltakarane ikkje kom frå same nærmiljø.



Thagaard (2013, s. 62) påpeikar at det også er etiske problemstillingar knytt til «snøballmetoden» når nokon føreslår andre personar til undersøkinga. Framgangsmåten kan vere problematisk med omsyn til prinsippet om at alle deltakarar i eit forskingsprosjekt skal gje sitt samtykke til deltaking. Når forskaren får forslag til andre personar, får hen informasjon om «andre» utan at dei har gjeve samtykke til det. For å ivareta deltakarane sine rettigheter valde eg ut deltakarar som sjølv tok kontakt med meg etter at eg skreiv innlegget på Facebook. Med utgangspunkt i utveljingsmetode og utveljingskriterium ser utvalet for undersøkinga slik ut (personnamna er pseudonym):

<b>Datainnsamlingsstrategi</b>	<b>Nynorskbrukar</b>	<b>Bokmålsbrukar</b>
Observasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gut, «Nikolas»</li> <li>• 10 år gamal</li> <li>• Nynorsk målform</li> <li>• Nytt augestyrt Tobii sida han var to år gamal.</li> <li>• Nyttar <i>Communicator</i> og <i>Snap Core First</i>.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jente, «Birte»</li> <li>• 9 år gamal</li> <li>• Bokmål målform</li> <li>• Nytt augestyrt Tobii sida ho var to til to og eit halvt år gamal.</li> <li>• Nyttar <i>Communicator</i> og <i>Snap Core First</i>.</li> </ul>
Intervju	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mor til Nikolas</li> <li>• Har inga utdanning innanfor ASK-kurs</li> <li>• Har same målform som Nikolas</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mor til Birte</li> <li>• Har inga utdanning innanfor ASK-kurs</li> <li>• Har ikkje same målform som Birte</li> </ul>

Tabell 2: Oversikt over informantar

Det komparative fokuset gjorde det naturleg å basere utvalet på deltakar som representerer kvar av målformene. Det har også vore viktig å kunne samanlikne ASK-brukarane på eit relativt likt grunnlag. ASK-brukarane er på om lag same alder, dei nyttar det same kommunikasjonshjelpemiddelet og dei har omtrent like lang erfaring med å nytte augestyrt Tobii.

### 3.5 Undersøkinga sin kvalitet

I vitenskapleg forskning er reliabilitet (pålitelegheit) og validitet (gyldigheit) sentrale omgrep når det kjem til forskinga sin truverd (Thagaard, 2013, s. 202). Dei vala forskaren føretek i utforminga av undersøkingsopplegget vil ha tyding for gyldigheita og pålitelegheita i forskinga. Det føresett at forskaren føreheld seg kritisk til kvaliteten på dataa som vert produsert. Postholm (2005, s. 128) påpeikar at ei opplevd røynd er forskjellig frå person til person og at det eksisterer like mange røynder eller sanningar som det finst menneske til stades. Når eg undersøkjer den aktuelle hypotesen, krev det at eg må ta i bruk mi eiga subjektive oppfatning av temaet. Det vert difor heilt avgjerande at eg klarar å sjå på datamaterialet med eit kritisk blikk. Eg vil i dette delkapittelet diskutere om resultatane mine er truverdige og pålitelege, og om resultatane kan overførast til andre ASK-brukarar enn dei som er med i undersøkinga.

#### 3.5.1 Reliabilitet

Holand (2018, s. 99) skriv at direkte omsett tyder reliabilitet måleinstrumentet sin pålitelegheit og nøyaktigheit. Postholm (2005, s. 169) forklarar at det normale kriteriet på reliabilitet er at resultatane kan reproduserast og gjentakast, men påpeikar vidare at det ikkje er i samsvar med logikken i kvalitativ intervjuing. Til dømes vil det vere vanskeleg å reprodusere eit intervju på nøyaktig same måte fordi informanten ikkje kan repetere det som vart sagt, delvis fordi hen ikkje hugsar alt, men og på grunn av den auka innsikta informanten fekk i det førre intervjuet. Det underliggjande spørsmålet om reliabilitet er knytt til kor vidt undersøkinga er konsekvent gjennomført og relativt stabil over tid og på tvers av forskarar og metodar (Postholm, 2005, s. 169).

Eit spørsmål ved reliabiliteten er i kor stor grad funna er frie for føredømande synspunkt (Postholm, 2005, s. 169). Då eg byrja å planleggje undersøkingsopplegget, hadde eg ei oppfatning av at nynorskbrukarane ikkje fekk nytte si eiga målform i kommunikasjonen, og at dette hadde negativ innverknad på deira identitet. Då eg bestemde meg for å gjennomføre ei komparativ undersøking, måtte eg sjå bort frå desse synspunkta. I utforminga av intervjugaiden og observasjonspunkta vart det viktig at spørsmåla skulle invitere både nynorskbrukaren og bokmålsbrukaren til å skildre sine egne opplevingar og erfaringar. Poenget var ikkje at bokmålsbrukaren skulle «forsvare» at ho fekk nytte eiga målform, men snarare at ho fekk dele egne erfaringar og opplevingar av korleis kommunikasjonshjelpemiddelet er tilrettelagt for hennar målform. I analysedelen vart det

også viktig for meg å ikkje prøve å bevise at «mine» synspunkt stemde eller ikkje, men heller å vise synspunkta til begge brukarane. Ved hjelp av dei ulike kategoriane kategoriserte eg funna frå begge intervju og observasjonane, og behandla det som materiale med like stor tyding for undersøkinga. Også under tolkinga måtte eg fokusere på det komparative perspektivet, framfor å prøve å forsvare dei tidlegare oppfatningane eg hadde.

I fenomenologiske intervju er det fleire faktorar som kan true reliabiliteten. Postholm (2005, s.170) påpeikar at pålitelegheita kan minke i situasjonar der intervjuaren og informantane nyttar språk og omgrep på forskjellige måtar, til dømes mellom vaksne og born. I mi undersøking er mange av dei omgrepa som vert nytta vanskelege for borna å reflektere og samtale rundt, på grunn av alder. For å vere sikker på at eg og informantane, mødrene, hadde same forståing av omgrepa valte eg i byrjinga av intervju å stille spørsmål om korleis dei forstod omgrep som *målform*, *identitet*, *ASK* m.m. På denne måten prøvde eg å skape ei felles forståing av omgrepa, slik at dataa skulle vere basert på eit felles forståingsgrunnlag og at tolkingane ikkje vart teke på grunnlag av mine eigne forståingar av omgrepa. Ved å reflektere over omgrepsbruken i materialet, både i analyse- og tolkingdelen, har eg forsøkt å sikre at omgrepa ikkje skal vere misvisande og true reliabiliteten.

Thagaard (2013, s. 203) forklarar at reliabilitet kan knytast til kvaliteten av den informasjonen prosjektet baserer seg på og at ein gjennom opptak frå intervju kan utvikle data som i utgangspunktet er meir uavhengige av forskaren sine oppfatningar. I transkripsjonane mine er informantane sine utsegner transkribert ordrett. I analyse- og drøftingsdelen nyttar eg utdrag frå transkripsjonane for å vise kva informantane har sagt. Ved å nytte direkte utsegner ynskjer eg å auke reliabiliteten i oppgåva, med at lesaren får direkte innsyn i informantane sine utsegner. I tillegg er begge transkripsjonane av intervju lagt ved som vedlegg (sjå vedlegg 7 og 8), slik at lesarane kan få lese intervju i sin heilskap. På denne måten kan andre vurdere om forskinga er truverdig og om tolkingar og drøftingar er basert på eit rettmessig grunnlag.

Reliabilitet kan også knytast til vurderingar av korleis forskaren nyttar og vidareutviklar informasjonen frå feltet (Thagaard, 2013, s. 203). Det er fleire faktorar som kan vere med på å styrke denne sida av reliabiliteten. Det kan skje når fleire forskarar samarbeider i utforminga av prosjektet, eller når ein annan forskar utfører ei kritisk evaluering av framgangsmåtane (Thagaard, 2013, s. 203). Heilt sidan starten av prosjektet mitt har eg hatt ein tett dialog med rettleiarane mine, både om korleis sjølve forskingsprosessen skulle føregå og korleis eg skulle

nytte og vidareutvikle den informasjonen som vart innhenta frå informantane. Slik har eg forsøkt å studere eige forskingsprosjekt med eit kritisk blikk og diskutere vala eg har gjort for å gjere undersøkinga så truverdig som mogeleg.

### 3.5.2 Validitet

Validitet dreiar seg om metoden undersøker det som er intensjonen å undersøkje (Postholm, 2005, s. 170). Ein skil mellom intern og ekstern validitet. Ekstern validitet dreiar seg om dei målingane som er gjort på utvalet er gyldige for heile populasjonen, og kanskje andre populasjonar (Holand, 2018, s. 100). Ekstern validitet dreiar seg altså om i kva grad funna i undersøkinga kan generaliserast. Holand (2018, s. 100) forklarar at omgrepet intern validitet vert nytta når vilkåra for å trekkje slutningar om årsakssamanheng mellom ein anteke årsaksfaktor og ein anteke verknad av denne er til stades. Ein kan såleis forklare intern validitet ved at den seier noko om dei dataa som vert produsert er riktige.

Krumsvik (2013, s. 80) påpeikar at validitet handlar om at forskaren heile vegen har ei kritisk haldning til eige arbeid og stiller spørsmål undervegs i forskingsprosessen. Når ein gjennomfører intervju i kvalitativ forskning, er kvalitetskontroll av intervjugaiden viktig for å sikre god validitet (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 321). Eg forandra på intervjugaiden to gongar før eg gjennomførte det fyrste intervjuet. Desse endringane omhandla rekkjefølgja på spørsmåla og spørsmåla knytt til omgrepsforståing. Eg ynskte at intervjugaiden skulle ha ein naturleg overgang mellom dei ulike temaa, slik at det vart ei naturleg samtale utan brå temaskifte. I sjølve gjennomføringa av intervjua opplevde eg at den fyrste informanten gav meg fleire perspektiv på identitet som kunne vere med på å belyse hypotesen frå ulike innfallsvinklar. Sidan eg gjennomfører ei komparativ undersøking måtte eg leggje til desse spørsmåla i intervjugaiden, slik at eg kunne spørje den andre informanten om det same.

Intervjua vart fortløpande transkribert medan eg hadde dei friskt i minne, for at dei skulle vere så presise som mogeleg. Krumsvik (2013, s. 81) påpeikar at det er svært viktig for validiteten at ein gjev att informantane akkurat slik dei svarer på spørsmåla. I transkripsjonane beholdt eg det munnlege språket for å kunne avspegle intervjusituasjonen så realistisk som mogeleg. Eg inkluderte også andre uttrykk, som latter, tenkjepausar og opphald i utsegnene, då slike uttrykk kan vere viktige element i tolkinga av det som vert sagt. Transkripsjonane viser akkurat kva som vart sagt av informantane, og dei endringane som har vorte gjort er for å ivareta informantane sitt personvern. Til dømes er stadnamn, borna sine namn og andre

opplysningar som kan identifisere personane fjerna eller erstatta med ord som ikkje kan identifisere og skade informantane.

Eit sentralt spørsmål når det gjeld validitet er om eg har nytta brukbare metodar for å gje svar på hypotesen og forskingsspørsmåla i studien. Krumsvik (2013, s. 82) forklarar at ein måte å kvalitetssikre funn på er å nytte forskjellige validitetsprosedyrar. Ein av desse er metodetriangulering, som eg nemnde i kapittel 3.2. Slik kan ein få fleire haldepunkt for dei tentative funna frå ulike perspektiv. I mi undersøking har observasjon og intervju gjeve meg mogelegheita til å samanlikne resultatane frå observasjonane med resultatane frå intervju og motsett. Slik kan eg sjekke om eit fenomen er representert i begge delane av datamaterialet. Det er likevel viktig å hugse på at ikkje alt kan observerast og at ein person kan oppleve eigne erfaringar annleis enn det forskaren observerer når ein skal tolke funna frå undersøkinga.

### *3.5.3 Generalisering*

Ekstern validitet dreiar seg om i kor stor grad funna i undersøkinga kan generaliserast, det vil seie om dei kan overførast til andre populasjonar eller situasjonar. I mitt forskingsprosjekt vil ikkje det vere eit tilstrekkeleg grunnlag for å generalisere funna. Sidan informantane omfattar to brukarar, vert det vanskeleg å kunne påstå at utvalet representerer ein større populasjon. Målet for oppgåva er heller ikkje å generalisere funna, men å få mest mogeleg kunnskap om identiteten til bestemte ASK-brukarar. Sjølv om eg ikkje kan hevde at resultatane frå denne undersøkinga gjeld for alle ASK-brukarar som nyttar augestyrt Tobii, er det likevel grunn til å tru at det gjeld fleire enn desse to. Hjelpemiddelet vert levert med same programvarer og talesyntesar, og det er såleis rimeleg å anta at mogelegheitene for å nytte eiga målform i kommunikasjon er dei same for andre ASK-brukarar som nyttar Tobii, sjølv om identitetsoppfatning er noko som kan variere frå person til person.

## **3.6 Etiske omsyn**

Kvalitativ forskning inneber å utforske menneskelege prosessar eller problem i deira naturlege setting (Postholm, 2005, s. 142). I kvalitative studiar er forskaren i direkte kontakt med dei personane som skal studerast, noko som krev at forskaren føreheld seg til etiske prinsipp og rettar seg etter dei gjennom heile forskingsprosessen.

Forskningsprosjektet mitt inkluderer menneske, og ikkje minst born, noko som kan skape ei rekkje etiske dilemma. Alle forskningsprosjekt som inneheld behandling av personsopplysningar, fell under Personopplysningslova og er meldepliktige. Sidan forskningsprosjektet omfattar personopplysningar, søkte eg Norsk Senter for Dataforskning (NSD) om godkjenning (sjå vedlegg 2).

I følge Moustakas (i Postholm, 2005, s. 147) er eit etisk prinsipp i kvalitativ forskning at deltakarane får fullstendig informasjon om hensikta med forskinga og forskningsprosjektet sine krav til deltakarane. Eg utarbeidde to informasjon- og samtykkeskriv, eit for observasjon av born og eit for intervju av føresette (sjå vedlegg 3 og 4). Der fekk deltakarane informasjon om formålet med undersøkinga, kva forskningsprosjektet innebar for dei, deira rettigheter og korleis opplysningane vart oppbevart og behandla. Sidan observasjonane er av born, kravde det at eg måtte innhente samtykke frå foreldra (sjå vedlegg 3).

At forskinga mi baserer seg på born med funksjonshemmingar, representerer ei anna side av det etiske prinsippet om at informantane skal føle seg forstått og riktig framstilt. I det eine intervjuet kom det fram at informanten ikkje likte omgrepet «born med spesielle behov», fordi ho meinte at borna som nyttar ASK ikkje er så forskjellige frå alle andre som ikkje nyttar ASK. ASK-brukarane har akkurat same behov for oppfølging, tryggleik, nærleik, kjærleik og omsorg som andre born, gav ho uttrykk for.

Eit anna etisk prinsipp i kvalitativ forskning er at informantane må få informasjon om at opplysningane skal behandlast konfidensielt (Postholm, 2005, s. 146). I informasjonsskrivet er dette presisert (sjå vedlegg 3 og 4). I opptaka høyrer ein stemmene til informantane i tillegg til at dei nyttar personidentifiserbare opplysningar som namn, stadnamn m.m. Intervjua vart difor sletta umiddelbart etter transkripsjonen.

Endå eit etisk dilemma Thaagard (2013, s. 153) trekkjer fram, er at analyse av diskursar tek utgangspunkt i deltakarane si forståing av eigen situasjon, medan tolkingane og presentasjonen av resultatane representerer forskaren si fortolking av deltakarane si forståing. Eg la difor lagt stor vekt på at informantane skulle få ei oppleving av at dei vart forstått, både gjennom skildringane og tolkingane. Informantane fekk tilbodet om å lese gjennom transkripsjonane (sjå vedlegg 7 og 8). Informanten som ynskte å lese gjennom, kjende seg att i transkripsjonen og gav uttrykk for at det som vart sagt i intervjuet stemde overeins med egne

opplevingar. I analysen baserer eg mine tolkingar og skildringar på utsegn frå intervjuet, men eg argumenterer også for min faglege ståstad, slik at lesaren kan forstå grunnlaget for dei fortolkingane eg gjer (Thagaard, 2013, s. 154).

## 4 Resultat

I dette kapittelet vil eg presentere funna frå undersøkinga. Basert på observasjonane og intervjuar har eg organisert innhaldet frå funna i tre kategoriar: *ASK*, *målform* og *identitet*. I kvar av kategoriane vil eg nytte utsegn frå informantane som representerer innhaldet i kategoriane. Det vert nødvendigvis ikkje like mange utsegn frå kvar av informantane, fordi eg har valt ut dei utsegna som best viser det som vert aktualisert. Med tilnærma like utsegn har eg valt ut eit utsegn som er representativt for begge informantane. Eg har komplettert nokre av informantane sine ytringar, men eg har ikkje endra dei. Kapittelet vert innleia med ei skildring av observasjonssituasjonane før eg presenterer funna i kvar av kategoriane.

### 4.1 Observasjonssituasjonane

Det er kvardagslege samtalar som dannar utgangspunktet for undersøkinga. Den type samtale speglar korleis ASK-brukarane kommuniserer i dagleg tale, både når det kjem til å uttrykkje ynske, behov, eigne meiningar og skape felles forståing med samtalepartnarane. I mi undersøking var kvardagssamtalen oversiktleg og gjekk føre seg i eit avgrensa tidsrom, noko som gjorde det mogeleg å studere fenomenane frå observasjonane frå fleire perspektiv.

#### 4.1.1 Observasjonen av Nikolas

Under observasjonen av Nikolas oppheld han seg i stova saman med to assistentar og ein kamerat. Det er stille og roleg i stua, og Nikolas og kameraten skal ha ein heil leikedag saman. Rullestolen står plassert inn til bordet der dei skal leike og Tobiien er festa til stativet på rullestolen. Assistentane er til stades for å hjelpe Nikolas, men dei held seg litt i bakgrunnen. Dersom Nikolas treng noko eller vil seie noko, nyttar han Tobiien som medium for å gjere budskapet kjend for assistentane. Kommunikasjonen med assistentane er hovudsakleg monologisk, der Nikolas uttrykkjer ynske eller behov om å få hjelp til noko. Assistentane oppfattar og tolkar raskt kva Nikolas ynskjer hjelp til. Det at kommunikasjonen med assistentane hovudsakleg er monologisk, kan skuldast fleire ting. For det fyrste er det Nikolas og kameraten sin leik som er i fokus, og assistentane ynskjer kanskje ikkje å «forstyrre» meir enn dei må. På ei anna side kan det skuldast at assistentane kjenner Nikolas så godt at dei skjønner kva han vil utan å måtte konversere med han.

I samtale med kameraten er det derimot leiken og deira felles forståing av leikesituasjonen som pregar kommunikasjonen. Dei skal spele stigespel og kameraten til Nikolas held opp to



spelebrikker og spør «kva farge vil du vere?». Nikolas nyttar tastaturet og skriv `grøn` ved hjelp av auga. Talesyntesen uttalar «grønn», kameraten nikkar og plasserer den grønne brikka på spelebrettet. Nikolas nyttar i dette tilfellet ei eitt-ord-ytring, noko som set særlege krav til kameraten si tolking og forståing. Kameraten tolkar umiddelbart kva Nikolas seier, og det er tydeleg at både konteksten, kroppsspråket og relasjonen mellom dei to påverkar kommunikasjonen. Samtala mellom kameratane har altså eit dialogisk preg, der meininga oppstår undervegs i kommunikasjonen. Når dei er i gang med stigespelet, gjev Nikolas uttrykk for at han heller ynskjer å spele bordfotball. Han nyttar symbolkommunikasjon og talesyntesen seier «fotball». Kameraten ser på han og spør «vil ikkje du spele stigespel meir?» før han legg handa si opp mot ansiktet til Nikolas. Dersom Nikolas ser mot handa tyder det «ja», men om han ser vekk frå handa tyder det «nei». Nikolas ser vekk frå handa og kameraten skjønner at Nikolas ikkje vil spele stigespel meir. Kameraten pakkar saman stigespelet og spør «kven skal spele fotball då?». Nikolas går inn på temasida i Tobii som inneheld symbol for leikane han likar. Han trykkjer på symbola som representerer dei ulike leikefigurane som skal vere med. Talesyntesen seier «Månejenta», «Gekko», «Romeo» m.m. etterkvart som Nikolas vel symbol frå temasida. Kameraten finn fram figurane etterkvart som Nikolas ramsar opp og spør undervegs om det er andre figurar som skal vere med. Ved å kommunisere på denne måten finn dei saman fram til dei figurane som skal vere med i spelet.

#### *4.1.2 Observasjonen av Birte*

Observasjonen av Birte går føre seg på familien sitt kjøken. Det er ei varm og lun stemning, og Birte sit ved sidan av kjøkenbordet med Tobii festa til framkomstmiddelet sitt. Mora hennar sit ved sidan av Birte og eg sit på stolen framfor ho. Høgtalarane er festa på baksida av Tobii (sjå vedlegg 1, bilete A), noko som gjer at lyden treffer best dersom ein sit rett framfor Birte. Det som likevel er ein svakheit med å sitte rett framfor Birte, er at eg ikkje ser ansiktet hennar. Maskina er plassert rett framfor ansiktet hennar, slik at ho kan nytte auga til å styre. Det kjem fram at Birte nettopp har hatt bursdag, då det heng ein stor ballong i stova.

Også denne kommunikasjonssituasjonen er dialogisk. Mor til Birte (MB) spør om ho kan fortelje kor gamal ho vart. Birte gliser før ho går inn på symbolkommunikasjon og vel symbolet av talet ni. Talesyntesen uttalar «ni» og mora smilar bekreftande og påpeikar at det er rett. Det er utvekslinga mellom dei to og Tobii som fører samtalen framover. Etterkvart vert Birte uroleg i kroppen. Ho lener kroppen i retning kjøkenbordet der det står eit glas. Mora ser på Birte og spør «kva er det? Er du tørst?». Birte nyttar ikkje Tobii til å svare, men mora

skjønner med ein gong at det er det Birte prøvar å formidle. Ho spør «kva vil du ha å drikke? Kan du kan seie det på Tobiien?». Birte vert endå meir uroleg og klarar ikkje å styre kroppen slik at ho får kommunisere på Tobiien. MB spør «er det Pepsi Max du vil ha?» og Birte snur seg mot Tobiien og vel symbolet 'Ja', som talesyntesen uttalar. Her formidlar Birte meining både gjennom kroppsspråk og Tobiien. Kompleksiteten i kommunikasjonen vert synleg, då kvar enkelt handling eller ytring er avhengig av relasjonen Birte har til samtalepartnaren. Mora hennar skjønnte straks at ho ville ha noko å drikke. Samstundes viser denne delen av observasjonen kor krevjande det kan vere for ASK-brukarane å formidle ein budskap ved hjelp av augestyling dersom kroppen gjer ufrivillige bevegelsar eller at ein vert ivrig.

#### 4.2 Kategorien ASK

Kategorien ASK inneheld utsegner som seier noko om kva ASK er og kva formålet med ASK er. MB seier at «Det er ikkje så veldig mange som kjenner til ASK. Det er berre dei som jobbar med det eller har ein brukar som har det [...] som kjenner til og brukar betegnelsen» (Vedlegg 8 Side 5 Linje 11).<sup>5</sup> Både MB og mor til Nikolas (MN) fortel at det er få personar som har kjennskap til ASK og at dei sjølv berre nyttar omgrepet dersom dei er i kontakt med menneske som kjenner ASK-brukarar eller fagfolk som jobbar innanfor feltet. MB opplever at ASK-omgrepet er så teoretisk og pedagogisk at mange oppfattar ASK som noko meir framandt enn kva det eigentleg er. «Eg pleie å seie at ho brukar ASK. Og visst dei då spør kva det er så seie eg at det er hennas språkform [...]. Det er ikkje noko hokus pokus, det er berre hennas språk» (MB, V8S4L32).

Både MB og MN påpeikar at ASK på mange måtar er lik vanleg kommunikasjon, men at det som skil ASK frå vanleg kommunikasjon er at brukarane er avhengige av eit hjelpemiddel. Birte og Nikolas er avhengige av Tobiiiane sine for å «få ut språket» (V7S2L9). MN forklarar at «Han snakkar ikkje sjølv med stemme. Så nokon må hjelpe med å gi han ei stemme. Så det er på ein måte det alternative kommunikasjonen han har. Det er det at han styre stemma med auga sine i staden for at den kjem med munnen» (V7S2L10).

På spørsmålet om kvifor ASK er viktig svarer begge informantane at ASK handlar om meir enn berre det å ha moglegheit til å kommunisere. MN seier at «ASK gjev han moglegheita..

---

<sup>5</sup> Disse referansane vil vidare verte forkorta til (V8S5L11) og viser til plassen i transkripsjonen der sitatet er henta frå.

Det gjev han eit verdig liv. Enkelt og greitt. Om han ikkje hadde hatt ASK hadde han vore utan mogelegheita til å [...] utvikle seg som menneske» (V7S3L16). ASK og Tobii skapar unike mogelegheiter for Nikolas og Birte som dei elles ikkje ville hatt, fortel MN. Ved hjelp av Tobii kan dei uttrykkje eigne meiningar og behov, dei kan vere aktive deltakarar i sosiale samanhengar og dei kan tileigne seg kunnskapar og kompetanse. Begge mødrene påpeikar i intervjuet at dersom ASK ikkje hadde eksistert ville borna vore innestengde i eigne kroppar utan å ha mogelegheit til å påverke sin eigen kvardag og sitt eige liv.

#### *4.2.1 Hjelpemiddelet Tobii*

For Nikolas og Birte fungerer den augestyrt Tobii som deira hovudkommunikasjonsform. Begge mødrene påpeikar at der er mange fordelar ved at borna deira får nytte Tobii, men dei begge trekkjer fram kommunikativ autonomi (jf. kap. 1.3) som ein avgjerande fordel. MN fortel at «Tobii gjev han spesifikke mogelegheiter til å uttrykkje akkurat kva han vil» (V7S5L17). Både MN og MB forklarar at borna deira hovudsakleg kommuniserer gjennom Tobii, men at dei også nyttar andre kommunikasjonsformer som til dømes kroppsspråk og taktile gestar. MB påpeikar at det oftast er barnet sine nærmaste som best kan tolke andre kommunikasjonsformer, fordi dei kjenner ASK-brukaren godt og kan lett tyde kva hen ynskjer. Ufrivillige bevegelsar som gjer det vanskeleg å skrive på Tobii, solskin som gjer at augesporaren ikkje oppfattar kvar brukaren ser, eller situasjonar der det er vanskeleg å ha Tobii i augehøgde, er døme MB dreg fram når ho skildrar situasjonar der det kan vere naudsynt å nytte andre kommunikasjonsformer.

Begge mødrene framhevar kor viktig det er at hjelpemiddelet fungerer og er tilgjengeleg til ei kvar tid. MN fortel at «Visst Tobii her klikkar, så har ikkje barnet mitt ei stemme. Og då tek eg i frå han det viktigaste han har» (V7S5L9). Utsegna viser at ASK-brukarane er avhengige av å ha med seg Tobii til ei kvar tid for å kunne kommunisere. MN fortel at det er ikkje alle som skjønner at Tobii utgjer språket til borna og at dei er avhengige av å ha Tobii tilgjengeleg. For å eksemplifisere dette fortel ho ei historie om eit barn som hadde fått spørsmål om pedagogane kunne ha Tobii på skulen i sommarferien slik at dei kunne redigere inn symbola som skulle nyttast til hausten. Konklusjonen hennar er: «Då har ikkje pedagogene skjont det grunnleggjande med det hjelpemiddelet der. Og sånt er skremmande. Det er skikkelig skremmande» (MN, V7S9L17).

#### *4.2.2 Utforminga av Tobii*

Kor brukarvennleg er denne typen talemaskiner? Begge informantane opplever at Tobii-maskinene er utforma på ein enkel og oversiktleg måte som gjer at det ikkje krev noko spesiell datakyndigheit for å klare å manøvrere seg fram. MB fortel at «I bunn og grunn er det jo egentleg berre ei vanleg Windows maskin... veldig enkel. Visst du på ein måte kan bruke ein vanleg data så går det veldig fint. Og dei programvarene som ein brukar å kommunisere med er jo enkelt satt opp og» (V8S7L19). MN forklarar at ho som mor er kjempefornøgd med Tobiien og at ho ikkje trur det ikkje finst noko betre hjelpemiddel på marknaden.

Kommunikasjonsprogramvarene som er tilgjengelege i Tobii Dynavox utgjer ein del av hjelpemiddelet si utforming. Det finst fleire kommunikasjonsprogramvarer som er tilgjengelege. Begge informantane fortel at utvikling og forbetring av kommunikasjonsprogramvarene er avgjerande for kva programvare ASK-brukarane vel å nytte. Til dømes nytta Nikolas Communicator 4 tidlegare, men no nyttar han Communicator 5 fordi programvaren har vorte vidareutvikla og forbetra. I dag nyttar både Nikolas og Birte Communicator og Snap Core First i sin kommunikasjon.

At ein sjølv kan redigere symbol og oppsett i kommunikasjonsprogramvarene, vert trekt fram som positivt. «Det gjer jo vi kvar dag fleire ganga om dagen. Det er alltid eit ord som ikkje er der. I dag har vi for eksempel lagt inn namnet ditt» (MB, V8S7L30). Sjølv om brukarane har fleire tusen symbol på Tobiien, vil det ofte oppstå situasjonar der dei manglar symbol til å uttrykkje det dei ynskjer å seie. Førebels er det dei føresette og/eller pedagogane som redigerer symbola og oppsetta på Tobiien. Både MN og MB påpeikar at borna vert involvert i redigeringa slik at dei forhåpentlegvis kan redigere og leggje inn på ting som dei treng på eiga hand, når dei vert eldre.

#### *4.2.3 Kommunikasjonsmåtar i Tobii*

Ulike kommunikasjonsmåtar er tilgjengelege i Tobiien. MN seier at «Når han er i kjempefin form så skriv han akkurat det han vil på tastaturet. Når han treffer dårlegare så har vi alltid symbolbaserte bøker i back-up» (V7S5L24). Begge mødrene påpeikar at val av kommunikasjonsmåte er heilt avhengig av kva situasjon og dagsform brukaren er i. MN seier at «Visst han skal seie ting fortare, visst han skal kommunisere fortare eller han treffer dårlegare enn elles, [...] så brukar han symbol» (V7S5L27). Mødrene fortel at symbolkommunikasjonen er mindre tidkrevjande enn tastaturkommunikasjon. Ufrivillige

bevegelsar i arm, auge, ansikt o.l. gjer det også vanskeleg for brukarane å nytte tastaturkommunikasjon, fordi den krev nøyaktigheit og konsentrasjon. Når brukarane opplever at kroppen gjer ufrivillige bevegelsar, vil det vere lettare med symbolkommunikasjon (sjå vedlegg 1, bilete C) enn tastaturkommunikasjon (sjå vedlegg 1, bilete B), fordi symbola har større trefflate enn bokstavane i tastaturet. Kva situasjon brukaren er i, vert også trekt fram som avgjerande for kva kommunikasjonsmåte som er hensiktsmessig å nytte.

Det er ikkje slik at brukarane av Tobii berre nyttar den eine eller den andre kommunikasjonsmåten. Funna viser at dei er avhengige av begge. MN seier at «Han kan også gå inn i tastaturet sitt å skrive eit ord som han manglar i symbolboka si som han vil ha der» (V7S5L28). Kommunikasjonsmåtene kan nyttast kvar for seg, men dei har også komplementære funksjonar, fordi den eine kommunikasjonsmåten kan seie noko den andre ikkje kan. Eit døme kan vere at brukaren manglar eit symbol, og ikkje klarar å seie det hen vil med symbolkommunikasjon. Brukaren går då inn på tastaturfunksjonen og skriv at hen manglar eit symbol og kva symbol som manglar.

Begge mødrene påpeikar at ein vert veldig god på kroppsspråk og ansiktsmimikk når ein ikkje kan snakke. Dette fører til at ASK-brukarane sine nærmaste også vert veldig gode på å tolke kva det er dei vil seie. Den nærmaste kretsen rundt barnet treng ofte ikkje meir informasjon enn å sjå på vedkommande for å tolke kva hen ynskjer eller meiner. MN seier at «Det er ein kombinasjon av [...] kroppsspråk og ansiktsmimikk. I kombinasjon med datamaskina som gjev han ei stemme» (V7S2L28). Sjølv om Tobii er hovudkommunikasjonsforma til Nikolas og Birte, utgjer ansiktsmimikk og kroppsspråk viktige kommunikasjonsmåtar som bidreg med ny eller utfyllande informasjon.

### **4.3 Kategorien *målform***

Denne kategorien omhandlar moglegheitene til å nytte eiga målform i Tobii. Her må skriftspråk forståast som det tekstuelle innhaldet i Tobii, medan talesyntesen må forståast som talemålsvarianten av dette innhaldet. Gjennom intervjuar kjem det fram at Nikolas er fødd og oppvaksen på ein plass der nynorsken rår i nærmiljøet, på skulen og i heimen. Birte er oppvaksen på ein plass der begge målformene lever side om side, og på skulen hennar kan elevane velje mellom begge målformene. Heime hjå Birte har resten av familien nynorsk som målform. MB seier at «MeToo var ikkje på nynorsk, så då hadde vi på ein måte måtte ha

oversatt det heilt. Så derfor vart det jo bokmål. På skulen og... fordi læreverka var meir tilgjengelege digitalt på bokmål enn på nynorsk. Bokmål har jo vorte hennas målform» (V8S8L27). På grunn av manglande tilgjengelege hjelpemiddel og tilhøyrande læreverk har Birte vorte «tvunge» til å ha bokmål som målform. MB fortel at Birte høgst truleg ville ha hatt nynorsk som målform dersom ho hadde hatt funksjonell tale. Midt i intervjuet seie Birte til mora at ho identifiserer seg med bokmål og at ho tenkjer på bokmål i sitt eige hovud.

#### *4.3.1 Skriftspråk*

Alt av det skriftlege innhaldet i Tobiiiane er produsert på bokmål, både når det kjem til utforming og dei ulike oppsetta som ein finn i Communicator og Snap Core First. Begge informantane fortel at det er moglegheiter for å sjølv lage til oppsetta og symbola på nynorsk, men det krev at brukaren har menneske rundt seg som maktar å ta jobben med å redigere alt av skriftleg innhald. MN forklarar at ho har omsett alt av innhald frå bokmål til nynorsk, for at Nikolas skal få lov til å nytte nynorsk. MN forklarar kva som motiverer ho til å ta den omfattande jobben:

Eg har sett det heilt frå starten av at det er det her som er barnet mitt si framtid [...]. For det er det han har. Han har ikkje ein kropp som han kan bruke elles men han har eit utruleg godt hovud. Og han har utruleg store moglegheita. Og er eit vanvitig fint, lite menneske som har mykje å lære oss. Men for at han skal kunne lære oss noko, for at han skal kunne utvikle seg så må han ha eit språk. (V7S10L30)

#### *4.3.2 Talesyntesen*

Denne kategorien seier noko om talesyntesen som er tilgjengeleg i hjelpemiddelet.

Talesyntesen les opp teksten brukarane formulerer på tastaturet eller ved symbol. Eit viktig aspekt ved talesyntesen er korleis stemma høyrst ut. MN fortel at heilt fram til 2015/2016 måtte unge ASK-brukarar som nytta Tobii, nytte talesyntese med vaksenstemme, fordi det ikkje var utvikla talesyntesar med barnestemmer. Nikolas var 2 år då han fekk Tobii, og han var nøydd til å nytte ein talesyntese med mannsstemme. I dag vert det produsert talesyntesar med både barne- og vaksenstemmer til Tobii.

Begge informantane trekkjer fram aldersgradering av stemma som ein svakheit ved talesyntesen i Tobii. Det er ikkje mogleg å justere stemma etter kva alder brukaren er i. Ein kan velje mellom jente-, gute-, kvinne- og mannsstemme. Både MN og MB påpeikar at stemme har noko med identitet å gjere og ytrar eit ynske om at alle som nyttar Tobii skal få ei eiga stemme i talesyntesen. MN seier at:

Det er jo noko med at han har våre 2 år og hadde Tobii, då skulle eg ynskje at han høyrdes ut som ein liten gut. No er han 10 år og no passar den Elias-stemma, men så vert han 15-16 år og dei andre kjem i stemmeskiftet. Skal vi gå bang over til ei vaksenstemme? [...] Det aller beste hadde vore dersom alle ungane fekk si eiga stemme. (V7S7L26)

Begge mødrene fortel at talesyntesen berre er tilgjengeleg på ein bokmålsnær talemålsvariant. MN seier at «På nynorsk så får det liksom ikkje heilt den nynorsk-slengen» (V7S7L8). Dei orda Nikolas skriv på nynorsk, vert uttalt med ein bokmålsprega talemålsvariant, noko MN synest høyrst veldig kunstig og rart ut. Begge informantane påpeikar at uavhengig av kva målform brukaren har, er det ein del ord og samansetningar som vert uttalt kunstig eller robotaktig av talesyntesen. MN seier at «Det er veldig mange ord som kan høyrst veldig rare ut. Det er generelt på Tobii, om det er på bokmål også at det kan vere ein del samansetningar av bokstavar og ord som høyrst veldig rart ut» (V7S7L6).

Birte har bokmål som målform, men ho ville ikkje snakka ein bokmålsprega talemålsvariant om ho hadde hatt funksjonell tale. MB seier at «Ein har jo for eksempel ord og uttrykk som ein ikkje har på bokmål. Og når du då legge det inn i ei bokmålstalende maskin eller oppsett så er det veldig vanskeleg. Den digitale stemmen som er der klare ikkje alltid å seie det uttrykket. Det høyrst ut som noko heilt anna» (V8S9L2). Dei lokale orda og uttrykka som Birte har på Tobii har dei sjølv redigert inn i oppsettet. Orda er ofte vanskelege å forstå når talesyntesen uttalar dei.

#### *4.3.3 Språkmoglegheiter*

Tobii vert ikkje produsert med nynorsk oppsett og talesyntese med nynorsk talemålsvariant. Kva kan desse manglande språkmoglegheitene ha å seie for ASK-brukarane i eit vidare perspektiv? MN seier at «Ungar som nyttar ASK er ofte veldig synleg annleis enn andre ungar. Det at dei tillegg ikkje får snakka si eiga målform, gjer dei endå meir annleis enn andre. Det segregera dei ifrå mengda i det samfunnet dei veks opp i» (V7S12L17).

Språkmoglegheitene i hjelpemiddelet påverkar ASK-brukarane uansett kva målform dei nyttar. Informantane meiner at det særleg kjem til syne når brukarane med nynorsk skriftspråk og nynorsknær dialekt ikkje får nytte nynorsk. MB seier at «Då tar ein jo på seg ei rolle som ikkje er deg sjølv[...]. Då er du på ein måte ikkje deg sjølv og du har ikkje tru på deg sjølv på

ein måte. Det går ikkje på korleis du vert oppfatta trur eg. At det er meir korleis ein kjenne det sjølv» (V8S12L20).

Når informantane vert spurde om potensielle årsaksforklaringar til at hjelpemiddelet ikkje er tilgjengeleg på nynorsk, svarer dei at det kan skuldast bokmål sin posisjon og økonomiske årsaker. MB påpeikar at «Når du har laga på bokmål så når du ut til fleire enn om du berre hadde laga på nynorsk» (V8S13L27). Begge informantane presiserer at det er svært dyrt å produsere tekniske hjelpemiddel og spesielt talesyntesar. MN opplever det likevel som uforståeleg at ein ikkje er komen så langt i 2020 at ein tilbyr hjelpemiddelet på begge målformene. Ho forklarar sin frustrasjon slik: «Eg skjønna ikkje at vi som er verdas rikaste land ikkje skal ha råda til å oversette det til nynorsk samtidig som vi tek det på bokmål» (V7S13L6).

#### **4.4 Kategorien *identitet***

Denne kategorien omhandlar faktorar som er med på å påverke identiteten til ASK-brukarane. Begge informantane meiner at identitet og identitetsutvikling omhandlar det same uansett om ein har funksjonell tale eller ikkje. MN påpeikar at «Språk er ein viktig del av identiteten til folk. Akkurat som at kle er det [...]. Frisyre har med det å gjer. Det har med identiteten å gjere. Og språk har noko med identitet å gjere. Det har noko med det å byggje ein identitet» (V7S13L32).

Begge informantane gjev uttrykk for at ASK-brukarar kan oppleve at dei vert «gløymde» bak diagnosen eller funksjonsnedsettinga, og ikkje vert sett på som dei menneska dei er. MN påpeikar at «Ungar med funksjonshemmingar eller ungar utan tale har like stort behov for å utvikle sin eigen identitet slik som alle andre har» (V7S13L28).

Stemmene i talesyntesen har noko å seie for identitetsutviklinga til ASK-brukarane. Det er denne stemma som snakkar for dei og som er deira stemme utad. Nikolas måtte nytte mannsstemme då han fekk Tobii, og MN påpeikar at «Han var så lukkeleg når han slapp å høyrest ut som ein vaksen mann» (V7S8L3). Begge mødrene seier at Birte og Nikolas er i den alderen at Emilie- og Elias-stemmene er riktige for dei, men at dei er spente på korleis det vert etterkvart som Birte og Nikolas vert eldre.



Informantane påpeikar at identitet omhandlar kva språk og målform ein person identifiserer seg med. Nikolas likar ikkje at Tobii snakkar bokmål. Han identifiserer seg med nynorsk, og opplever det problematisk når talemaskina uttrykkjer bokmåls-ord som tydeleg skil seg frå nynorsk uttale. «Han lika ikkje å seie 'jei', 'mei' og 'dei' (bokmål talemålsvariant)» (MN, V7S8L5). MB fortel at Birte konstaterer at ho no tenkjer på bokmål i sitt eige hovud og identifiserer seg med bokmål, men at dette ikkje var tilfellet tidlegare.

Begge mødrene gjev uttrykk for at kommunikasjon gjennom Tobii gjer det umogeleg å uttrykkje personifiserte og særreigne språkmarkørar.

Sånn som no er ho ni år og då er det jo ei utvikling. Når ein er ni år så begynne ein å verte litt meir sjølvstendige og litt meir sånn «sassy» og småfrekk og sånn [...]. Og den er vanskeleg å gjenspegle gjennom Tobii. Det vert så veldig korrekt [...]. Du får ikkje den personlege touchen som vi andre får. (MB, V8S14L2)

Språklege særtrekk som til dømes ironi, engasjement, tristheit og 'attitude' er umogeleg å formidle gjennom Tobii, meiner informantane. Talesyntesen uttalar ord og setningar med det same toneleiet, uansett kva brukarane skriv. Dei mistar dermed det personlege preget ein person med funksjonell tale kan uttrykkje berre ved hjelp av stemmebruken. MB fortel at ein konsekvens av at brukarane ikkje kan vise kva stemning dei seier noko i, ofte kan føre til misoppfatningar.

MN gjev uttrykk for at språklege skilnadar kan ha innverknad på ASK-brukarane sin sosiale identitet og deira rolle i sosiale samanhengar.

Ved å ikkje leggje til rette for at det vert utvikla nynorske hjelpemiddel også til ASK-brukarar. Så gjer ein dei som gjerne allereie vert sett på som litt rare, litt annleis... sjølv om eg ikkje føle at min unge vert sett på som sånn på sin skule, fordi dei er utruleg flinke å integrere han og han er ein del av gjengen på lik linje med alle andre. Men samtidig så er det ein faktor i... som er med på å gjere dei meir annleis enn dei er i utgangspunktet. Dei er annleis nok sånn som dei er. (MN, V7S12L25)

ASK-brukarane identifiserer seg anten som bokmåls- eller nynorskbrukarar, men begge står i fare for å verte oppfatta som nokon annan ein den dei er, fordi dei snakkar «annleis» enn det dei identifiserer seg med:

For eksempel visst han flyttar til Austlandet, og kjem herifrå så er det jo ein viss identitet då... visst du kjem til Oslo og høyrest ut som du har budd i Oslo heile livet ditt, så trur jo kanskje folk at du budde der. Men ein kjem eigentleg herifrå med ein heilt anna bakgrunn enn dei som... Altså det har med identitet å gjere og kva andre rundt ein oppfattar. (MN, V7S14L24)

Utsegna viser at informantane meiner identitet ikkje berre handlar om korleis ein oppfattar seg sjølv, men også korleis ein sjølv oppfattar at andre menneske oppfattar deg. Begge mødrene påpeikar at andre menneske sine oppfatningar av ASK-brukarane også er ein faktor som er med på å forme ASK-brukarane sin identitet.

## 5 Drøfting

I dette kapitlet vil eg drøfte funna frå observasjonane og intervjuet i lys av teori. Gjennom intervjuet fekk eg innblikk i korleis ASK-brukane sine mødrer opplever at identiteten til brukarane blant anna vert påverka av målform. Drøftinga vil danne grunnlag for å gje ein konklusjon på hypotesen min.

### 5.1 Tobii set tekniske rammer for kommunikasjon

I teorikapitlet gjorde eg greie for to ulike kommunikasjonsmodellar som representerer ulike måtar å forstå kommunikasjon på: dei lineære og dei sirkulære modellane. Dei lineære kommunikasjonsmodellane skildrar kommunikasjon som noko monologisk, medan dei sirkulære modellane legg vekt på det dialogiske ved kommunikasjon (Kolstrup et al., 2009, s. 252).

#### 5.1.1 Tobiiien legg premissane for relasjonen

I observasjonen av Nikolas opplevde eg at samtalen mellom Nikolas og kameraten i utgangspunktet hadde eit dialogisk preg, fordi meininga oppstod undervegs i samtalen mellom dei to. Saman fann dei ut kva dei skulle leike og kva ting som skulle vere med i leiken. Ved nærmare ettersyn ser vi at samtalen ikkje er særleg dialogisk. Det er hovudsakleg Tobiiien som gjer relasjonen mellom dei to kameratane, og med visse atterhald kan ein seie at kommunikasjonen har fleire monologiske trekk. Nikolas har anstrengt seg og nytta tid på å finne fram til dei bokstavane som formidlar budskapet om at han ikkje ynskjer å spele stigespelet meir. Kameraten oppfattar budskapet og finn seg i det. Han veit kor mykje energi og krefter Nikolas har nytta på å formidle budskapet. I «vanleg» kommunikasjon ville kanskje kameraten sagt at han ville fortsette å spele stigespelet, og det ville vorte ein diskusjon mellom dei. Men kameraten tilpassar seg det Nikolas ynskjer. Eg har ikkje undersøkt om kameraten eigentleg ville leike noko anna eller ikkje, men situasjonen speglar eit viktig aspekt ved det å nytte hjelpemiddel i kommunikasjon. Nikolas kan ikkje kommunisere på same måte som andre born. Det er heilt andre premissar for hans kommunikasjon enn for andre born sin kommunikasjon. Dei premissane Tobiiien set for kommunikasjon er med på å avgjere relasjonen i kommunikasjon med andre. Likevel kan ein ikkje påstå at ASK-brukarane som nyttar Tobii alltid får viljen sin fordi samtalepartnarane ikkje tør å seie imot i frykt for at brukarane skal streve med å svare. Dømet ovanfor skal

illustrere at den munnlege kommunikasjonen er annleis enn vanleg munnleg kommunikasjon, fordi Tobiiien set visse premissar for kommunikasjonen.

Det er mykje Nikolas og Birte ikkje får sagt. Utdanningsdirektoratet (2016c) hevdar at viss brukaren har gode skriveferdigheiter vil hen ved hjelp av kommunikasjonshjelpemiddelet kunne uttrykkje seg så fritt som skriveferdigheitene tillét. Ja, ein føresetnad for å klare å kommunisere ved hjelp av tastaturet er at brukaren kan skrive skikkelige setningar.

Samstundes er ikkje det å kunne skrive gode setningar synonymt med at ASK-brukarane kan kommunisere akkurat det dei vil, når dei vil. I Utdanningsdirektoratet sin påstand er det snakk om skriveferdigheiter, men ved bruk av Tobii utgjer skriveferdigheitene også brukarane sine munnlege ferdigheiter. Det brukarane skriv, er det som vert uttalt av talesyntesen. Det faktum at brukarane kan uttrykkje seg *så fritt som skriveferdigheitene tillét*, gjer faktisk at det er mykje ASK-brukarane ikkje får sagt i det heile teke. Samanlikna med tale har skrift lengre setningar, lengre ord, fleire framandord og fleire substantiv enn verb (Penne & Hertzberg, 2015, s. 43). Dersom ein ASK-brukar deltek i ei munnleg samtale der alle dei andre samtalepartnarane har funksjonell tale, vil samtalen mellom dei andre vere prega av ufullstendige setningar, nøleord og avbrot. På grunn av at ASK-brukaren må skrive eller velje symbol for å formulere setningar, vil det ta lang tid før brukaren klarar å gje respons på det samtalepartnarane spør om, og det er fare for at samtalepartnarane allereie har rukke å begynne på neste samtalemne.

### *5.1.2 Tobiiien vert styrt med auga*

Tetzchner og Martinsen (2002, s. 36) viser til at måten brukaren styrer talemaskina på er avhengig av kva funksjonsnedsettingar brukaren har og at peikinga kan skje på fleire måtar. Birte og Nikolas har funksjonsnedsettingar som gjer at dei må styre både tastaturet og symbola ved hjelp av auga. Sjølv om begge kan skrive og formulere gode setningar på tastaturet, er der visse utfordringar knytt til det å nytte tastaturkommunikasjon. Nikolas og Birte har ufrivillige bevegelsar i kroppen, noko som gjer det vanskeleg å styre blikket og halde det i ro der dei vil. I tillegg krev tastaturkommunikasjonen at dei må peike på kvar enkelt bokstav når dei skal formulere setningane dei ynskjer å uttrykkje, noko som både krev presisjon og er tidkrevjande. Likevel er tastaturkommunikasjonen betre å nytte enn symbola, når kroppen spelar på lag, fordi då kan dei formulere heilskapelege setningar og formulere budskapen nøyaktig slik som dei vil. Ved symbolkommunikasjon står dei i fare for at det vert usamansette setningar som gjer at samtalepartnaren må gjette seg fram til den riktige

bodskapen. Men symbolkommunikasjonen er til stor hjelp når kroppane deira ikkje spelar på lag, fordi dei som regel ikkje treng å nytte mange minutt for å formulere ein bodskap. I tillegg har symbola oftast større trefflate enn bokstavane, noko som gjer at det er lettare å treffe symbola enn bokstavane i tastaturet. Nikolas og Birte nyttar altså ikkje berre den eine eller den andre kommunikasjonsmåten. Styremåten er avhengig av forskjellige faktorar, som til dømes dagsform, kva situasjon dei finn seg i og kva bodskap dei ynskjer å formidle.

Uansett om Nikolas og Birte nyttar tastatur eller symbol gjev augestyling visse utfordringar. Det er til dømes umogeleg å styre Tobiien dersom dei er ute i sola. Då klarar ikkje det infraraude lyset å reflektere lyset i auga til brukaren, slik at augesporaren kan oppfatte kvar hen ser. Dermed står den kommunikative autonomien i fare for ASK-brukarane (Karlsen, 2016, s. 148). Dei skal kunne uttrykkje seg til ei kvar tid utan å vere avhengige av andre. Eg vil tru at det er mogeleg å finne løysingar som gjer at brukarane kan nytte hjelpemiddelet i sola. Kan ei mogeleg løysing vere å produsere sterkare infraraude lys slik at augesporaren klarar å oppfatte refleksjonane? Eller kunne det vore aktuelt å montere skuggelister rundt Tobiien, for å forhindre at solskinet forstyrrar? Eller vil desse løysingane øydelegge for andre faktorar knytt til styringa av hjelpemiddelet? Denne utfordringa viser kor viktig det er at kommunikasjonshjelpemiddelet fungerer til ei kvar tid, solskin eller ei.

### *5.1.3 Tobiien formidlar ikkje totalkommunikasjon*

Bateson (1972) sin teori om totalkommunikasjon går ut på det å ha evna til å forstå og gjere seg forstått ved hjelp av ulike middel. Han påpeikar at totalkommunikasjon består av både verbal og ikkje-verbal kommunikasjon. Nikolas og Birte kommuniserer både ved hjelp av verbal og ikkje-verbal kommunikasjon. For det fyrste må den verbale kommunikasjonen forståast som dei bodskapane som vert formidla gjennom Tobii. For det andre må Tobii-kommunikasjonen forståast som brukarane si hovudkommunikasjonsform. Den ikkje-verbale kommunikasjonen utgjer tillegg som uttrykkjer ein heilt ny bodskap eller som støttar opp om den verbale bodskapen. I Nikolas og Birte sine tilfelle er det hovudsakleg kroppsspråk og ansiktsmimikk som utgjer deira ikkje-verbale kommunikasjon. Det er som regel i samspelet mellom dei to kommunikasjonsformene bodskapane vert forma.

Funna i undersøkinga mi viser at det å kommunisere med hjelp av hjelpemiddel er ei kompleks kommunikasjonsform. Til dømes vart det svært tydeleg i observasjonen av Birte at ikkje-verbal kommunikasjon i stor grad kan bidra med like mykje mening som verbale

kommunikasjonsuttrykk. Det føresett at kommunikasjonspartnaren kjenner til brukaren, og klarar å tolke kva hen ynskjer å seie. Bateson (1972) hevdar at den verbale budskapen omhandlar innhaldet medan det ikkje-verbale har med relasjonar å gjere.

Observasjonssituasjonen min stadfestar at ikkje-verbal kommunikasjon faktisk har noko med relasjonar å gjere og at samtalepartnaren er avgjerande for å skape mening. Eg forstod ikkje kva Birte ynskte å formidle med dei ikkje-verbale kommunikasjonsuttrykka, men mor hennar tolka dei med ein gong. Relasjonen mellom dei gjorde det mogeleg for Birte å formidle budskapen gjennom ikkje-verbal kommunikasjon, i staden for å nytte Tobii og verbal kommunikasjon. Men for personar som ikkje har ein nær relasjon til ASK-brukaren, kan det vere vanskeleg å tolke desse ikkje-verbale kommunikasjonsuttrykka og føre til dårlege gjettingar og misforståingar. For ein ukjend samtalepartner vil det difor vere ein fordel dersom ein har verbal kommunikasjon ein kan støtte seg på i tillegg til ikkje-verbal. ASK-brukaren må med andre ord ta omsyn til kven hen skal formidle budskapen til og kva kommunikative uttrykk hen skal formidle denne budskapen gjennom.

## **5.2 Tobii set verbalspråklege rammer for kommunikasjon**

Ut i frå resultata kan ein sjå at bokmålsbrukaren får mogelegheit til å nytte eiga målform i kommunikasjon med Tobii, medan nynorskbrukaren ikkje får det. Når Tobii Dynavox AS utleverer ferdigproduserte Tobiiar, er alt av skriftleg innhald på bokmål, og talesyntesen er berre tilgjengeleg på ein bokmålsprega talemålsvariant. Likevel er det mogeleg for Nikolas og andre ASK-brukarar med nynorsk som målform å få det skriftlege innhaldet på nynorsk. Vilåret er at ASK-brukaren har føresette eller pedagogar rundt seg som har kompetanse til - og som maktar - å ta den omfattande jobben med å omsette alle symbol og oppsett.

### *5.2.1 Årsaker til manglande språkmogelegheter*

Det kan vere fleire årsaker til at det språklege innhaldet i Tobii berre er tilgjengeleg på bokmål. Hovudårsaka er sannsynlegvis økonomisk. Det kan vere svært kostbart å utvikle programvarer og tekst-til-tale-system til tekniske hjelpemiddel, noko som kan føre til at produsentane i Noreg må velje kva målform dei investerer pengar i. Nynorsk er som kjend eit minoritetsspråk i numerisk forstand, og bokmålet sin dominerande posisjon kan vere ein mogeleg årsak til at hjelpemidla berre vert utvikla på bokmål. Slik vil Tobii Dynavox AS og andre produsentar av kommunikasjonshjelpemiddel få seld og nådd ut til fleire ASK-brukarar

enn om dei berre produserte hjelpemiddelet på nynorsk.<sup>6</sup> Kunne ei mogeleg løysing vere at styresmaktene påla Tobii Dynavox AS å lage hjelpemiddelet på begge målformene før dei fekk selje produktet på den norske marknaden? Til dømes er dei som lagar lærebøker til skulane pålagde å produsere læreverka på begge målformene (Forskrift til opplæringslova, 2006, § 17.1).<sup>7</sup>

### *5.2.2 Verknadar av manglande språkmogelegheter*

Kva kan manglande språkmogelegheter føre til? I intervjuet med MB kom det blant anna fram at bokmål hadde «vorte» Birte si målform, fordi oppsetta og programvarane hovudsakleg var tilgjengelege på bokmål, men at ho truleg ville hatt nynorsk som målform dersom hjelpemiddelet og oppsetta i større grad var tilgjengeleg på nynorsk. Ein kan difor seie at ein mogeleg konsekvens av manglande språkmogelegheter i Tobiiiane kan føre til at ASK-brukarar vert tvungne til å skifte målform.

Eit slikt skifte kan i neste omgang føre til at ASK-brukarane vert oppfatta som knotarar når dei vert tvungne til å skifte målform. Skjekkeland (2010, s. 71) hevdar at ein person som knotar kan av andre verte oppfatta som ein som meiner at verdiane i den sosiale gruppa ikkje lenger er gode nok. ASK-brukarar står dermed i fare for å ufrivillig verte oppfatta som annleis og verte utstøtt frå den sosiale gruppa.

### *5.2.3 Skiljet mellom tale og skrift finst ikkje i Tobii*

Penne og Hertzberg (2015, s. 43) påpeikar at i tidelegare tale-skrift forskning var standardkriteria for munnleg språk avgjerande for å kunne skilje tale frå skrift. Til dømes hadde tale kortare setningar, mindre underordning, kortare ord, færre framandord og fleire verb enn substantiv samanlikna med skriftspråket. I motsetnad til tidlegare har framveksten av digitale kommunikasjonsformer ført til at mange av dei daglegdagse samtalanene har vorte til skriftleg kommunikasjon og at talespråklege trekk har vorte overført til skriftleg kommunikasjon. Penne og Hertzberg (2015, s. 43) hevdar at skriftleg og munnleg i mykje større grad flyt over i kvarandre i dag. I likskap med nyare tale-skrift forskning viser

---

<sup>6</sup> Eg har fleire gonger prøvd å komme i kontakt med Tobii Dynavox AS, utan hell. Det kan sjølvsgatt skuldast at dei ikkje har tid til å svare på slike førespurnadar eller at dei ikkje nyttar ressursar på å uttale seg om si verksemd til ein student som skriv masteroppgåve, kanskje fordi eg undersøker eit emne dei ikkje ynskjer skal belysast.

<sup>7</sup> Eg har ikkje klara å finne ut om det allereie finst slike ordningar innanfor ASK. Det kan også vere at det finst eigne reglar for utanlandske selskap som sel hjelpemiddel i Noreg. Tobii Dynavox AS er eit svensk selskap som produserer Tobiiar på mange språk.

undersøkinga mi at eit teknisk kommunikasjonshjelpemiddel som Tobii gjer skiljet mellom tale og skrift uklart. Nikolas og Birte har ikkje funksjonell tale og må skrive setningar eller velje symbol som vert uttalt av ein talesyntese. Skriftspråket utgjer både ASK-brukarane sitt skriftlege og munnlege språk, fordi deira talespråk er basert på det dei har skrive. Dessutan kan dei ikkje nytte standardkriteria for munnleg språk for å skilje talespråket frå skriftspråket. Når ASK-brukarar kommuniserer ved hjelp av Tobii, er det ingen skilnad på skrift og tale, som til dømes at talesyntesen har kortare setningar, mindre underordning, kortare ord, færre framandord og fleire verb enn substantiv.

#### *5.2.4 Talemålsvariantar i talesyntesar*

Penne og Hertzberg (2015) og Skjekkeland (2010) hevdar at ein tillèt ei stor variasjonsbreidd av talemålsvariantar i Noreg. For norske tekst-til-tale-system er denne påstanden ikkje gyldig. Det finst 14 forskjellige tekst-til-talesystem på den norske marknaden i dag («Talesyntese», 2019), men berre eitt system tilbyr stemmer med nynorsk talemålsvariant. Desse stemmene er ikkje aktuelle for Nikolas og Birte.<sup>8</sup> I Tobii Dynavox AS sitt tekst-til-tale-system er det berre éin norsk talemålsvariant som er tilgjengeleg. Denne talemålsvarianten er ein aust-norsk variant som ligg nærmare bokmål enn nynorsk. Det er likevel ikkje gjeve at Birte ville ha nytta ein talemålsvariant som er lik varianten i talesyntesen dersom ho hadde funksjonell tale. Birte kjem frå utkanten av ein by på Vestlandet som ligg i ein del av kjerneområdet til nynorsken. Det er vanleg at bokmål rår i byar og meir sentrale strøk, medan nynorsken rår i utkantområda (Teigen, 2001; Grepstad, 2005). I nærmiljøet til Birte eksisterer bokmål og nynorsk side om side, noko som kan skuldast at heimplassen hennar ligg i skjeringspunktet mellom by og utkant. MB sa i intervjuet at talesyntesen høyrer unaturleg ut, samanlikna med korleis Birte ville ha snakka dersom ho hadde hatt funksjonell tale, blant anna fordi det er fleire lokale ord og uttrykk talesyntesen ikkje får til å seie skikkeleg. Det kan difor vere at Birte ville ha vore nynorskbrukar dersom hjelpemiddelet i større grad var tilgjengeleg på nynorsk, sjølv om det er umogeleg å vite.

#### *5.2.5 Val av målform*

Bokmål og nynorsk er normerte skriftspråk og ikkje talemålsvariantar (Neteland, 2014). Begge mødrene påpeikar i intervjuet at det generelt er mange ord og samansetningar som

---

<sup>8</sup> På basis av søk kan det sjå ut som at tekst-til-tale systemet som tilbyr stemmer med nynorsk talemålsvariant berre finst for såkalla STL+ (Skrive til lesing) -opplæring. Kanskje kunne den nynorske talesyntesen også vore utvikla for Tobii.



høyrest rare og kunstige ut i talesyntesen. Det er difor ikkje berre nynorskbrukaren Nikolas som ikkje får nytta ein talemålsvariant som ligg tett opp mot den talemålsvarianten som vert snakka i nærmiljøet. Det er mange lokale ord og uttrykk heller ikkje Birte får sagt gjennom talesyntesen. Sjølv om ho har bokmål som målform, vil ikkje det seie at ho ville ha snakka ei rein «bokmålsdialekt» dersom ho hadde funksjonell tale. Det tyder at uansett kva skriftnormal brukarane har, vil dei ikkje kunne «snakke» som dei andre i nærmiljøet med mindre dei har ei dialekt som er tilnærma lik bokmålsnormalen. Skjekkeland (2010, s. 69) hevdar at talemålet vert sterkt påverka av kva sosiale miljø og kva verdiar vi identifiserer oss med og som vi vil verte oppfatta som ein del av. ASK-brukarane som nyttar Tobii, vil ikkje ha mogelegheita til å endre talemålet sitt etter kva sosiale miljø og verdiar dei identifiserer seg med og vil verte oppfatta som ein del av. Dei er nøydde til å nytte den talemålsvarianten som talesyntesen i Tobii tilbyr.

#### *5.2.6 Prosodi i talesyntesen*

I undersøkinga kom det fram at det er vanskeleg for talesyntesen å uttrykkje følelsar og tonefall knytt til ASK-brukarane sine dialekter. Desse aspekta ved tale er knytte til prosodi eller suprasegmentale trekk (Kristoffersen, 2003, s. 13). Produsentane av tekst-til-tale system legg stor vekt på å få talesyntese-stemmene til å høyrast så naturlege ut som mogeleg. Dersom dei suprasegmentale trekka vert feil, høyrest stemma veldig kunstig ut. Nokre av trekka kan markerast ved fonologiske transkripsjonar, som til dømes lengde på vokalar og tonegang. Men fleire suprasegmentale trekk har tekst-til-tale systema store problem med. For det fyrste er tonegangen i vanleg tale spreidd utover fleire stavingar, ikkje berre stavingar med trykk. Når ein finn fram til difoner (kombinasjonar av to lydar) må ein difor finne fram til difoner som er ein del av eit ord med tonelag éin og tilsvarande difoner som er ein del av eit ord med tonelag to. For det andre er det i normal tale vanleg å ha høgare tonehøgder på slutten av leddsetningar og lågare tonehøgder når ein avsluttar ei heilsetning. Ein må difor skilje mellom difoner midt i ei setning, i slutten av leddsetningar og i slutten av heilsetningar. Samanlikna med tidlegare talesyntesar høyrest dei difonbaserte talesyntesene mykje meir naturlege ut, fordi ein tek omsyn til overgangane mellom dei enkelte fonema («Talesyntese», 2019). Likevel gjer nokre suprasegmentale trekk det vanskeleg å få stemma til å høyrast naturleg ut. Dette resulterer i at ein får ei generisk stemme som i liten grad kan markere følelsar. I tillegg vert det umogeleg å opne opp for dialektversjonar, utan å skifte stemme. Det kan med andre ord vere vanskeleg å oppfylle draumen til informantane om at kvar enkelt ASK-brukar kan få sin eigen talesyntese med den talemålsvarianten brukaren ynskjer.

### 5.2.7 Stemmer

Acapela Group sitt tekst-til-tale system, som er det tekst-til-tale systemet som er tilgjengeleg i Tobii, tilbyr gute-, jente-, manns- og kvinnestemme. Nikolas nyttar gutestemma som heiter Elias, medan Birte nyttar jentestemma Emilie. Desse stemmene er alders-messig riktig til Nikolas og Birte no når dei er 10 og 9 år. Men kva når Nikolas og kompisane kjem i puberteten? Kompisane vil komme til å hamne i stemmeskiftet og etterkvart få mørkare, «vaksnare» stemmer. Nikolas vil derimot gå rett frå barnestemme til vaksenstemme, berre ved eit taste-trykk i Tobii. Det er ikkje slik stemmer utviklar seg naturleg. Det er ei gradvis endring som skjer, noko ASK-brukarane aldri vil få oppleve. Det er nok vanskeleg å aldersgradere stemmer, fordi alle menneske har forskjellige stemmer og stemmene våre utviklar og endrar seg ulikt. Difor kan vi ikkje argumentere for at det skal finnast stemmer som representerer kvar minste utvikling ein person med funksjonell tale opplever, men det burde vere mogeleg å tilby meir enn berre barne- og vaksenstemmer.

Samstundes kan denne problematikken vere med på å setje lys på eit viktig teknologisk aspekt: Så langt vi kan sjå i dag, kan ei maskin aldri vere eit menneske. Teknologien utviklar seg raskt, i dag vert det produsert teknologiske produkt som var heilt urealistiske for 20 år sidan. Likevel er det grunn til å tru at det finst avgrensingar i teknologien som gjer at maskinene ikkje vil kunne spegle alle aspekta ved måten vi endrar oss på gjennom livet. Likevel kan det godt vere at det er mogeleg å lage aldersspesifikke stemmer til kvar enkelt ASK-brukar, men at det vert dyrt. Det er ikkje til å leggje skjul på at økonomi styrer kva som er tilgjengeleg på marknaden.

## 5.3 ASK-brukarar og identitet

Gjennom oppgåva har eg identifisert utfordringar knytt til ASK-brukarane sin identitet. Det viser seg at det er fleire faktorar enn målform som skapar utfordringar for identiteten. Fleire av problema skuldast faktisk avgrensingar i sjølve hjelpemiddelet.

### 5.3.1 Stemma

Stemma vår har noko med identitet å gjere. Allereie i dei fyrste leveåra startar ein å utvikle si eiga, personlege stemme. Denne stemma er ein del av kven ein er og eins eigen personlegdomsstruktur (Jørgensen, 2008, s. 40) og har nær samanheng med eg-identiteten til eit menneske. Som eg har vist, er det lettare for Nikolas og Birte å identifisere seg med den

stemma dei nyttar no enn når dei vert eldre. Ein 18-åring vil ikkje høyrast ut som ein 10-åring eller ein 50-åring. Dersom dei ikkje ynskjer å nytte verken barne- eller vaksenstemma, er det ingen alternativ for dei.

### *5.3.2 Språklege identitetsmarkørar*

At ASK-brukarane ikkje får mogelegheit til å nytte personifiserande verkemiddel i kommunikasjonen, kan gjere det vanskeleg for dei å identifisere seg med hjelpemiddelet, og spesielt talesyntesen som uttalar budskapet. Tonefall, trykk og stemmeleie er med på å skape personlege uttrykk som er særigne for kvar enkelt person. Til dømes er det vanleg at born og ungdom etterkvart som dei vert eldre viser opposisjon til foreldra og har eit ynske om å vere meir sjølvstendige individ. Denne markeringa av opposisjon og ynskt sjølvstende kjem gjerne til syne gjennom små-frekke, sarkastiske og små-fornærmande utsegn. I Tobii er det umogeleg å uttrykkje slike personlege og særigne uttrykk, som vi har sett.

Mødrene til Nikolas og Birte fortalde at borna til dømes kan oppleve at noko er skikkelig kjekt, og skrive 'gøy' på tastaturet. Talesyntesen vil då seie «gøy» på same måte som den ville sagt det om Nikolas og Birte meinte det ironisk, sarkastisk eller fornærmande. Dette dømet viser at det også er vanskeleg for ASK-brukarane å vise i kva grad dei likar eller ikkje likar noko. Eit resultat av dette er at det i visse tilfelle vert opp til samtalepartnaren å vurdere i kva mening og i kva grad ASK-brukaren sine utsegner er gjeldande. Dermed kan vi seie at ein del av ASK-brukarane sin identitet på eit vis ligg i hendene til andre.

### *5.3.3 Språkleg tilhøyrse*

Undersøkinga mi viser at det ikkje er mogeleg å nytte ein nynorsknær talemålsvariant i kommunikasjon gjennom Tobii. Ein person som kjem frå ein plass der dei snakkar ein viss talemålsvariant, og som sjølv snakkar ein heilt annan talemålsvariant, kan ofte verte sett på som rar eller annleis. Som tidlegare nemnd kan knoting verte oppfatta som ei markering av at verdiane i dei sosiale gruppene ikkje er gode nok lenger (Skjekkeland, 2010, s. 71). Til dømes kan ei sosial gruppe for Nikolas vere klassekameratane hans. Dei snakkar den lokale talemålsvarianten, men det gjer ikkje Nikolas fordi den aktuelle talemålsvarianten ikkje er tilgjengeleg i Tobii. Klassekameratane kan tolke Nikolas som annleis fordi han ikkje snakkar som dei eller at han ikkje ynskjer å vere som dei. Det må presiserast at dette er ei konkretisering av kva som kan vere eit mogeleg tilfelle, og at det ikkje er noko som tilseier at

dette er eit reelt tilfelle for Nikolas. På ei anna side gjeld dette også Birte som har bokmål som målform. Talemålsvarianten i Tobii er heilt annleis enn den talemålsvarianten som vert nytta der Birte kjem frå, sjølv om talemålsvarianten i hennar nærmiljø har nokre bokmålstrekk. Denne problematikken kan både føre til at ASK-brukarane oppfattar seg sjølv som annleis enn dei andre på grunn av språket, men også at menneska i nærmiljøet til ASK-brukaren oppfattar hen som annleis. Det kan i verste fall få konsekvensar for ASK-brukarane sin personlege, sosiale og kollektive identitet. Ikkje berre kan det vere vanskeleg å sjølv skulle identifisere seg med hjelpemiddelet, men det kan også vere vanskeleg at andre trur at ein ikkje identifiserer seg med den sosiale gruppa fordi verdiane ikkje er gode nok.

Manglande språkmogelegheiter kan føre til at ASK-brukaren sin sosiale og personlege identitet vert påverka. Den sosiale identiteten omhandlar sosiale roller og at dei normene og verdiane som er innanfor fellesskapet er med på å forme individet sin identitet (Jørgensen, 2008, s. 38). Dersom ASK-brukaren vert «støtt ut» av den sosiale gruppa kan det påverke den personlege identiteten, altså ASK-brukaren si eiga forståing av seg sjølv som eit unikt individ (Jørgensen, 2008, s. 38). Manglande språkmogelegheiter kan såleis føre til at ASK-brukarane vert oppfatta som annleis, men dei kan også oppfatte seg sjølv som annleis enn «dei andre». Det er eit dilemma at hjelpemiddelet som skal hjelpe ASK-brukarane til å kommunisere og gje dei mogelegheitene til å vere mest moglege «like» born på sin eigen alder, kan vere ei av årsakene til at ASK-brukarane vert oppfatta som endå meir annleis enn dei eigentleg er.<sup>9</sup>

#### *5.3.4 Ufrivillig tausheit*

Det er mange tema ASK-brukarane ikkje får mogelegheit til å seie noko om, fordi vi tenkjer at det vil vere umoglege for dei. Eit døme kan vere at ASK-brukarane i denne studien ikkje får dele sine egne erfaringar og refleksjonar kring ASK, målform og identitet. Generelt kan det vere mange ting ASK-brukarane ikkje får sagt, fordi folk ikkje trur dei klarar det eller at dei rett og slett lar vere. Dei lar vere å seie ting fordi dei opplever at det krev meir enn det gjev. Dei veit at det vil ta lang tid å formulere, at samtalepartnarane ikkje gjev dei tid til å formulere budskapen eller at dei opplever at deira stemme ikkje vert høyrte. Det er mykje ASK-brukarane ikkje får sagt på grunn av dei premissane kommunikasjonshjelpemiddelet set for kommunikasjon.

---

<sup>9</sup> Det må presiserast at det med «annleis enn andre» vert meint at ASK-brukarane er avhengige kommunikasjonsmiddel for å kunne kommunisere.

### 5.3.5 Gøymd bak funksjonsnedsettinga

I følgje American Speech- Language- Hearing Association (1993) kan kommunikasjonsvanskar vere primære eller sekundære. Både Birte og Nikolas sine kommunikasjonsvanskar er sekundære, noko som tyder at kommunikasjonsvanskane deira kjem i tillegg til andre utfordringar. I intervjuet kom det fram at det til tider kan oppstå situasjonar der det er tydeleg at andre ser funksjonsnedsettingane før dei ser Birte eller Nikolas, sjølv om det ikkje er hensikta deira. Det kan skuldast usikkerhet og lite kjennskap til funksjonsnedsettingar, men også eller at dei har lyst til å lære meir om ASK, og difor gløymer å sjå personen som nyttar hjelpemiddelet. Eg skal ikkje spekulere i kvifor ASK-brukarane kan verte gøymd bak hjelpemiddelet. Poenget er å få fram kor viktig det er at ein ser brukarane for den dei er og anerkjenner dei som dei er.

## 5.4 Konklusjon

Tobii er den einaste mogelegheita ASK-brukarane har til å kommunisere, og då kan ein spørje seg om det spelar noko rolle om dei får nytte si eiga målform. Dersom Birte og Nikolas ikkje hadde hatt augestyrt Tobiiar hadde kommunikasjonen deira vore avgrensa til kroppsspråk, ansiktsmimikk, gestar, berøring m.m. Med Tobii får dei mogelegheit til å uttrykkje seg gjennom ei stemme som uttalar det dei skriv eller dei symbola dei vel. Men basert på funna mine vil eg hevde at ASK handlar om meir enn å kunne kommunisere med andre menneske. Det å nytte Tobii er ein del av Nikolas og Birte. Tobii utgjer stemma deira, uttrykket deira og er ein del av dei som personar.

*I denne oppgåva har hypotesen min vore følgjande: «Nynorskbrukarar som er avhengige av augestyrt kommunikasjonshjelpemiddel får ikkje nytte eiga målform i kommunikasjon. Dette får konsekvensar for identiteten deira».*

Eg vil konkludere med at hypotesen sin fyrste del har vorte stadfesta gjennom arbeidet. Undersøkinga viser at ASK-brukarar med nynorsk som målform ikkje får nytte eiga målform i kommunikasjonshjelpemiddelet Tobii, medan ASK-brukarar med bokmål som målform får nytte eiga målform. Rett nok er Tobii I-series maskinene utvikla slik at nynorskbrukarane har mogelegheit til å redigere alt av innhald og oppsett, og dermed nytte si eiga målform. Men det krev at nokon i ASK-brukaren sine omgjevnadar tek på seg jobben, ferdigproduserte kommunikasjonshjelpemiddel levert av Tobii Dynavox AS er ikkje tilgjengelege på nynorsk.

Også hypotesen sin andre del er stadfesta, men med eit viktig tillegg: Undersøkinga viser at det ikkje berre er nynorskbrukaren sin identitet som vert påverka. Det er fleire eigenskapar ved sjølve hjelpemiddelet som påverkar brukarane sin identitet, uavhengig om dei har bokmål eller nynorsk som målform. Til dømes vil ikkje talesyntesen kunne representere den dialekta eller talemålsvarianten som ASK-brukarane ville ha snakka dersom dei hadde funksjonell tale, fordi ingen av dei ville hatt ein så tydeleg bokmålsnær talemålsvariant, slik som talesyntesen. I tillegg er talesyntesen i hjelpemiddelet berre tilgjengeleg med barnestemme eller vaksenstemme, og ikkje ungdomsstemmer eller andre stemmer som vi finn mellom barn og vaksen. Alle desse faktorane er med på å påverke ASK-brukarane sin identitet, og undersøkinga viser dermed at det er fleire faktorar enn målform som er med på å påverke ASK-brukarane sin identitet.

## 6 Avslutning

Ved å analysere innsamla datamateriale frå intervju og observasjon har denne empiriske undersøkinga gjeve meg erfaringar og kunnskapar som gjer at eg veit meir om korleis kommunikasjon med Tobii føregår, kva målformer ASK-brukarane har moglegheit til å kommunisere med og korleis denne typen kommunikasjon påverkar ASK-brukarane sin identitet.

### 6.1 Avgrensingar

Postholm (2005, s. 68) hevdar at ein gjennom samtalar får innblikk i og forståing for kva som føregår i andre si medvit og deira livsverd. Det kan difor stillast spørsmål ved om studien min verkeleg viser korleis ASK-brukarane sin identitet vert påverka, sidan eg ikkje har intervjua dei, men deira føresette. Det er dei føresette sitt medvit og sin livsverd eg har fått tilgang til, og ikkje Tobii-brukarane. Eg kan difor ikkje seie at undersøkinga viser heile sanninga om korleis ASK-brukarane sin identitet vert påverka. Men ved å intervju dei føresette, som har snakka med borna sine om språk og identitet, føler eg at eg har fått indirekte tilgang til ASK-brukarane sine tankar om temaet. Eg meiner at undersøkinga representerer nokre sanningar knytt til språk og identitet, og at forskinga har vorte gjennomført på ein skikkelig og etisk forsvarleg måte. Det hadde vore uetisk å gjennomføre lange intervju med ASK-brukarane, når eg veit kor mykje det ville ha kosta dei. Dei føresette har gjeve meg svar på det eg ynskte, samstundes som dei har gjeve meg utdjupande informasjon som har tilført endå fleire perspektiv til studien.

Eg valde eit kvalitativt design med to informantar. Med kvantitative datainnsamlingsmetodar og større utval ville eg fått svar frå fleire informantar og dermed hatt moglegheit til å, i større grad, generalisere resultatane. De nasjonale forskningsetiske komiteene (2010) påpeikar at formålet med kvantitative metodar er å kartlegge ulike fenomen si utbreiing, medan formålet med kvalitative metodar er å utforske meiningsinnhaldet i sosiale fenomen slik det opplevast for dei involverte. Formålet med mitt prosjekt var å finne fram til korleis ei bestemt gruppe menneske opplever og erfarer eit fenomen, noko som gjorde det naturleg å nytte ei kvalitativ tilnærming. Eg opplevde difor i arbeidsprosessen at ei verdifull side ved mastergradavhandlinga er at eg nettopp har eit lite utval. For det fyrste har dei kvalitative metodane sin styrke i validiteten. Validitet dreiar seg om metoden undersøker det som er intensjonen å undersøkje, noko som er enklare å sikre dersom ein har eit lite utval informantar

(Postholm, 2005, s. 170). Informantane vart utvalde ved hjelp av eit strategisk utval, noko som gjer at eg har sikra at utvalet representerer dei eigenskapane og kvalifikasjonane som er strategiske når det kjem til det finne svar på hypotesen (Thagaard, 2013, s. 60). For det andre er det innsamla datamaterialet basert på djupneintervju, noko som har gjeve meg moglegheita til å avdekke fleire nyansar, samanhengar og årsaksforhold som gjerne ikkje ville vore like synlege i kortare, kvantitative innsamlingsmetodar. Men djupneintervju er ressurskrevjande, dei tek tid å gjennomføre og ikkje minst å analysere. Det ville vore vanskeleg å gjennomføre djupneintervju med ei stor mengde informantar i ei mastergradavhandling som denne.

Det kan kanskje vere uheldig for oppgåva mi at eg ikkje har funne tidlegare forskning som kunne vere med på å kaste lys over dei resultatane eg har kome fram til. Likevel kan vi sjå mine resultat i samanheng med resultat frå fleire forskingsoppgåver som omhandlar ASK (Holen, 2011; Kristensen, 2014). Til dømes konkluderer Holen (2011) med at ASK skil seg frå vanleg kommunikasjon ved at ASK er ei «fleksibel kommunikasjonsform», der kommunikasjonen er samansett av både verbale og ikkje-verbale kommunikasjonsformer. I tillegg stadfestar Kristensen (2014) i si masteravhandling at det viktigaste er at brukarane får kommunisere, og at ASK-brukarane får auka livskvalitet når dei får kommunisere med omverda. Sjølv om desse forskingsprosjekta ikkje direkte kan vere med på å belyse min hypotese, er det likevel mogleg å sjå parallellar mellom min studie og tidlegare ASK-forsking. Det kan dessutan vere ein styrke at denne oppgåva kan bidra med ny kunnskap til eit forskingsfelt som det tidlegare har vore lite eller inga forskning på.

## **6.2 Vidare forskning**

Alternativ og supplerande kommunikasjon med fokus på målformene i hjelpemidla er eit område der det trengs auka forskning for at ein skal oppnå god innsikt og gjere ASK endå betre. Under arbeidet med denne masteroppgåva har eg difor tenkt på fleire innfallsviklar til vidare forskning som tek utgangspunkt i både kvalitative, kvantitative eller blanda metodar.

Fyrst og fremst ville det vore interessant å knyte resultatane frå denne studien direkte opp mot undervisning i skulen. Det hadde blant anna vore interessant å intervjuje *lærarane om korleis dei legg til rette norskundervisning for ASK-brukarane med nynorsk målform*. Det hadde også vore interessant å undersøkje den same problemstillinga utan å ta omsyn til ASK-brukarane



sine målformer, men sjå generelt på korleis lærarar legg til rette undervisning og utviklar undervisningsopplegg til elevar som er avhengige av kommunikasjonshjelpemiddel.

Det hadde også vore interessant å gjennomføre ein studie med eit større utval, der ein såg nærmare på *korleis ASK-brukarar kommuniserer med kvarandre*. I kommunikasjon mellom ASK-brukarar og kommunikasjonspartnarar som har funksjonell tale, har ofte kommunikasjonspartnaren eit stort ansvar (Tetzchner & Martinsen, 2002, s. 38). Men korleis vert det aktuelle forholdet mellom kommunikasjonspartnarane dersom begge er avhengige av hjelpemiddel for å kommunisere? Formålet med ei slik undersøking ville vore å få auka kunnskap om kva som kjenneteiknar denne typen kommunikasjon og finne fram til særegne eigenskapar og føresetnadar ved denne typen kommunikasjon.

Sist, men ikkje minst, kunne det vore verdifullt å gjennomføre ei undersøking der ein fekk talfesta *kor mange elevar i grunnskulen som er avhengige av alternativ og supplerande kommunikasjon*. Talet Vidje (2017) presenterer, omfattar alle born og ungdomar mellom 0-18 år som er avhengige av ei alternativ eller supplerande kommunikasjonsform. Formålet ved ei slik undersøking ville vore å finne ut av kor mange born i skuleverket som er avhengige av ASK, slik at skulesektoren kunne førebu seg på å møte desse elevane sine behov. Basert på egne erfaringar frå lærarutdanninga, der eg har sett kor få som har kjennskap til ASK, meiner eg at det er eit behov for auka kompetanse kring ASK blant lærarar, pedagogar og anna undervisningspersonell i skulen.

### **6.3 Målet med arbeidet mitt**

I byrjinga av masterarbeidet utarbeida eg forskjellige mål, både personlege, praktiske og samfunnsrelaterte. Mine *personlege mål* var blant anna å få meir kunnskap om alternativ og supplerande kommunikasjon og korleis denne typen kommunikasjon fungerer. Vidje (2017) hevdar at det er minst 7500 born i Noreg som har behov for ei alternativ og supplerande kommunikasjonsform. Som kommande lærar kjenner eg difor eit ansvar for å kunne ta imot desse borna i skulen og at dei skal føle seg mest mogeleg inkludert i klassefellesskapet. Eg vil vere ein av dei som viser at borna som nyttar ASK ikkje er så veldig annleis enn andre born. Dei treng eit hjelpemiddel for å kommunisere og dei har medisinske utfordringar, men elles er dei som andre born. I tillegg er eg sjølv ein stolt nynorskbrukar, som opplever nynorsken som ein del av meg og min identitet.

Eg hadde eit *praktisk mål* om å finne ut meir om kva språkvilkår som var i Tobii Dynavox AS sine talemaskiner, og om brukarane fekk nytte den målforma dei har i hjelpemiddelet. Eg har sett at bokmålsbrukarane får nytte eiga målform, men ikkje nynorskbrukarane. Likevel er det språklege avgrensingar i hjelpemiddelet, også for bokmålsbrukarane.

Det har også vore eit mål å kjempe for nynorsken – ikkje berre for min eigen del, men også i eit *samfunnsperspektiv*. Undersøkinga viser at den generelle tendensen vi ser, der nynorsken er eit minoritetsspråk samanlikna med bokmål, også er tilfelle i alternativ og supplerande kommunikasjon. Samfunnet har eit ansvar for å ivareta kulturarven og dei språklege tradisjonane vi har i Noreg, og ASK-bruken vert endå eit døme på at nynorsken står i fare for å verte fullstendig overkøyrte av bokmål.

I prosessen med masteroppgåva opplevde eg også at eg har fått ei god innføring i kvalitativ forskning, og det har vore kjekt å sjå masteroppgåva forme seg til eit heile. Det har også vore spanande og kjekt å gjennomføre empiriske undersøkingar. Spesielt interessant har det vore å observere ASK-brukarane når dei kommuniserer ved hjelp av Tobii. Eg har lært at uansett kor godt ein planlegg og førebur intervju, så vil det alltid dukke opp nye opplysningar eller ny informasjon som utvidar forståingshorisonten.

Gjennom ein lang arbeidsprosess med masteroppgåva har eg tileigna meg teoretiske kunnskapar, eg har lært mykje om metode i vitenskapleg forskning og eg trur eg har vorte ein meir kompetent skrivar. Men det eg kjem til å hugse aller best frå arbeidet med denne studien er det informantane har lært meg om livet. Den kjærleiken, positiviteten og det pågangsmotet informantane i undersøkinga har ladt meg få innsyn i, er noko eg aldri kjem til å gløyme. Dei har ikkje lagt skjul på at det kan vere tøft, at det til tider krev mykje og at dei av og til kan føle seg einsame i situasjonen. Likevel vert det «negative» overskygga av alt det positive, og informantane har vore opne, imøtekommande og ærlege om korleis livet med ASK er. Vi er mange som har mykje å lære av dei. Det har difor vore viktig for meg å ikkje framstille ASK og ASK-brukarane i eit einseitig lys. For er det noko eg har lært, er det at ASK ikkje er så annleis enn andre typar kommunikasjon. Det å vere avhengig av ASK handlar rett og slett berre om å ha ein annan måte å uttrykkje seg på.

## Bibliografi

- Aamli, Å. (2017). *Hvordan begrunner 10.-klassinger i Nordhordland valg av skriftspråk på skolen og i sosiale medier?* (Masteravhandling, Høgskulen på Vestlandet). Henta frå <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/2481549>
- American Speech-Language-Hearing Association. (1993). *Definitions of communication disorders and variations*. Henta frå <https://www.asha.org/policy/RP1993-00208/>
- Bateson, G. (1972). *Steps to an Ecology of Mind*. New York: Ballantine Books.
- Bull, T. (2004). Nynorsk som minoritetsspråk. *Språknytt*, 32 (3-4), s. 36-39. Henta frå [https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt\\_2004\\_3\\_4/Bull/](https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Bull/)
- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2010, 15. januar). Kvalitative og kvantitative forskningsmetoder- likheter og forskjeller. Henta frå <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Medisin-og-helse/Kvalitativ-forskning/1-Kvalitative-og-kvantitative-forskningsmetoder--likheter-og-forskjeller/>
- Dysthe, O. (1996). *Ulike perspektiv på læring og læringsforskning*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Eide, H. & Eide, T. (2007). *Kommunikasjon i relasjoner: samhandling, konfliktløsning, etikk*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Forskrift til opplæringslova. (2006). Forskrift til opplæringslova. Kapittel 17. Elevens rett til læremiddel på eiga målform (FOR-2006-06-23-724). Henta frå [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL\\_20#KAPITTEL\\_20](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_20#KAPITTEL_20)
- Fuglseth, K. (2018). Vitenskapsteori og hermeneutikk. I M. Krogtoft & J. Sjøvoll (Red.), *Masteroppgaven i lærerutdanninga. Temavalg, forskningsplan, metoder* (s. 245-262). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Grepstad, O. (2002). *Det nynorske blikket*. Oslo: Det Norske samlaget.
- Grepstad, O. (2005). *Nynorsk faktabok 2005*. Hovdebygda: Nynorsk kultursentrum.
- Haptisk (2018). I *Store Norske Leksikon*. Henta frå <https://snl.no/haptisk>
- Haugstvedt, K. T. & Stordal, S. M. (1994). *Omsorg som arbeid. Kommunikasjon*. Oslo: NKS-forlaget.
- Hernes, R. (2012). Bokmål eller nynorsk – er det spørsmålet? *Maal og Minne*, 104(2), s. 56-90.

- Hjelpemiddeldatabasen. (2019). *Tobii Dynavox I-16 Touch* [Fotografi]. Henta frå <https://www.hjelpemiddeldatabasen.no/r11x.asp?linkinfo=64400&newsid=3790&apostid=761>
- Holand, A. (2018). Oversiktsstudier og spørreskjema. I M. Krogtoft & J. Sjøvoll (Red.), *Masteroppgaven i lærerutdanninga. Temavalg, forskningsplan, metoder* (s. 93-115). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Holen, K. D. (2011). *Å forstå- og bli forstått: et studie av kommunikasjon mellom en elev benytter seg av alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK) og hans kommunikasjonspartnere* (Masteravhandling, Universitetet i Oslo). Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/31427/masterx2011-xkristinedanielsenholen-ferdig%5b1%5d.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Idsøe, T. (2016). *Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? Ei undersøking av språkskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsone og eit språkdelt område i Hordaland* (Masteravhandling, Universitetet i Bergen). Henta frå <http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/12095/144678093.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Johannessen, A., Tufte, P. A. & Kristoffersen, L. (2004). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (2. utg.). Oslo: Abstrakt Forlag.
- Johnsen, G. (2018). Intervjuet som forskningsredskap. I M. Krogtoft & J. Sjøvoll (Red.), *Masteroppgaven i lærerutdanninga. Temavalg, forskningsplan, metoder* (s. 197-209). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Jørgensen, C. R. (2008). *Identitet - Psykologiske og kulturanalytiske perspektiver* (2. utg.). København: Hans Reitzels Forlag.
- Karlsen, A. V. (2016). Alternativ og supplerende kommunikasjon- ASK. I R. Engh (Red.), *Barn og unge med utviklingshemming i skolen* (s. 145-157). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Kjørup, S. (2008). *Menneskevidenskabene 1. Humanioras historie og grundproblemer* (2. utg.). Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Kolstrup, S., Agger, G., Jauert, P. & Schröder, K. (2009). *Medie- og kommunikationsleksikon*. Frederiksberg: Samfundslitteratur.
- Kristensen, T. T. (2014). *Det viktigste for meg er å kunne kommunisere. En kvalitativ undersøkelse av noen voksne med medfødte talevansker om hva som må være til stede for at en samtale skal oppleves som god for personer som bruker alternativ og supplerende kommunikasjon* (Masteravhandling, Norges Arktiske Universitet). Henta

frå

<https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/6594/thesis.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

- Kristoffersen, G. (2003). *Norsk prosodi* (3. utg.). Bergen: Universitetet i Bergen. Henta frå <http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/20291/Norsk%20Prosodi%2003.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Krumsvik, R. (2013). *Innføring i forskningsdesign og kvalitativ metode*. Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Interview. Det kvalitative forskningsinterview som håndværk* (3. utg.). København: Hans Reitzels Forlag.
- Leirvåg, A. (2016). *Lyd møter bokstav. Tekstbehandlingsprogram med talesyntese i den første lese- og skriveopplæringen* (Masteravhandling, Høgskolen Stord/Haugesund). Henta frå <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmloi/bitstream/handle/11250/2427914/AnneTengsLeirvag.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Lorentzen, P. (1998). *Språk og handling. Språkutvikling hos vanlige og uvanlige barn*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Lorentzen, P. (2013). *Kommunikasjon med uvanlige barn* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Lorentzen, P. & Vestberg, P. (2007). *Fra tilskuer til deltager: samspill og kommunikation med voksne utviklingshæmmede*. Aalborg: Materialecentret.
- Mead, G. H. (1934). *Mind, self, and society. From the standpoint of a social behaviorist*. Chicago: University of Chicago Press.
- Mjøen, T. (2006). *Tidlig tilgang til et grafisk språkmiljø* (Prosjektoppgåve). Høgskulen i Vestfold.
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus Forlag.
- Neteland, R. (2014). Å snakke bokmål og å snakke nynorsk. I E. Brunstad, A-K. H. Gujord & E. Bugge (Red.), *Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald* (s. 267- 296). Oslo: Novus Forlag.
- Næss, K-A. B. (2012). *Language and reading development in children with Down syndrome* (Masteravhandling). University of Oslo, Faculty of Educational Sciences.
- Næss, K-A. B. (2015). God kommunikasjon med ASK-brukere. I K-A. B. Næss & A. V. Karlsen (Red.), *God kommunikasjon med ASK-brukere* (s.15- 47). Bergen: Fagbokforlaget.

- Næss, N. G. & Sjøvoll, J. (2018). Observasjon som forskningsmetode. I M. Krogtuft & J. Sjøvoll (Red.), *Masteroppgaven i lærerutdanninga. Temavalg, forskningsplan, metoder* (s. 179-196). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa (LOV-1998-07-17-61). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Penne, S. & Hertzberg, F. (2015). *Muntlige tekster i klasserommet* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Postholm, M. B. (2005). *Kvalitativ metode. En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Rommetveit, R. (1972). *Språk, tanke og kommunikasjon: ei innføring i språkpsykologi og psykolingvistik*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Røsstad, R. (2008). *Den språklege røynda: ein studie i folkelingvistikk og dialektsendring frå austre Vest- Agder*. Oslo: Novus forlag.
- Skjekkeland, M. (2010). *Dialektlandet*. Kristiansand: Portal forlag.
- Språkrådet. (2019). Normering av nynorsk og bokmål. Henta frå <https://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Norsk/normering/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2019). 03743: Elevar i grunnskolen, etter målform, statistikkvariabel og år. 2002-2019 [Datasett]. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/03743/tableViewLayout1/>
- Statlig spesialpedagogisk tjeneste. (2018, 04. oktober). Alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK). Henta frå <https://www.statped.no/kombiner-te-syns--og-horselstap-og-dovblindhet/alternativ-og-supplerende-kommunikasjon-ask/>
- Talesyntese (2019). I *Wikipedia, den frie encyklopedi*. Henta frå <https://no.wikipedia.org/wiki/Talesyntese>
- Teigen, H. (2001). Nynorsk og regional utvikling. I E. Bakke & H. Teigen (Red.), *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale* (s. 140-173). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Tetzchner, S. V. & Martinsen, H. (2002). *Alternativ og supplerende kommunikasjon. En innføring i tegnspråkopplæring og bruk av kommunikasjonshjelpemidler for mennesker med språk- og kommunikasjonsvansker*. Oslo: Gyldendal Akademiske.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Tobii Dynavox. (2019a). Den nye I- series. Henta 16. januar 2020 frå <https://no.tobiidynavox.com/pages/i-series>

- Tobii Dynavox. (2019b). Slik fungerer øyestyring. Henta 16. januar 2020 frå <https://no.tobiidynavox.com/pages/hvordan-fungerer-oyestyring>
- Tobii Dynavox. (2019c). Snap Core First. Henta 16. januar 2020 frå <https://no.tobiidynavox.com/pages/snap-core-first>
- Tobii Dynavox. (2019d). Communicator 5. Henta 16. januar 2020 frå <https://no.tobiidynavox.com/pages/communicator-5>
- Utdanningsdirektoratet. (2013). Læreplan i norsk (NOR1- 05). Formål. Henta frå <https://www.udir.no/k106/NOR1-05/Hele/Formaal>
- Utdanningsdirektoratet. (2016a, 07. juni). Hva er ASK? Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/ask/ASK-skole/hva-er-ask-og-hvem-har-behov-for-det/>
- Utdanningsdirektoratet. (2016b, 07. juni). Alternative kommunikasjonsformer for elever med ASK. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/ask/ASK-skole/kommunikasjonsformer/>
- Utdanningsdirektoratet. (2016c, 07.juni). Kommunikasjonsmidler for elever med behov for ASK. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/ask/ASK-skole/kommunikasjonsmidler/>
- Vidje, G. (2017). Skaper forståelse for ASK. *Statped Magasinet*, 2017(02), s. 6-7. Henta frå [https://www.statped.no/globalassets/statpedmagasinet/dokumenter/statpedmagasinet\\_2017\\_enkeltsider.pdf](https://www.statped.no/globalassets/statpedmagasinet/dokumenter/statpedmagasinet_2017_enkeltsider.pdf)
- Vygotskij, L., Roster, M., Bielenberg, T. & Kozulin, A. (2001). *Tenkning og tale*. Oslo: Gyldendal akademisk.



# Vedlegg

## Vedlegg 1: Bilete av Tobii talemaskin

Side 1 av 1

A) Bilete av Tobii talemaskin (Hjelpemiddeldatabasen, 2019).



B) Døme på tastatur for kommunikasjon (privat bilete).



C) Døme på symbol for kommunikasjon (privat bilete)





### NSD sin vurdering

**Prosjektittel**

Ein komparativ studie av alternativ og supplerande kommunikasjon for elevar med ulike målformer

**Referansenummer**

411854

**Registrert**

03.10.2019 av Birgitte Sunde - 149173@stud.hvl.no

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolkning

**Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)**

Ture Schwebs, ture.schwebs@hvl.no, tlf: 55585769

**Type prosjekt**

Studentprosjekt, masterstudium

**Kontaktinformasjon, student**

Birgitte Sunde, 149173@stud.hvl.no, tlf: 99221717

**Prosjektperiode**

20.08.2019 - 15.05.2020

**Status**

29.10.2019 - Vurdert

---

**Vurdering (1)****29.10.2019 - Vurdert**

Det er vår vurdering at behandlingen vil være i samsvar med personvernlovgivningen, så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet den 29.10.2019 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

**MELD ENDRINGER**

Dersom behandlingen av personopplysninger endrer seg, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. På våre nettsider informerer vi om hvilke endringer som må meldes. Vent på svar før endringen gjennomføres.

**TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET**

Prosjektet vil behandle særlige kategorier av personopplysninger om helse og alminnelige personopplysninger frem til 15.05.2020.

**LOVLIG GRUNNLAG**

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og art. 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a), jf. art. 9 nr. 2 bokstav a, jf. personopplysningsloven § 10, jf. § 9 (2).

#### PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

#### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1 f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Elizabeth Blomstervik

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

## Vil du delta i forskingsprosjektet

### *”Alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer”?*

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å *diskutere forholdet mellom nynorsk og bokmål i ein situasjon der born er avhengige av tekniske hjelpemiddel for å kommunisere*. I dette skrivet får du informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking inneber for deg.

#### **Formål**

Forskinga skal gjennomførast og behandlast i samband med eiga masteroppgåve. Masteroppgåva markerer slutten på mi femårige lærarutdanning med Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Formålet med prosjektet er å utarbeide ein komparativ studie der eg diskuterer alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer og kva det har å seie for brukarane sin identitet. Studien søkjer å finne svar på om born med ulike målformer får nytte eiga målform i kommunikasjonen, eller om dei tekniske hjelpemidla set avgrensingar kring det å nytte eiga målform. Eg vil difor observere to born (eit med nynorsk og eit med bokmål som målform) for å få svar på om det er eit likeverdig forhold mellom nynorsk og bokmål i alternativ og supplerande kommunikasjon, med særleg vekt på augestyrte/augekontrollerte hjelpemiddel. I tillegg til observasjon ynskjer eg å intervju foreldre/lærarar til born som nyttar tekniske hjelpemiddel i kommunikasjon. Hensikta med intervju er å få djupnekunnskapar om dei tekniske hjelpemidla, kva moglegheiter/avgrensingar dei set i forhold til det å nytte eiga målform og korleis kommunikasjon på eiga/anna målform påverkar brukarane sin identitet.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Du får spørsmål om å delta i forskingsprosjektet, fordi du nyttar tekniske hjelpemiddel i kommunikasjon. Du har mykje erfaringar og kunnskapar om det å nytte slike hjelpemiddel, og kan vere til stor hjelp i mitt forskingsarbeid. Ein person med anna målform enn deg vil også verte spurt om å delta i forskinga.

### **Kva inneber det for deg å delta?**

- Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at eg observerer din bruk av tekniske hjelpemiddel i kommunikasjon. Eg vil observere deg i kring 60-120 minutt. Eg vil notere det som vert observert av målform knytt til det tekniske hjelpemiddelet, og skrive ned observasjonsnotat. Namnet ditt vil ikkje verte notert, men eg vil nytte kodar for å forklare kva du gjer og korleis du gjer det. Desse notatane vil verte lagra åtskilt frå anna datamateriale i forskingsprosjektet.
- Eg vil også be læraren din/foreldra dine om å gje nokre opplysningar om deg i et intervju. Det vil vere opplysningar om korleis du nyttar tekniske hjelpemiddel, om du får nytta målforma di og kva muligheiter/avgrensingar dei tekniske hjelpemidla set for å kunne nytte di eiga målform. Eg tek lyd-opptak og notatar frå intervjuet med læraren/foreldra dine.

Sidan det er dine foreldre som må samtykke til at du deltek i prosjektet, kan dei få sjå observasjonsskjemaet på førehand dersom dei tek kontakt.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å måtte gje noko grunn. Alle opplysningar om deg vil då verte sletta umiddelbart. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg. Dersom du deltek vil ikkje det påverke forholdet ditt til skulen/læraren, då dei ulike forskingsmetodane vil verte gjennomført som avskilte forskingsmetodar.

## **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og nyttar dine opplysningar**

Vi vil berre nytte opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Berre masterstudenten og rettleiarane vil ha tilgang til dine opplysningar.
- For å sikre at ingen uvedkommande får tilgang til personopplysingane dine vil eg halde samtykkeerklæringa (med namn og informasjon) åtskilt frå anna datamateriell. Observasjonsnotata vil verte makulert etter prosjektslutt.
- Eg vil gjere alt eg kan for at du ikkje skal verte kjend igjen i publikasjonen av oppgåva, men kva målform du har, kva slags teknisk hjelpemiddel du nyttar og korleis du nyttar hjelpemiddelet vil vere naudsynt å publisere for å kunne gjere greie for kva kunnskapar og erfaringar du har kring alternativ og supplerande kommunikasjon og målformer.

## **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Prosjektet skal etter planen avsluttast 15.05.2020. Etter at prosjektet er avslutta vil alle personsopplysningar verte sletta og alle skriftlege samtykker og notatar vil verte makulert. Det vil ikkje førekomme namn eller direkte personopplysningar i sjølve masteroppgåva.

## **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få sletta personopplysningar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

## **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra *Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking* har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### Kvar kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til studien, eller ynskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- *Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolkning* ved  
Birgitte Sunde (student), på e-post [birgitte\\_sunde@hotmail.com](mailto:birgitte_sunde@hotmail.com), eller tlf.: 99 22 17 17  
Ture Schwebs (rettleiar), på e-post [ture.schwebs@hvl.no](mailto:ture.schwebs@hvl.no), eller tlf.: 55 58 57 69  
Ellen Birgitte Johnsrud (rettleiar), på e-post [Ellen.Birgitte.Johnsrud@hvl.no](mailto:Ellen.Birgitte.Johnsrud@hvl.no), eller tlf.: 55 58 58 86
- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS, på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller tlf.: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Birgitte Sunde

Masterstudent, Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjonen om prosjektet *Alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til at \_\_\_\_\_:

- Kan delta i observasjon
- At læraren min/foreldra mine kan gje opplysningar om meg til prosjektet
- At anonymiserte opplysningar om meg publiserast

Eg samtykker til at \_\_\_\_\_ sine opplysningar kan behandlast fram til prosjektet er avslutta, ca. 15.05.2020.

---

(Signert av prosjektdeltakar sin føresatt/sine føresette, dato)

## Vil du delta i forskingsprosjektet

### *” Alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer” ?*

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å *diskutere forholdet mellom nynorsk og bokmål i ein situasjon der born er avhengige av tekniske hjelpemiddel for å kommunisere*. I dette skrivet får du informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking inneber for deg.

#### **Formål**

Forskinga skal gjennomførast og behandlast i samband med eiga masteroppgåve. Masteroppgåva markerer slutten på mi femårige lærarutdanning med Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Formålet med prosjektet er å utarbeide ein komparativ studie der eg diskuterer alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer og kva det har å seie for brukarane sin identitet. Studien søkjer å finne svar på om born med ulike målformer får nytta eiga målform i kommunikasjonen, eller om dei tekniske hjelpemidla set avgrensingar kring det å nytte eiga målform. Eg vil difor observere to born (eit med nynorsk og eit med bokmål som målform) for å få svar på om det er eit likeverdige forhold mellom nynorsk og bokmål i alternativ og supplerande kommunikasjon, med særleg vekt på augestyrte/augekontrollerte hjelpemiddel. I tillegg til observasjon ynskjer eg å intervju foreldre/lærarar til born som nyttar tekniske hjelpemiddel i kommunikasjon. Hensikta med intervju er å få djupnekunnskapar om dei tekniske hjelpemidla, kva muligheter/avgrensingar dei set i forhold til å nytte eiga målform og korleis kommunikasjon på eiga/anna målform påverkar brukarane sin identitet.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Grunnen til at du får spørsmål om å delta i prosjektet er at du har ein relasjon til eit barn som nyttar tekniske hjelpemiddel i kommunikasjonen. Du har kunnskapar og erfaringar som kan vere nyttige og hjelpsame for å få svar på forskingsspørsmåla i prosjektet.

### **Kva inneber det for deg å delta?**

- Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du deltek i eit intervju på kring 30-60 minutt. Dette intervjuet vil vere basert på ein intervjugaid, som du vil få muligheita til å sjå på førehand. Intervjuet vil bestå av spørsmål kring alternativ kommunikasjon, tekniske hjelpemiddel og målformer. Intervjuet vil verte teke opp ved ein lyd-opptakar, og vil verte transkribert rett etter intervjuet. Etter transkripsjonen vil lyd-opptaket verte sletta. Alle namn eller personopplysningar som kjem fram i intervjuet vil verte erstatta med kodar i form av bokstavar og tal.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å måtte gje nokon grunn. Alle opplysningar om deg vil då verte sletta umiddelbart. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og nyttar dine opplysningar**

Vi vil berre nytte opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Berre masterstudenten og rettleiarane vil ha tilgang til dine opplysningar.
- For å sikre at ingen uvedkommande får tilgang til personopplysingane dine vil eg halde samtykkeerklæringa (med namn og informasjon) avskilt frå anna datamateriell. Det vil også verte nytta ein lyd- opptakar som er godkjend og eigd av Høgskulen, slik at det ikkje er fare for at nokon skal få tak i lyd-opptak frå private einingar. Opptaket vil verte sletta rett etter transkripsjon og transkripsjonen vil innehalde kodar for namn og andre personopplysningar.
- Eg vil gjere alt eg kan for at du ikkje skal verte kjend igjen i publikasjonen av oppgåva, men relasjonen til barnet kan vere naudsynt å publisere for å kunne gjere greie for



kva kunnskapar og erfaringar du har kring alternativ og supplerande kommunikasjon og målformer.

### **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Prosjektet skal etter planen avsluttast *15.05.2020*. Etter at prosjektet er avslutta vil alle personsopplysningar verte sletta og alle skriftlege samtykker og notatar vil verte makulert. Det vil ikkje førekome nokre namn eller direkte personopplysningar i sjølve masteroppgåva.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få sletta personopplysningar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra *Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking* har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kvar kan eg finne ut meir?**

Dersom du har spørsmål til studien, eller ynskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- *Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking* ved  
Birgitte Sunde (student), på e-post [birgitte\\_sunde@hotmail.com](mailto:birgitte_sunde@hotmail.com), eller tlf.: 99 22 17 17  
Ture Schwebs (rettleiar), på e-post [turo.schwebs@hvl.no](mailto:turo.schwebs@hvl.no), eller tlf.: 55 58 57 69  
Ellen Birgitte Johnsrud (rettleiar), på e-post [Ellen.Birgitte.Johnsrud@hvl.no](mailto:Ellen.Birgitte.Johnsrud@hvl.no), eller tlf.: 55 58 58 86.

- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS, på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Birgitte Sunde

Masterstudent, Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen.

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjonen om prosjektet *Alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- Å delta i eit intervju
- At anonymiserte opplysningar om meg publiserast
- At mine personopplysningar lagrast til prosjektslutt

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta, ca.

15.05.2020

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Observasjonsspørsmål	Observasjon 1	Observasjon 2
<b>Kva hjelpemiddel nyttar brukaren?</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tobii Dynavox I-15 med augestyring.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tobii Dynavox I- 12 med augestyring.</li> </ul>
<b>Korleis kommuniserer brukaren i hjelpemiddelet?</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skriver på tastatur der setningane vert lese opp av talesyntesen.</li> <li>• Vel symbol der orda vert lese opp av talesyntesen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vel symbol der orda vert lese opp av talesyntesen.</li> <li>• Skriver på tastatur der setningane vert lese opp av talesyntesen</li> </ul>
<b>Kva kommunikasjonsprogram nyttar brukaren?</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Communicator 5</li> <li>• Snap Core first</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Communicator 5</li> <li>• Snap Core First</li> </ul>
<b>Kva stemme er det på talesyntesen som brukaren nyttar?</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnestemme (gut)                             <ul style="list-style-type: none"> <li>- Acapela Elias</li> </ul> </li> <li>• Bokmålprega talemålsvariant.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnestemme (jente)                             <ul style="list-style-type: none"> <li>- Acapela Emilie</li> </ul> </li> <li>• Bokmålsprega talemålsvariant</li> </ul>
<b>Korleis styrer/aktiverer brukaren augestyring?</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Flytter blikket rundt på skjermen for å finne rett bokstav/ symbol.</li> <li>• Held blikket på bokstaven/symbolet for å angje val.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Flytter blikket rundt på skjermen for å finne rett bokstav/ symbol.</li> <li>• Held blikket på bokstaven/symbolet for å angje val.</li> </ul>
<b>Kva språk ligg inne og er mulig å nytte på det aktuelle hjelpemiddelet?</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Norsk (bokmål)</li> <li>• Engelsk</li> <li>• Spansk</li> <li>• Telle på finsk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Norsk (bokmål)</li> <li>• Engelsk</li> <li>• Kan vere fleire men desse eg observerer.</li> </ul>

<b>Har brukaren muligheita til å nytte eiga målform?</b>	Ja, føresatt har redigert alle symbola/ordbileta til nynorsk. Dersom talesyntesen skal uttale orda høyrest det rart ut.	Ja. Brukaren har bokmål som målform og alle symbol/ordbileta er skrivne på bokmål. Talesyntesen har også ein bokmålsprega talemålsvariant.
<b>Er hjelpemiddelet levert med den målforma barnet har?</b>	Nei.	Ja.
<b>Korleis er hjelpemiddelet bygd opp?</b>	Med ei startside der ein finn hurtigord, kjerneord og ulike temabøker (t.d. engelskbok, leikebok eller skulebok.	Med ei startside der det er ulike temasider, kategoriar m.m. Kategoriar som namn, tid, adjektiv, substantiv m.m.
<b>Har brukaren moglegheita til å sjølv endre utforming og enkeltord på hjelpemiddelet?</b>	Ja, men per dags dato er ikkje det noko brukaren driv med sjølv. Føresette tek seg av det.	Ja, men brukaren gjev beskjed kva symbol/ordbilete som manglar og kva hen ynskjer å ha. Føresette/pedagogar tek seg av sjølve redigeringa.

# Intervjugaid til masteroppgåva «*Alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer*».

## Arbeidstittel:

En komparativ studie av alternativ og supplerande kommunikasjon for born med ulike målformer.

## Forskingsspørsmåla er:

- Kva for vilkår for bruk av nynorsk og bokmål gjev det tekniske kommunikasjonshjelpemiddelet Tobii?
- Kva mogelegheiter har brukarane av Tobii til å nytte eiga målform i kommunikasjon?
- Kva har mogelegheitene til å nytte eiga målform i kommunikasjonshjelpemiddelet å seie for ASK-brukarane sin identitet?

Tema	Tematiske spørsmål	Stikkord for mulige oppfølgingsspørsmål
<b>Erfaringar med ASK</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva forhold har du til ASK?</li> <li>• Har du noko utdanning innan ASK?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det barnet ditt eller eleven din som nyttar ASK?</li> <li>• Kva form for hjelpemiddel innanfor ASK kjenner du til?</li> </ul>
<b>ASK</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis definerer du omgrepet ASK?</li> <li>• Er ASK viktig? I så fall kvifor?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva alternativ og supplerande kommunikasjon er det du har kunnskapar og kompetanse om?</li> </ul>
<b>Brukar av ASK</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva funksjonsnedsettingar gjer at barnet treng ASK?</li> <li>• Kva målform nyttar brukaren av ASK som du har ein relasjon til?</li> <li>• Kva tekniske ferdigheiter trengst for å nytte hjelpemiddelet?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva type hjelpemiddel er det barnet treng?</li> <li>• Korleis fungerer hjelpemiddelet?</li> <li>• Kva muligheiter gjev hjelpemiddelet?</li> <li>• Kan brukaren styre heile hjelpemiddelet sjølv (eller partnarfortolka?)</li> </ul>

<b>Tobii Dynavox talemaskinen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva talesyntese finn ein i hjelpemiddelet?</li> <li>• Kva kommunikasjonsprogram er tilgjengelege i maskina?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva heiter stemma barnet ditt nyttar?</li> <li>• Er talesyntesen tilgjengeleg på ein bokmål/nynorsk talemålsvariant?</li> <li>• Korleis kommuniserer brukaren i det aktuelle kommunikasjonsprogrammet(tastatur, symbol)?</li> </ul>
<b>Målform</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva legg du i ordet målform?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det nynorsk eller bokmål som er målforma i nærmiljøet?</li> </ul>
<b>Målform i ASK</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Får brukaren nytta si eiga målform i bruk av hjelpemiddelet?</li> <li>• Finst programvaren i hjelpemiddelet på nynorsk/bokmål?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eventuelt i kva delar av kommunikasjonen får brukaren nytta /ikkje nytta eiga målform?</li> </ul>
		<p>Dersom den ikkje finst på målforma:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne du ynskje for brukaren sin del at den var på nynorsk/bokmål?</li> <li>• Kva ville dei positive sidene ved det vere?</li> <li>• Ville det vore nokon negative sider ved det?</li> </ul>
		<p>Dersom den finst på målforma:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva har det å seie for brukaren at den får nytta eiga målform?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Merkar du forskjell på kommunikasjonen i bokmål/nynorsk?</li> <li>• Har fråværet av hjelpemiddel på nynorsk/bokmål i det heile teke nokon konsekvensar for kommunikasjonen?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis vert kommunikasjonen påverka av at ein må nytte eiga/anna målform?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det færre/fleire tilgjengelege reiskapar i hjelpemiddelet samanlikna med andre språk?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• F.eks.: svensk/engelsk?</li> </ul>

<b>Identitet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva har mogelegheita til å nytte/ikkje nytte eiga målform å seie for brukaren sin identitet?</li> <li>• Klarar brukaren å identifisere seg med den munnlege talen?</li> <li>• Er det noko som burde/kunne vore annleis slik at det vart lettare å identifisere seg med talemålsvarianten?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Heime?</li> <li>• Skulen?</li> <li>• Nærmiljøet?</li> <li>• Storsamfunnet?</li> </ul>
<b>Avsluttande spørsmål</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsaksforklaringar</li> <li>• Verknadsforklaringar</li> <li>• Er det noko du vil leggje til i intervjuet?</li> <li>• Er det noko du vil utdjupe vidare?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsaksforklaringar: Kvifor er situasjonen slik den er? (At ein får nytta målforma eller ikkje).</li> <li>• Verknadsforklaringar: Kva kan konsekvensane av (manglande) programvare verte?</li> </ul>

**HUGS:**

Informer om at intervjuobjektet kan få innsyn i opplysningar og få endra/sletta opplysningar frå intervjuet.

# Transkripsjon, intervju 1

*F = Forskar*

*I1 = Informant 1*

- 1 F: Kva forhold har du til ASK?
- 2 I1: Eh, forholdet mitt til ASK det er at barnet mitt begynte med det når han var eitt år gammal.
- 3 Då begynte han med reine symbol. Så fekk han Tobii når han var to år og har brukt augestyrte
- 4 Tobii etterpå, fram til no når han er 10 og eit halvt år.
- 5 F: Mhm. Har du noko utdanning innanfor ASK?
- 6 I1: Nei, det har eg ikkje. Eg har mykje kursing via Statped Vest. Både via lokale nettverk og
- 7 kurs. Og har hatt nær kontakt med dei heile vegen. Så eg har ikkje utdanning, men eg har også
- 8 fått beskjed om at eg ikkje treng noko utdanning for eg har fyrste året allereie. Mykje erfaring.
- 9 F: Det tvilar eg ikkje på.
- 10 I1: Det fekk eg beskjed om at eg ikkje trengde å ta.
- 11 F: Nei, det... Trur erfaring har mykje å seie.
- 12 I1: Ja, det er veldig erfaringsbasert.
- 13 F: Ja. Og så vidare var det då ....
- 14 I1: Men eg kan jo kanskje seie det at eg har utdanning som pedagog.
- 15 F: Ja.
- 16 I1: Ja. Det er kanskje litt relevant.
- 17 F: Ja. Og så var det vidare var det kva hjelpemiddel innanfor ASK kjenner du til?
- 18 I1: Eh.. Vi har brukt .. Vi starta med tematavle og auge- peikebøker. Så har vi brukt
- 19 enkeltsymbol. Og vi har .. men ut av sånn datahjelpemiddel har vi kun hatt Tobii. I nyare
- 20 versjonar etterkvart som dei har komt. Og etterkvart som behovet har meldt seg. Blant anna
- 21 skifta han Tobii for nokre år sidan fordi han fekk briller.
- 22 F: Mhm.
- 23 I1: Fordi den gamle maskina klara ikkje å lese briller.
- 24 F: Ja.
- 25 I1: Ja, så då fekk han ein nyare versjon. Så har vi prøvd oss fram sånn i forhold til storleik og
- 26 sånt. Men vi har enda opp på den største maskina. Så no har han ei I- 15. Men vi brukte



1 Boardmaker i starten og vi har hatt Communicator 4. Så fekk vi Communicator 5. Og no har  
2 vi SnapCore First. Det er så langt namn på det at... Men ja.

3 F: Haha ja. Men så har vi jo litt sånn med erfaringar og tidlegare sånn.. Og så tenke eg litt  
4 sånn.. No har jo eg såtte å skreive veldig mykje om kva ASK er og sånt. Men korleis vil du  
5 definere ....

6 I1: ASK?

7 F: Ja?

8 I1: For min sin del. Altså ASK, alternativ og supplerande kommunikasjon det er på ein måte  
9 sånn som vi andre snakkar men ein treng eit hjelpemiddel for å få språket ut. For mitt sitt barn  
10 så betyr det.. for han har ikkje .. han snakkar ikkje sjølv med stemme. Så nokon må hjelpe  
11 med å gi han ei stemme. Så det er på ein måte det alternative kommunikasjonen han har. Det  
12 er det at han styre stemma med auga sine i staden for at den kjem med munnen.

13 F: Mhm.

14 I1: Og så kjem den ut av ei maskin.

15 F: Ja.

16 I1: Så for min sin del så er det på ein måte ikkje så annleis enn korleis vi kommuniserer. Det  
17 er berre ein annan måte å få det ut på.

18 F: Mhm.

19 I1: Så. Men ein defi.. Eg kan ikkje noko sånn definisjon då men.. Ein treng noko anna for å få  
20 kommunisert.

21 F: Mhm.

22 I1: For han sin del er det augestyrt maskin. For nokon andre kan det bety det å kunne trykke  
23 med knappar og sånt. Og vi bruka det no i kombinasjon med.. Tidlegare så hadde han lyd,  
24 men etter han fekk tracheostomi så har ikkje han noko særleg lyd i det heile teke. Så no er vi i  
25 vertfall heilt avhengige av den. Men vi bruka no datamaskina i kombinasjon med kanskje  
26 symbol utanom eller og veldig mykje ansiktsmimikk.

27 F: Mhm.

28 I1: Så det er ein kombinasjon av spesielt det med kroppsspråk og ansiktsmimikk. I  
29 kombinasjon med datamaskina som gjev han ei stemme.

30 F: Mhm. Ja, men det er veldig greitt fordi at ein får litt større perspektiv når ein får dei som er  
31 vandt til det og som kjenne til det. Når ein sit å lese i bøker.. for der er det så...

32 I1: Heilt ærleg så kan ikkje eg den reine definisjonen på alternativ og supplerande  
33 kommunikasjon.

34 F: Nei. Og der er hundrevis for å seie det sånn

1 I1: Ja, det kan godt hende  
2 (Latter)

3 F: Ja, det er jo ganske innlysende då men... Er ASK viktig? Og i så fall kvifor?

4 I1: For min sin del og for barnet mitt sin del så er det kjempeviktig. Det er framtida til barnet.  
5 Og spesielt når du har ein kropp som overhovudet ikkje fungerer, men du har eit godt hovud.  
6 Han har føresetnadar for å kunne ta seg ei utdanning, og føresetnadar for å verte noko. Men  
7 om han ikkje hadde hatt.. kunne brukt ASK så hadde han vore innestengd i sin eigen kropp  
8 utan den mogelegheita til å påverke både sin eigen kvardag og å kunne få lov til å utvikle seg  
9 som menneskje.

10 F: Mhm.

11 I1: No er han eit kognitiv sterkt barn på lik linje med dei som er like gamle som han. Henge  
12 etter i nokre få fag, men det er gjerne fordi.. sånn som matematikk som er veldig abstrakt.  
13 Som han ikkje får konkretisert på same måte som andre ungar får gjort, fordi han ikkje kan  
14 bruke kroppen sin sånn som dei gjer.

15 F: Mhm

16 I1: Men eg tenke at ASK gjev han mogelegheita.. Det gjev han eit verdig liv. Enkelt og greitt.

17 F: Ja.

18 I1: Ja, det gjev vertfall han mogelegheita til å ha eit verdig liv og det er kjempeviktig at både  
19 foreldre og dei som jobbar rundt han, og lærarane ser kor viktig det er at han får vidareutvikle  
20 det. Og han har jo kjempestore utfordringar blant anna med dystonier i auga og ein kropp som  
21 motarbeida han mykje.. Så i periodar har det vore vanskelig å bruke datamaskina og  
22 augestylinga.

23 F: Ja.

24 I1: Men at vi då er like bevisste på vi snakkar med han og kommuniserer med han men brukar  
25 meir det med ansiktsmimikk og kroppsspråk for å tolke han.

26 F: Mhm.

27 I1: For det er også ein måte å kommunisere på.

28 F: Absolutt. Ehm, så er det jo det med... du har jo sagt litt om det då men

29 I1: Ja, for det som er med mitt barn det er at han har store funksjonshemmingar.. Altså han har  
30 ein kropp som ikkje fungerer sånn som han vil. Han har ei hjerneskade som gjer det. Den  
31 hjerneskada gjer også det at han ikkje har talespråk. Ein annan ting som er veldig med han sin  
32 diagnose det er at dei er kognitivt veldig sterke.

33 F: Mhm, ja.

1 I1: Ja. Men den hjerneskada han har fått påverka kroppen.. Han har veldig store  
2 funksjonsnedsettingar men... eller han har store medisinske utfordringar også, men han har  
3 ikkje.. Han er eit heilt vanleg barn... Ja.

4 F: Ja. Og så er det jo vidare kva målform nyttar barnet ditt?

5 I1: Han brukar i utgangspunktet.. i utgangspunktet er det nynorsk. Og følgje nynorsk  
6 undervisning på skulen. Ja.

7 F: Ja. Og neste spørsmål er kva tekniske ferdigheiter treng ein for å bruke hjelpemiddelet.  
8 Altså Tobii?

9 I1: Augestyrt Tobii er.. Augestyrt maskiner er den mest krevjande forma for kommunikasjon  
10 som finst.

11 F: Mhm.

12 I1: Det er den mest tidkrevjande. Det er den som krev mest presisjon. Og den er... Eg har  
13 prøvd det sjølv og det er utruleg utmattande å sitte over tid å styre ei maskin med auga. I  
14 vertfall så tenke eg med han som har dystonier. Altså ufrivillige bevegelser i auga også.. Så er  
15 det mykje feiltreff. Men samtidig så er han ein type som ikkje gjev seg.. Så han viskar og  
16 skriv opp igjen til det vert slik som han har tenkt det skal verte. Og det skal ikkje berre vere  
17 sånn at andre forstår det, det skal vere rett skrive. Det skal ikkje berre vere forståelig for  
18 andre, men han er veldig perfektjonist på rettskriving blant anna.

19 F: Mhm.

20 I1: Ja. Men det er jo noko vi har jobba mykje med. Det er det.

21 F: Det er jo veldig standardiserte desse spørsmåla her, så vi kjem jo inn på masse av dette i  
22 dei andre spørsmåla men ...

23 I1: Vi er veldig fornøgde med. Eller eg er veldig fornøgd med Tobii. Dei maskinene i forhold  
24 til augestyring .. eg trur ikkje det finst betre maskiner i forhold til augestyring enn det dei har.  
25 Og dei fleste som.. Det er litt sånn.. Det er ofte litt sånn basert på kva augestyrt maskin om det  
26 er Rolltalk eller Tobii som hjelpemiddelsentralen er best på der dei levera dei ut. I nokre  
27 område levera dei ut veldig mykje Rolltalk fordi det er det Hjelpemiddelsentralen er best på.  
28 Andre område levera dei ut veldig mykje Tobii'a fordi det er det Hjelpemiddelsentralen der er  
29 best på. I nokon område så vel dei dei hjelpemiddela som er best for ungane! Og det er vel  
30 den viktigaste jobben til ein hjelpemiddelsentral, det er å finne ut kva er det den ungen treng.  
31 Kva er det beste tekniske hjelpemiddelet for den ungen, ikkje kva er vi best på. Sånn at vi kan  
32 levere det ut.

33 F: Mhm.

1 I1: For skulle eg ha valt mellom ein rullestol og ein Tobii for mitt born, så hadde eg valt ein  
2 Tobii.

3 F: Ja.

4 I1: Det er viktigare for barnet mitt å ha ei stemme enn å komme seg rundt. Men sånn er det  
5 veldig få som trur at det er.

6 F: Ja.

7 I1: For du kan få tre forskjellige rullestola og andre hjelpemiddel i all verdas slags forskjellige  
8 variantar.. Men det er veldig vanskeleg å få fleire Tobii'ar. Og visst du for eksempel ikkje  
9 har.. eg tenke at alle skulle hatt to stykk. For visst Tobii'en her klikkar så har ikkje barnet mitt  
10 ei stemme. Og då tek eg i frå han det viktigaste han har.

11 F: Mhm.

12 I1: Og det er fyrst og fremst retten til å få bestemme sitt eige liv.

13 F: Ja. Og det er jo det litt neste spørsmål handlar om. Kva mogelegheiter gjev eit sånt  
14 hjelpemiddel?

15 I1: Det gjev han mogelegheita til å utvikle seg og få bestemme over seg sjølv. Og han veit kva  
16 han vil og ikkje. Sjølv om han ikkje har Tobii'en så gjev han beskjed om kva han vil med heile  
17 seg sjølv då men likevel så gjev Tobii'en han spesifikke mogelegheiter til å uttrykkje akkurat  
18 kva han vil utan at det vert ein gjettekonkurranse for dei som står der med han.

19 F: Ja. Og så er det jo då spørsmål om brukaren styre heile hjelpemiddelet sjølv?

20 I1: Kva du tenke?

21 F: Altså om hjelpemiddelet krev partnerfortolking ??

22 I1: Ja. Nei, han styrer hjelpemiddelet sitt heilt sjølv. Men vi rundt han lagar det han treng å ha  
23 på hjelpemiddelet. Men han kan også.... Fordi han skriv.. bruka både symbolbasert  
24 kommunikasjon sånn som SnapCore men han skriv også sjølv på tastatur. Når han er i  
25 kjempefin form så skriv han akkurat det han vil på tastaturet. Når han treffer dårlegare så har  
26 vi alltid symbolbaserte bøker i back-up. Altså at han brukar SnapCore fordi det går fortarte..  
27 men visst han skal seie ting fortare, visst han skal kommunisere fortare eller han treffer  
28 dårlegare enn elles.. i staden for å sitte å skrive ord så brukar han symbola. Men han kan også  
29 gå inn i tastaturet sitt å skrive eit ord som han manglar i symbolboka si som han vil ha der.

30 F: Ja.

31 I1: Han kan også gi beskjed om at.. her for nokre år sidan.. to- tre år sidan så gav han beskjed  
32 om at han skulle ha ei leikebok. Han skulle ha ei bok der alle tinga han likte å leike med var  
33 inndelt i tema, og dei tinga han trengte til dei leikane. Så lagde vi det. Sånn at han fekk det.  
34 Sånn at han brukar på ein måte begge deler, men han styrer det sjølv. Og klart dersom det vert

1 mykje feiltreff for eksempel når han sitter på tastaturet og prøvar så inderleg å skrive noko og  
2 eg skjønner kva han skal skrive og eg spør han om han vil ha hjelp til å skrive det så kan eg  
3 skrive det til han.

4 F: Mhm.

5 I1: Ofte dersom han er usikker på nye ord som han ikkje kan skrive rett. For eksempel så for  
6 eit par år sidan så skjønnte eg etter mykje om og men at han prøvde å skrive YouTube på  
7 tastaturet. Men han visste ikkje korleis han skulle skrive YouTube. Så han prøvde å skrive det  
8 slik som det høyrdes ut for han også skjønnte eg etterkvart at det var det han prøvde å skrive.  
9 Så då spurte eg om «vil du at mamma skal vise deg korleis du skrive YouTube?» Ja, det ville  
10 han. Så då skreiv eg YouTube til han sånn som du skrive det, og etter det så har han skreve  
11 det rett. For då kan han det.

12 F: Mhm.

13 I1: Og sånn har vi gjort det med veldig mykje ord. Veldig mange ting som han er usikker på,  
14 eller som kanskje er litt sånn vanskelig å skrive eller kanskje det er utanlandsk, eller er  
15 kompliserte samansettingar av bokstavar så er han.. fordi han er så oppteken av å skrive det  
16 rett så skrive eg det fyrst. Men eg skrive det jo ein gong og så kan han det. Så han styrer  
17 Tobien sin sjølv og eg håpar han kan styre den meir og meir dess eldre han vert. Og at han  
18 også kan leggje inn på ting dersom han treng det. Eller omorganisere det om han har lyst til  
19 det. Men foreløpig er det vi som gjer det. Stort sett eg.

20 F: Mhm. Og så kjem vi jo inn på det med nynorsk og bokmål, målformene. Er det nynorsk  
21 som er målforma i nærmiljøet?

22 I1: Ja, det er det.

23 F: Og får barnet ditt bruke eiga målform i hjelpemiddelet?

24 I1: Ja, det gjer han stort sett. Fordi eg har oversett alt han har fått frå bokmål til nynorsk. Fordi  
25 eg meiner at det er viktig at han får snakke på nynorsk slik som dei andre gjer. Det gjorde eg  
26 med MeToo- boka og det gjorde eg med dei fyrste bøkene vi hadde liggande innpå som var  
27 augepeikebøkene men i dataform. Så skreiv eg dei på nynorsk. MeToo satt eg å skreiv inn alle  
28 orda, medan ho som laga boka hjalp meg med oppbygginga av den. Så den er på nynorsk.  
29 Snap helde eg på å oversette frå bokmål til nynorsk. Alt eg har laga til han sjølv av  
30 pensumbøker, leikebøker og andre temagreier så har eg laga det på nynorsk. Men ingenting  
31 som kjem ferdig laga er på nynorsk. Så det er ein jobb dei rundt han må gjere. For at han skal  
32 få snakke på nynorsk.

33 F: Mhm.

1 I1: Talesyntesen, Elias, som han brukar. Den snakkar bokmål, så sjølv om eg oversett alt til  
2 nynorsk så høyrest det litt bokmål aktig ut. Så i alle fall om ein ikkje laga meir hjelpemiddel  
3 på nynorsk, så skulle ein laga ei talesyntese som var nynorsk. For ungar.  
4 F: Vertfall at dei var litt meir dialektnære?  
5 I1: Ja, at det var.. at ein hadde eit anna trykk på.. For det er veldig mange ord som kan høyrest  
6 veldig rare ut. Det er generelt på Tobii, om det er på bokmål også at det kan vere ein del  
7 samansetningar av bokstavar og ord som høyrest veldig rart ut. Det teke tid å finne ut kanskje  
8 korleis.. det kan det nok vere på bokmål og men spesielt på nynorsk så får det liksom ikkje  
9 heilt den nynorsk- slengen på det som eg skulle ynskje var der. Men eg er veldig glad for at  
10 han har barnestemme då.  
11 F: Ja, for det kan jo sjåast i samanheng med språk og identitet og?  
12 I1: Ja, for når barnet mitt begynte med Tobii så var han to år. Han høyrdes ut som ein mann  
13 på 35. Så vi var fleire foreldre som jobba i fleire år med Tobii for å få dei til å lage  
14 barnestemme. Altså norske barnestemmer. Der var engelske barnestemmer og der var norske  
15 vaksenstemme, men der var ikkje norske barnestemmer. Så det kom for ein del år sidan, ca.  
16 2015- 2016. Vertfall rundt der kom Elias. Både ei jente- og ei gutestemme. Som har vorte  
17 hans si stemme etterkvart. For han no, så er det stemma. Han ville nok reagert om vi forandra  
18 mykje på den, men samtidig så trur eg at han ville satt pris på å få lov til å høyrest meir ut som  
19 vennane sine når han snakka.  
20 F: Mhm.  
21 I1: Men for å gjere det nokolunde likt så prøva eg å oversette mesteparten av bøkene til  
22 nynorsk sånn at han får vere nynorsk han også. Det er det som er språkforma her. Aller helst  
23 kunne eg ynskje meg at han snakka lokaldialekta.  
24 (Latter)  
25 F: Ja, ikkje sant?  
26 I1: Og det er jo noko med at han har våre 2 år og hadde Tobii, då skulle eg ynskje at han  
27 høyrdes ut som ein liten gut. No er han 10 år og no passar den Elias- stemma, men så vert han  
28 15- 16 år og dei andre kjem i stemmeskiftet. Skal vi gå bang over til ei vaksenstemme?  
29 Stemme utvikla ikkje seg sånn. Du får jo ei gradvis formørking av stemma, så eg skulle  
30 ynskje at det vart laga typ tenåringsstemme, ung vaksen stemme. Men at dei skulle hatt både  
31 bokmål og nynorsk talesyntese på. Det aller beste hadde vore dersom alle ungene fekk si eiga  
32 stemme. Si heilt eiga stemme.  
33 F: Mhm. For du sa jo litt det med at no er det jo han si stemme.  
34 I1: Det har vorte det ja.

1 F: Men tenke du at det er noko han tenkjer over? At han kunne ynskje at han snakka meir  
2 som..?

3 I1: Det er noko vi har snakka om då at.. Men han var så lukkeleg når han slappa av høyrrest ut  
4 som ein vaksen mann. At eg ikkje trur han.. Så vart Elias hans si stemme. Så eg trur ikkje han  
5 reflektera så veldig hardt over det. Men han lika ikkje å seie «jei», «mei» og «dei» (bokmål  
6 talevariant).

7 F: Nei

8 I1: Og «ikke». Det veit eg. Han lika at ein seie «eg» og «ikkje». Ja. Han seie jo «meg» og  
9 «deg» likevel då, fordi Tobiiien får ikkje til å seie «meg» og «deg» (nynorsk talemålsvariant).

10 F: Ja, det er vel ikkje muleg i talesyntesane på bokmål?

11 I1: Nei, så lenge det er bokmål talesyntese så vert det litt vanskeleg å få det til.

12 F: Mhm. Ehm, eg har vore i kontakt med fleire som utviklar talesyntese og då vart eg  
13 merksam på at det er ei ny talesyntese som er på nynorsk. Er det noko dokke har høyrd om?

14 I1: Nei, det er ingen som har sagt til oss at det har vorte laga noko nynorsk talesyntese. Eg har  
15 jo vorte kjend med mange som brukar ASK. Eg drifta også, eg starta opp ei Facebook side  
16 som heiter Alternativ og supplerande kommunikasjon for 5- 6 år sida. Der er ein 1700- 1800  
17 medlem. Både folk som jobba med brukarar som nyttar ASK, der er folk som brukar ASK  
18 sjølv, foreldre til, pedagogar, tilsette i StatPed og Tobii, firma. Ja, der er masse folk som er  
19 innpå der.

20 F: Mhm.

21 I1: Og eg tenke når sånne ting dukka opp, så burde dei visst om at det finst eit heilt miljø  
22 som... For eg har ikkje høyrd noko frå verken StatPed eller firmaa som levera maskinene om  
23 at det er noko under utarbeiding.

24 F: Mhm. Så det burde på ein måte vere mykje meir ..

25 I1: Det burde vere mykje meir informasjon til dei som sitte med det i kvardagen. Grunnen til  
26 at eg starta den Facebook- sida det var at eg følte eg begynte å få kontakt med ganske mange.  
27 Men alle satt liksom kvar for seg å lage sine egne ting. Og eg følte meg innmari aleine. Her i  
28 kommuna så veit eg om eit anna barn som har brukt Tobii. No er no den personen heilt heilt  
29 annleis enn mitt barn, og alle har jo forskjellige behov. Og så er det jo vaksne med ALS som  
30 brukar Tobii, og det kjenne eg til frå før. Men når vi har vore på treningar og sånn så har vi  
31 etterkvart treft folk som bruka det. Vi har til og med vore på Frambu. Frambu er eit senter for  
32 sjeldne diagnosar. Og veldig mange som ikkje har talespråk, folk som har supersjeldne  
33 diagnosa sånn som mitt barn har sjeldan talespråk. Når barnet mitt var der nede så hadde han

1 Tobiien på stolen og vi drog med oss snakkebøker. For då brukte han ein del augepeikebøker  
2 endå.

3 F: Mhm.

4 I1: Og pedagogane som jobba på Frambu var heilt imponerte over at endeleg var det nokon  
5 som ikkje berre fekk utdelt eit hjelpemiddel, men dei brukte det. For det var veldig, veldig,  
6 veldig sjeldan dei såg. Og det synst eg er trist.

7 F: Veldig trist.

8 I1: Då sitte det veldig mange unge og unge vaksne rundt om i Norges land som har fått  
9 utlevert eit hjelpemiddel så har dei personar rundt seg som ikkje ana kva dei skal gjere med  
10 det.

11 F: Mhm.

12 I1: Eg veit om foreldre som har fått beskjed om at læraren må ha Tobiien på skulen over  
13 sommaren for å ordne ting på den.

14 F: Oi.

15 I1: Og då har på ein måte læraren ikkje skjont det essensielle. Skal du sitte igjen med stemma  
16 til ungen i heile sommarferien og den ungen skal ikkje få snakke? For at du skal utvikle noko  
17 på den? Då har ikkje pedagogen ikkje skjont det grunnleggjande med det hjelpemiddelet der.  
18 Og sånt er skremmande. Det er skikkelig skremmande. Det sitte så mange.. dissa ungene her  
19 er mykje meir kognitivt sterke enn dei fleste trur. Mange av dei er låst inne i sine egne  
20 kroppar utan mogelegheita til å kommunisere det dei vil til omverda. Og det at vi rundt dei  
21 ikkje gjev dei mogelegheita til å gjere det.

22 F: Mhm

23 I1: Og det er veldig mange som kalla desse for ungar med spesielle behov. Dissa ungene har  
24 ikkje nokon andre behov enn det andre har. Dei har akkurat same behova som alle vi andre  
25 har for oppfølging, trygghet, nærleik, kjærleik, omsorg.. Altså at folka rundt dei bryr seg. Det  
26 burde heite ungar med behov for kreative vaksne.

27 F: Mhm.

28 I1: For det er det dei treng. Dei trenge vaksne som ser dei for den dei er, ikkje for diagnosane  
29 deira. Eller for det dei ikkje kan. Dei trenge vaksne som ser dei for det dei kan, det dei har og  
30 det dei kan utvikle. Og mange av dei er låst i kroppen sin men har eit hovud som virka og får  
31 ikkje ut det som er inn i hovudet sitt.

32 F: Mhm. Eg synst det er en veldig fin ting å seie. At ...

33 I1: Og då er det så viktig at.. Det er viktig at desse ungene får vere seg sjølv. Det har med så  
34 enkle ting som målform å gjere også. At dei får lov å ha sin eigen identitet. Dei er ikkje ei



1 gruppe som.. dei er ikkje likare enn det vi andre er. Dei trengje å få lov å uttrykkje seg og få  
2 vere dei individa dei er. Det er derfor eg seie at eigentleg så burde alle ungene ha si eiga  
3 talesyntese som var berre deira si. Ingen andre si. Og den skulle hatt mogelegheit for  
4 gradering av tonefall, fram til.. frå dei er ungar til dei vert vaksne. Og det tenke eg at Noreg,  
5 eit av verdas rikaste land, skulle hatt råda til.

6 F: Ja, det er noko som verkeleg burde ha vore.

7 I1: Det aller minste kravet burde vere at alt som vert utgjeve i Noreg burde ha kome både i  
8 bokmål og i nynorsk- for vi har faktisk to målformer. Og i samisk.

9 F: Mhm.

10 I1: Men Noreg har hjelpemiddel på hindu og allverdass språk. Og vi har mange utanlandske  
11 som bur i landet som sjølv sagt skal ha det utvikla på sitt språk. Eit nytt hjelpemiddel,  
12 SnapCore, for eksempel vert utvikla på bokmål og i allverdass andre målformer for at det skal  
13 brukast i Noreg. Før det vert utvikla på nynorsk. Og det er ganske spesielt. Det er greitt at  
14 begge dele er norsk, men det er ganske stor forskjell på bokmål og nynorsk.

15 F: Absolutt. No går vi inn i avsluttande spørsmål og då lurar eg på om du kunne ynskje at han  
16 fekk mogelegheita til å nytte nynorsk?

17 I1: Eg skulle ynskje at han fekk mogelegheita til å nytte nynorsk. Det var utgangspunktet mitt  
18 og no har eg sørga for at han får det. Men det skulle ikkje vore sånn at.. det er eit så stort  
19 arbeid at ein kan ikkje forvente at pedagogar har tida til det. Då må det settast av masse tid..  
20 Og det må eg berre seie at det har vore ein sånn gjentakande ting: gjennom alle dei åra barnet  
21 mitt har hatt Tobii sin. Eg trur eg kan seie at barnet mitt ikkje hadde kome så langt som han  
22 har gjort om ikkje eg hadde engasjert meg sånn i den maskina som eg har gjort. Fordi det er  
23 ikkje satt av nok tid for pedagogar som jobbar rundt ungar med ASK til å utvikle deira sitt  
24 hjelpemiddel. Det er satt av alt, altfor lite tid.

25 F: Mhm.

26 I1: Det er eit arbeid som krevje mange timar og ein må ha mange timar for å verte god på det.  
27 For å klare å redigere, for å klare å lage ting, for å klare å skjønne det tekniske i det. I tillegg  
28 til det reinte praktiske som du skal byggje opp.

29 F: Ja.

30 I1: Men eg har sett det heilt frå starten av at det er det her som er barnet mitt si framtid. Språk,  
31 mogelegheita til å kommunisere, få utvikle seg er framtida til barnet mitt. For det er det han  
32 har. Han har ikkje ein kropp som han kan bruke elles men han har eit utruleg godt hovud. Og  
33 han har utruleg store mogelegheita. Og er eit vanvitig fint, lite menneske som har mykje å  
34 lære oss. Men for at han skal kunne lære oss noko, for at han skal kunne utvikle seg så må han

1 ha eit språk. Og mesteparten av det som er på den maskina er der anten fordi eg har laga det,  
2 masa om det, utvikla det og verkeleg gjort noko med det.

3 F: Mhm

4 I1: Og han hadde ikkje hatt dei mogelegheitene han har utan..

5 F: Så, for å sette det litt sånn på spissen då så er ein rett og slett avhengige av at...

6 I1: At dei har omsorgspersonar rundt seg som engasjera seg.

7 F: Og som brenner for det?

8 I1: Ja.

9 F: For visst ikkje, så hadde det vorte veldig avgrensa?

10 I1: Veldig mange sånne maskiner, veldig mange sånne bøker vert liggande ein plass. Eg har  
11 sett ungar. Blant anna eit barn som har same diagnose som barnet mitt, akkurat same  
12 utfordringane motorisk, akkurat same kognitive hovudet.. Eg sat ilag med eit barn som er eit  
13 år yngre enn mitt barn, der barnet ikkje har fått nok mogelegheiter. Fordi.. Og eg forstår det,  
14 fordi foreldra er rett og slett heilt utsletne. Og har ikkje ressursar, og skjønner seg ikkje på det  
15 og ikkje veit kva dei skal gjere for å få det til.

16 F: Mhm.

17 I1: Så har ein kanskje pedagogar rundt seg som ikkje heilt skjønner og som ikkje heilt ser  
18 barnet for det det er, fordi barnet er bak den funksjonshemminga. Og eg satt ilag med det  
19 barnet og han var så frustrert. Og så satt han å såg på mitt barn som satt og fekk kommunisere  
20 og fekk ut kva han hadde inn i seg. Og du berre såg kor frustrasjonsnivået bygde seg opp og  
21 eg satt meg ned på huk ved sidan av han og sa til han «Veit du kva? Eg veit kor smart du er.  
22 Og eg veit kor mykje du forstår. Og eg veit at du skulle ynskje du hadde mogelegheit til å få  
23 det ut».

24 F: Ja....

25 I1: Og det barnet var 5 år og såg på meg med det største smilet eg nokon gong har sett nokon  
26 formidle. Og det trur eg var fordi det var fyrste gongen nokon anerkjente han.

27 F: Mhm. Såg han for meir enn..

28 I1: Ja, kor smart han eigentleg er.

29 F: Mhm.

30 I1: Men det barnet ...eg veit ikkje kor langt det er kome i dag. Og eg har sendt avgårde  
31 program som vi har laga. Og gamle kommunikasjonsbøker. Barnet mitt har sendt heilt frå  
32 Austlandet til Vestlandet, til opp i Trøndelag ein plass. For å hjelpe nokon andre. Men det  
33 krev ein viss driv for dei som sitte bak. Og foreldre til ungar som har så store utfordringar er

1 ofte veldig utsletne. Og det avgrensa kva ressursar som sitte igjen til å kunne gjere sånne ting.  
2 Og då må du verkeleg skjønne kor viktig det er.

3 F: Mhm.

4 I1: Men eg er heilt sikker på at barnet mitt ikkje hadde kome dit han har gjort i dag, om eg  
5 ikkje hadde brukt mykje tid på det. Og det inneber seine nattetima og.. Det skal gjerast på eit  
6 tidspunkt på dagen der han ikkje treng maskina si. For eg kan ikkje ta frå han maskina for å  
7 sette meg ned å jobbe med det.

8 F: Nei.

9 I1: Då må han ha fysioterapi eller noko som gjer at han ikkje brukar maskina, dersom eg skal  
10 gjere det på dagtid.

11 F: Ja. I fråværet av nynorsk i kommunikasjonshjelpemiddelt har det noko å seie for  
12 kommunikasjonen?

13 I1: Ja, kva du tenke då?

14 F: Vert kommunikasjonen avgrensa på grunn av at han ikkje får bruke eiga målform? Eller  
15 vert det sånn at.. ein bruka det ein har?

16 I1: Ehm, om det vert avgrensa.. For han får jo ut det han vil og folk forstår jo bokmål då. Så  
17 eg trur ikkje det avgrensa han i den forstand. Ungar som nyttar ASK er ofte veldig synleg  
18 annleis enn andre ungar. Det at dei tillegg ikkje får snakka si eiga målform, gjer dei endå meir  
19 annleis enn andre. Det segregera dei ifrå mengda i det samfunnet dei veks opp i.

20 F: Ja. Og vertfall når det er eit nynorsk nærmiljø ein veks opp?

21 I1: Og det er ein nynorsk skule, nynorske bøker.. Vi snakka ein nynorsk talemålsvariant. Altså  
22 vi.. Vi er no ikkje heilt sånn nynorsk etter boka, men det er det som er nærmast det vi snakka.  
23 Og det er det vi skrive. Og då gjer det...

24 F: Det gjer noko med oss..

25 I1: Ja, ved å ikkje leggje til rette for at det vert utvikla nynorske hjelpemiddel også til ASK-  
26 brukarar. Så gjer ein dei som gjerne allereie vert sett på som litt rare, litt annleis.. sjølv om eg  
27 ikkje føle at min unge føle vert sett på som sånn på sin skule, fordi dei er utruleg flinke å  
28 integrere han og han er ein del av gjengen på lik linje med alle andre. Men samtidig så er det  
29 ein faktor i... som er på å gjere dei meir annleis enn dei er i utgangspunktet. Dei er annleis nok  
30 sånn som dei er. Sjølv om dei er sånn som alle andre.

31 F: Det er heilt sant.

32 I1: Dei vert sett på som annleis.

33 F: Mhm. Er det fleire eller færre tilgjengelege reiskapar i hjelpemiddelet i andre språk?

1 I1: Ja, dei vert jo utvikla på urdu før dei kjem på nynorsk.. i Noreg. I Noreg vert dei utvikla på  
2 urdu før det vert utvikla på nynorsk.

3 F: Mhm.

4 I1: Eg skjønna det ikkje heilt. Og på somalisk eller på ... Og eg er heilt.. det har ingenting med  
5 det. Dei som bur i Noreg som har andre språk enn oss og som treng ASK- skal sjølvsagt få det  
6 på sitt morsmål. Og det er viktig at alle får bruke morsmålet sitt. Men eg skjønna ikkje at vi  
7 som er verdas rikaste land ikkje skal ha råda til oversette det til nynorsk samtidig som vi tek  
8 det på bokmål.

9 F: Ja.

10 I1: Det burde vore heilt naturleg. Og så skulle det vore opp til oss å velje.. å gå inn å seie at eg  
11 vil ha den i nynorsk og så vil eg ha den stemma der, for det er den talesyntesen som er mest  
12 lik det vi snakka i mitt nærmiljø. Så då vil eg ha den stemma og kanskje regulere den sånn at  
13 eg vert meir lik i stemma etterkvart som eg vert eldre.

14 F: Mhm. Eg såg jo litt når eg observerte det med engelsk. Og det er jo kjempebra med tanke  
15 på at vi har engelskopplæring.. Men der såg det jo ut som det var veldig.. stemma var jo ein  
16 ung person.

17 I1: Ja, og i den engelske er det jo mange fleire stemme å velje mellom. På Tobiiien ligger det  
18 inne ein del stemmer på engelsk, som ein kan velje mellom for ungar.

19 F: Så då kan ein seie det som at det er betre utvikla på engelsk enn på norsk?

20 I1: Ja, det er det. Tobiiien er jo eit utanlandsk firma. Der er jo forskjellige stemmer, både  
21 engelske og spanske. Men det skal jo brukast her i Noreg.

22 F: Mhm.

23 I1: Det høyrer veldig rart ut å ha engelsk talesyntese på norsk tekst. Det har vi også prøvd.  
24 Like rart som å bruke norsk stemme på engelske ord.

25 (Latter)

26 F: Då tenke eg eigentleg at eg har det. Er det noko du ynskjer å leggje til eller å utdjupe?  
27 Noko eg kanskje burde ha snakka om?

28 I1: Nei, eg tenke at det her er veldig viktig å setje fokus på. Ungar med funksjonshemmingar  
29 eller ungar utan tale har like stort behov for å utvikle sin eigen identitet slik som alle andre  
30 har.

31 F: Mhm.

32 I1: Og skal dei få gjort det så må dei på ein måte.. Språk er ein viktig del av identiteten til  
33 folk. Akkurat som at kle er det. For eksempel om eg hadde kledd barnet mitt sånn som.. altså i

1 kle som dei går med ein heilt annan plass som ikkje høyrer til her, så hadde eg gjort han endå  
2 meir annleis enn han allereie er.

3 F: Mhm.

4 I1: Frisyre har med det å gjer. Det har med identiteten å gjere. Og språk har noko med  
5 identitet å gjere. Det har noko med det å byggje ein identitet. Og få sleppe å vere så annleis  
6 enn dei eigentleg er.

7 F: Mhm.

8 I1: Eg skal heise flagget den dagen alle hjelpemidla kjem på nynorsk.

9 (Latter)

10 F: Ja, eg skal vere med deg! Eg og skal gjere det.

11 I1: Det gleder meg til.

12 F: Ja. Så var det heilt avsluttande. Kva kan konsekvensane av manglande ehh..

13 I1: Av å ikkje få ting på nynorsk?

14 F: Ja?

15 I1: No har eg sørga for at barnet mitt får sitt på nynorsk. Men eg trur at ein konsekvens av at..  
16 dersom han hadde satte ut på skulen her og snakka reint bokmål kunne vore at han ikkje vart  
17 så godt integrert som han er per i dag. Det trur eg.

18 F: Mhm.

19 I1: Men no har jo eg oversatt alle hjelpemidla frå han var liten, så han har alltid fått snakka  
20 stort sett nynorsk. Det har han.

21 F: Mhm.

22 I1: Eg trur det har ei negativ innverknad dersom ein ikkje får lov til å tilhøyre.. Det har noko  
23 med tilhørighet til nærmiljøet å gjere og der du skal vekse opp.. og identiteten når han kanskje  
24 skal flytte ein anna plass når han vert vaksen. For eksempel visst han flyttar til Austlandet, og  
25 kjem herifrå så er det jo ein viss identitet då.. visst du kjem til Oslo og høyrer ut som du har  
26 budd i Oslo heile livet ditt, så trur jo kanskje folk at du budde der. Men ein kjem eigentleg  
27 herifrå med ein heilt anna bakgrunn enn dei som.. Altså det har med identitet å gjere og kva  
28 andre rundt ein oppfattar.

29 F: Mhm.

30 I1: Og dei har like stort behov for å ha sin eigen identitet, ungar som ikkje kan snakke med si  
31 eiga stemme.

32 F: Ja, det er heilt sant.

33 I1: Så JA til både hjelpemiddel på nynorsk og med nynorsk talesyntese. I aldersbestemte eller  
34 aldersvarierende utgåver.

## Transkripsjon, intervju 2

*F= Forskar*

*I2= Informant 2*

- 1 F: Då trur eg at eg har fått rigga til alt og vi er klar.
- 2 I2: Mhm.
- 3 F: Då er jo det fyrste spørsmålet. Kva forhold har du til ASK? Det er jo barnet ditt som nyttar
- 4 ASK, men har du noko utdanning eller noko innanfor det?
- 5 I2: Nei, det har eg ikkje. Vi har vore på litt kurs og sånn
- 6 F: Mhm.
- 7 I2: Ehh, veldig veldig tidlig. Eller så har vi jo på ein måte hatt god dialog med PPT. Og
- 8 eigentlig mest med andre brukarar.
- 9 F: Mhm.
- 10 I2: For det er eigentleg der den største læringa er. I forhold til korleis ein kan løyse
- 11 utfordringar med tilrettelegging og få noko input.. Eh, ja..
- 12 F: Ja. Kanskje du kunne ha sagt noko om når hon fekk ASK? Korleis dokke vart introdusert
- 13 for det?
- 14 I2: Ja. Hon begynte i barnehagen når ho var litt over eitt år.. Det gikk ei lita stund før dei ville
- 15 gi ho eit språk.. så fekk vi noko som eit ASK- grunnpakke som var ein diger koffert med
- 16 tusenvis av løyse enkeltsymbol med borrelås på eller kva det var. Eeh, og då begynte ein sånn
- 17 sakte med sikkert med å bruke enkelte av desse symbola i barnehagen. Og når ho var i
- 18 barnehagen så var det jo mest spesialpedagogen som var innom eit par gongar i veka og
- 19 gjorde det. Så begynte vi å bruke sånne enkle symbol her heime.
- 20 F: Ja.
- 21 I2: For eksempel mat eller kva type kle eller sånne ting. Så bevegde vi oss over til
- 22 augepeikebok ganske raskt eigentleg. Og då hadde vi jo det veldig lenge då. Og den boka den
- 23 fekk vi ikkje at PPT eller ikkje av barnehagen.. dei hadde ikkje erfaring med det. Men
- 24 rehabiliteringstenesta på Haukeland..
- 25 F: Ja.

1 I2: Pedagogen der sa at ho hadde eit oppsett som StatPed hadde gjeve ho. Og då skreiv ho det  
2 ut til meg... Så det var sånn vi fekk begynt med augepeikebok. Den vart etterkvart ganske stor  
3 og tung.. Det var jo uhorveleg mange sider.. Men så var ho to- to eit halvt år så fekk vi Tobii.  
4 Men ho synst ikkje det var kjekt å sitte å spele spel... Det var ikkje det ho ville. Ho ville jo få  
5 kommunisere. Så når ho endeleg fekk roen og fekk tid til det så fokuserte vi veldig mykje på  
6 bruk av den. Og sørjde for at ho hadde den tilgjengeleg heile tida.

7 F: Ja.

8 I2: For å sitte med augepeikebok... det er veldig vanskeleg å vere impulsiv og så er det  
9 feilmarginane som vi som skal hjelpe ho å tyde det.. den er så stor at det lett vert mykje  
10 frustrasjon.

11 F: Mhm.

12 I2: Du får heller ikkje seie det akkurat slik som du vil. Eller i ei heilsetning på noko som helst  
13 vis då.

14 F: Mhm.

15 I2: Men då brukte jo ho det oppsettet til StatPed som var på augepeikeboka som var... Vetsje,  
16 det var kanskje berre 10 symbol per side. Det var jo veldig lite. Men då hadde ho vertfall  
17 moglegheita til å vere meir spontan i det ho ville seie.

18 F: Ja.

19 I2: Så då for at ho skulle ta eigarskap til det så gjorde vi oss litt sånn vanskelege. Fordi ein  
20 vert jo veldig god på kroppsspråk når ein ikkje kan snakke.

21 F: Mhm.

22 I2: Og vi er veldig flinke til å forstå kva ho vil utan at ho trengje å seie det. Men då måtte vi  
23 gjere litt sånn «eeh, forstår ikkje heilt kva du meine» sånn at ho vart på ein måte litt meir  
24 tvungen til å bruke den Tobiien eller det oppsettet der.

25 F: Ja.

26 I2: Og då tok ho veldig eigarskap til det. Så då løysna det.

27 F: Mhm.

28 I2: Så då gjekk vi frå... Eh ja, vi gjekk opp til 1700 symbol ganske fort. Men då hadde vi  
29 framleis det same oppsettet i programvara.. Og då begynte det å verte så vanskeleg fordi det  
30 var så mange symbol og det tok veldig lang tid. Då kontakta vi (namn) som eg har hatt  
31 kontakt med heile tida fordi ho har.. barnet hennar er veldig lik barnet mitt i dei utfordringane.

32 F: Mhm.

33 I2: Og då hjalp ho meg å skaffe... Vi skaffa det Metoo- oppsettet som det hette den gangen.  
34 Då gjekk.... Det var januar februar året ho skulle begynne på skulen og då gjekk faktisk

1 skulen inn å betalte for den boka. Fordi PPT ville ikkje.. dei ville ikkje gjere det. Men skulen  
2 sa at dette ordna vi, fordi ho må jo kunne kommunisere skikkeleg når ho begynne på skulen.  
3 F: Ja.  
4 I2: Så då gjekk ho frå 1700 symbol til... eg vetsje, 5000 berre på nokon månadar. Og med  
5 moglegheita til å bygge setningar. For det er jo dette oppsettet her (viser til oppsettet som er  
6 på Tobiien no), men dette er utvikla endå meir då.  
7 F: Ja.  
8 I2: Ja. Etter det så har det jo berre auka på og økt gradvis. Men det er jo utfordrande for sånn  
9 som ho som har ein type CP som gjer at ho.. det er tungt.. det er vanskeleg å sitte heilt i ro. Og  
10 vert ein ivrig så er det endå vanskelegare.  
11 F: Mhm.  
12 I2: Sånn at ein må tilpasse med å ha enkle.. kunne seie.. ha eit symbol for å kunne seie ei heil  
13 setning eller «Kan du komme her?» eller «Skal vi gå ut?» eller «kan eg få legge meg ned?»  
14 eller «eg treng å kvile». I staden for at ho skal bruke mange minutt for å få samla dei symbola  
15 når kroppen ikkje er på lag.  
16 F: Ja.  
17 I2: Så det er mykje sånne omsyn ein må ta.  
18 F: Mhm.  
19 I2: Men no skriv ho skrivelekse og snakka engelsk med den.  
20 F: Så det har då.. Ein kan forklare det som at det har gått i frå enkle symbol så har det då  
21 I2: Mhm. Kun digitalt eigentleg.  
22 F: Ja.  
23 I2: For no bruka ikkje vi papirsymbol eller sånn i det heile tatt.  
24 F: Nei.  
25 I2: Her heime. Dei bruka det litt på skulen. Og i leksesamanheng så får vi.. sånn med glosa og  
26 sånn så får ein gjerne symbola på papir. Men det er ikkje sånn at vi lenger klistra opp symbol  
27 rundt i huset.  
28 F: Nei.  
29 I2: For no har ho.. ho har Tobiien med seg heile tida. Om ho er ute eller inne så har ho.. så  
30 lenge ho kan sitte oppreist så har ho Tobii.  
31 F: Ja.  
32 I2: Og når ho ikkje har.. visst ho har lyst og kvile seg litt for eksempel og ligg på ei matte så  
33 har vi eit nettbreitt som vi har same oppsettet på. Så då kan vi hjelpe ho med.. altså bruke det



1 som ei augepeiketavle fordi det er lett å sjå kor ho ser.. eller så spør vi for eksempel om det er  
2 substantiv og så trykke vi på det for ho...

3 F: Ja.

4 I2: Vi har alltid digitale løysningar.

5 F: Mhm. Så var neste spørsmål om kva form for hjelpemiddel du kjenner til innanfor ASK?  
6 Det er jo Tobii, og så har du jo sagt augepeikebok.

7 I2: Ja, og så har ein augepeiketavle og så er det jo ein del sånne her terningar som ein kunne..  
8 det er sånne borrelåsterningar.. Det er jo sånne enkle ting. Men eg veit ikkje om så mykje  
9 meir.

10 F: Nei.

11 I2: Det er ikkje så mykje meir som er vorte brukt sånn sett..

12 F: Ein kjenne vel best til det ein på ein måte har brukt sjølv.

13 I2: Ja.

14 F: Men kanskje du kan seie noko om korleis ein Tobii ser ut og sånn?

15 I2: Jaja. Ellers har jo vi det nettbrettet som står der bak (peikar på eit heilt vanleg nettbrett  
16 som står på benken).

17 F: Ja.

18 I2: Det har vi berre sånn augelist på.

19 F: Ja.

20 I2: Så det fungerer jo. Det brukar vi i bil og ja.. når vi er på stranda om sommaren og alt sånn  
21 ja.

22 F: Ja.

23 I2: For å vere tilgjengeleg heile tida.

24 F: Ja, så då har ho på ein måte alltid eit språk med seg?

25 I2: Ja, det er veldig viktig.

26 F: Ja. Så kjem vi jo litt til sånn teoretiske spørsmål. Så då lurar eg på korleis du vil definere  
27 ASK? Visst du skulle forklara ASK til nokon, korleis ville du forklara det då?

28 I2: Oi!

29 (Latter)

30 I2: Den var litt vanskeleg!

31 F: Ja, men gjerne sånn..

32 I2: Eg pleie å seie.. altså eg seie visst nokon spør meg.. så seie eg at ho brukar ASK. Og visst  
33 dei då spør kva det er så seie eg at det er hennas språkform. Det er eigentleg det.. Det er  
34 hennas språk.

1 F: Ja.

2 I2: så seie ein ofte at det er alternativ og supplerande kommunikasjon men det høyrst så  
3 pedagogisk ut at det er ikkje alle som tar det til seg.

4 F: Mhm, og det er jo på ein måte det eg ynskjer å gjere med masteren min. For ASK er jo  
5 eigentleg berre nokon andre sitt språk.

6 I2: Ja, det er det det er! Det er ikkje noke.. eg seie det er ikkje noko hokus pokus, det er berre  
7 hennas språk.

8 F: Ja, men det synst eg var ein veldig god måte å forklare det på!

9 I2: Ja, det er ikkje så veldig pedagogisk men

10 (Latter)

11 I2: Men det er ikkje så veldig mange som kjenne til ASK.. det er berre dei som jobbar med det  
12 eller har ein brukar som har det eller som kjenner til det på eit eller anna vis som kjenner til  
13 og brukar den betegnelsen.

14 F: Ja nei, eg synst det var ei veldig fin forklaring på det. Så er jo det neste spørsmålet om  
15 kvifor ASK er viktig?

16 I2: Visst ikkje ASK hadde eksistert, så hadde ikkje barnet mitt eller andre som nyttar ASK  
17 hatt mogelegheit til å ha påverknad på sin eigen kropp kvar dag.

18 F: Mhm.

19 I2: Ja. Ganske enkelt.

20 F: Ja. Og så sa du at barnet ditt har CP som gjer at ...

21 I2: Mhm.

22 F: Er det nokon utfordringar.. kan det for eksempel vere vanskeleg å styre ein Tobii?

23 I2: Ja. For hennas.. dei som har CP.. for hennar type CP er det vanleg med mykje ufrivillige  
24 bevegelser og då er det vanskeleg å sitte i ro. Fordi du skal.. For at du skal kunne greie å  
25 fokusere lenge nok til at.. du skal kunne velje eit symbol eller ein knapp eller ein meny så må  
26 du jo sitte i ro.

27 F: Mhm.

28 I2: Så det er jo utfordrande med mange.. og så er det andre kan jo gjerne ha feilstilling. At dei  
29 ikkje kan sjå rett fram eller det er tungt å holde hovudet. Så det er jo.. mange omsyn å ta.

30 F: Mhm.

31 I2: Men så er det jo.. dei vert jo betre og betre desse Tobiiiane og den siste.. den skal jo for  
32 eksempel.. du skal kunne bevege deg endå meir utan at den mistar fokuset når du ser på han.  
33 Det er jo veldig viktig at det finst sånn digital....som er så bra.

34 F: Mhm.

1 I2: Og når ein er trøyt for eksempel så.. det kreve veldig fokus å sitte med.. Har du prøvd å  
2 brukt ein sånn?  
3 F: Mhm.  
4 I2: Det er jo kjempetungt.  
5 F: Ja. Og eg synst det var veldig vanskeleg.  
6 I2: Det er vanskeleg! Du må konsentrere deg veldig.  
7 F: Veldig utmattande og... tungt. Rett og slett.  
8 I2: Det er det! Hadde vi skulle satte ein heil dag å brukt den.. vi hadde vorte heilt utslitt.  
9 F: Ja.  
10 (Latter)  
11 I2: Så det er ei voldsom tilpassing.  
12 F: Men tok det lang tid å.. på ein måte å klare.. Når ho fyrst fekk Tobiien å kunne manøvrere  
13 skikkelig i den og..?  
14 I2: Nei, det gjekk for så vidt greit.. Men vi begynte jo med større symbol. No er det jo  
15 ganske.. (teller høgt). No har ho 48 symbol pluss leselinje og sånn snakkeboble. Og det er  
16 ganske mykje. I byrjinga hadde ho gjerne berre 20- 24 symbol per side. Så det har jo gått  
17 gradvis opp.  
18 F: Ja.  
19 I2: For det å.. det er jo ein eigenskap som må utviklast.. Så når ein ser at det er mestring på eit  
20 visst tal symbol så aukar ein opp. For det er jo ei trening som må til heile tida. Den må du jo  
21 halde vedlike og.  
22 F: Mhm. Men forstår eg det rett då.. at i byrjinga så var symbola større fordi ho hadde mindre  
23 symbol på kvar side? At det var større plass..  
24 I2: Ja, større plass. Symbola var større og det var meir luft mellom symbola. Så ho trengte  
25 ikkje å vere så nøyaktig med treffa for å kunne seie det.  
26 F: Ja, okai.  
27 I2: Så ein begynne.. det er i alle fall sånn ho har begynt då.  
28 F: Mhm. Er det nokre andre utfordringar med å bruke hjelpemiddelet?  
29 I2: Tobii?  
30 F: Ja?  
31 I2: Ja, det kan vere ute for eksempel. Visst det er solskin ute så får du ikkje til å bruke den.  
32 F: Nei.  
33 I2: Då er det..  
34 F: For då fungerer ikkje det infraraude.. eller det fanga ikkje opp ..?

1 I2: Nei.. Då.. Når vi har vore på ferie i utlandet så har vi brukt nettbrettet mykje meir for den  
2 augelista er betre oppleve vi i sol enn den på Tobiien. Så det er jo veldig dumt.

3 F: Ja. For visst dokke då ikkje hadde hatt nettbrett så hadde ikkje ho kunne hatt eit språk?

4 I2: Nei, då måtte vi ha trykt for ho.. For då måtte vi ha brukt den som ei augepeiketavle rett og  
5 slett. For å få.. ja.

6 F: Mhm. Så er neste spørsmål kva målform nyttar barnet ditt?

7 I2: Det er bokmål.

8 F: Ja. Brukar dokke bokmål her heime og?

9 I2: Vi snakkar jo ikkje bokmål. Vi andre her i huset har jo nynorsk sånn sett. Så...men når vi  
10 låner bøker og sånn til ho på biblioteket så lånar vi på bokmål sidan det er på ein måte hennas  
11 form... Og det er jo litt.. Det er ikkje det at ho ikkje hadde greidd å lest den på nynorsk, men  
12 det er fordi at ho skal sleppe å lære seg to målformer allereie så tidlig i.. å lære seg å lese og  
13 skrive.

14 F: Mhm.

15 I2: Ho skal jo lære seg rettskriving og sånt.. Og visst det er lettare...  
16 (vert avbrott av dottera som fortel kva broren heiter på Tobiien).

17 F: Haha, ja eg skjønner! Og kanskje du kan forklare kva tekniske ferdigheiter ein treng for å  
18 kunne styre Tobiien?

19 I2: Det kjeme jo litt an på kva nivå ein er på men... I bunn og grunn er det jo eigentleg berre ei  
20 vanleg Windows maskin.. veldig enkel. Visst du på ein måte kan bruke ein vanleg data så går  
21 det veldig fint. Og dei programvarene som ein brukar å kommunisere med er jo enkelt satt  
22 opp og.

23 F: Ja.

24 I2: Det er ikkje sånn at du må ha noko sånn.. altså du får jo kurs på NAV og sånne ting men er  
25 du vandt til data så klare du deg veldig fint.

26 F: Ja, så det er eigentleg ganske brukarvennlig da?

27 I2: Ja, det vil eg påstå.

28 F: Ja. Og er det sånn at dokke kan gå inn å redigere sjølv og.. visst det for eksempel er nye  
29 symbol ein finn ut at ein skulle hatt?

30 I2: Ja, det gjer jo vi kvar dag fleire ganga om dagen. Det er alltid eit ord som ikkje er der. I  
31 dag har vi for eksempel lagt inn namnet ditt. Som eit eksempel.

32 F: Ja, ikkje sant?

33 (Latter)

1 I2: Så vi løyse det på den måten at... tidlegare var det skulen som sendte bestilling til heim..  
2 Kva dei trengte å ha inn til den neste veka for lekser og sånne ting. Men no sitter dei å leggje  
3 inn etterkvart.. så lagra vi.. den programvara ho nyttar ligge til ei kvar tid i ein Dropbox  
4 (skyteneste) der dei som treng å redigere kan legge inn. Så ho alltid har den nyaste utgåven  
5 som ho sitter å snakkar med.

6 F: Ja.

7 I2: Så når eg legge inn ei endring om ettermiddagen eller i helgene eller noko sånn så gjer vi  
8 det rett inn i her (tobiien) og då gjer vi det ilag. Så ho er med å ser korleis vi legge inn og  
9 sånne ting.

10 F: Mhm.

11 I2: For ho gjev beskjed om ho manglar eit symbol eller visst ho prøvar å seie noko.... Så  
12 forklarar ho så godt som ho kan kva det er og så legge vi det inn i... Visst ho oppdaga at ho  
13 mangla noko når ho sitte å snakka så legge vi det inn då.

14 F: Mhm.

15 I2: Så det er veldig greitt. Det er viktig at det er lett å redigere og legge til. For ein kan ikkje  
16 vente ei veke på å få inn symbol som du skulle sagt der og då.

17 F: Ja for det det eg er jo veldig.. For visst ein skal sjå det i perspektiv med ordlæring på skulen  
18 så lære jo ord heile tida og då må det jo vere mogeleg å gjere det i hjelpemiddelet og. At ein  
19 heile tida kan oppdatere...

20 I2: Ja, sitte du i ein KRLE time for eksempel. Så må du berre få det der og då. Og det er  
21 mogeleg å gjere rett på den her (tobiien). Ein trengje ikkje å ha noko anna datamaskin eller  
22 noko for å gjere det.

23 F: Veldig greitt... Skal vi sjå... no kjem vi jo litt inn på det med målform då. Får ho  
24 mogelegheita til å bruke si eiga målform i bruk av hjelpemiddelet?

25 I2: Veit ikkje heilt kva eg skal svare.. Vi her heime er jo eigentleg nynorsk og det oppsette ho  
26 hadde fyrst frå StatPed.. den augepeikeboka den var på nynorsk. Der var nynorske symbol på.  
27 Men det her MeToo var ikkje på nynorsk, så då hadde vi på ein måte måtte ha oversatt det  
28 heilt. Så derfor vart det jo bokmål. På skulen og... fordi læreverka var meir tilgjengelege  
29 digitalt på bokmål enn på nynorsk.

30 F: Så ein kan seie då at ..

31 I2: Bokmål har jo vorte hennas målform.

32 F: Men det er på ein måte... når det kjem til talemålsvariantar så ville ho ikkje ha snakka ein  
33 bokmålsprega talemålsvariant dersom ho hadde kunne snakke heilt sjølv?

34 I2: Nei nei, det er jo ingen her i området som snakkar bokmål på den måten.

1 F: Så visst ein skulle sagt noko om talemålsvarianten så ville...?

2 I2: Ein har jo for eksempel ord og uttrykk som ein ikkje har på bokmål. Og når du då legge  
3 det inn i ei bokmålstalende maskin eller oppsett så er det veldig vanskeleg.. Den digitale  
4 stemmen som er der klare ikkje alltid å seie det uttrykket.. Det høyrst ut som noko heilt anna.  
5 Så det er jo ei utfordring.

6 F: Mhm.

7 I2: Altså vi må jo legge inn dissa orda og uttrykka. For eksempel ordet «Slonkabol»... Eg veit  
8 ikkje om du veit kva det er så men... veit du kva det er?

9 (Latter)

10 F: Nei.

11 I2: «Slonkabol» er visst du har overnattingsbesøk og overnattinga må liggje på madrass på  
12 golvet, så ligge dei i «slonkabol».

13 F: ååå ja!

14 (Latter)

15 I2: Det finst jo ikkje på bokmål. Det er jo sånn dialektuttrykk sant... Så det vert jo litt sånne  
16 ting ja. Og det er ikkje alt den Tobiien greie å seie så veldig fint sant.

17 (Latter)

18 I2: Så ein må gjere sånne tilpassingar.

19 F: Ja, for det høyrde eg med ein anna ASK-brukar der dei hadde lagt inn orda eller symbola  
20 på nynorsk.. Og visst ein då vel eit symbol så høyrst det jo verkeleg ikkje ut som..

21 (Latter)

22 I2: Nei ikkje sant? For maskina klare jo ikkje å seie det i det heile teke.

23 F: Mhm... Så det er jo..

24 I2: Ja, det burde jo eigentleg vore eigne talesyntesar til kvar brukar visst det skulle vore heilt  
25 optimalt. For talesyntesen er vel lest inn av nokon som snakkar bokmål så du klarar ikkje å vri  
26 det om.

27 F: Nei. Vi snakka jo litt om det i stad før intervjuet men du kan jo kanskje seie noko om den  
28 talesyntesen. Den hette jo Emilie men du sa at tidlegare måtte barnet ditt bruke...

29 I2: Kari!

30 F: Kari ja.. og det var ei??

31 (Latter )

32 I2: Det var då ei vaksen damestemme. Det høyrst jo heilt rart ut..

33 F: Var det noko dokke opplevde som..

1 I2: Eg synst jo at det var veldig rart at dei ikkje hadde ei yngre eller meir ungdommelig  
2 stemme. Det var litt rart å høyre at ei lita jente på 3 år kom med den stemma som ho hadde då.  
3 Det var jo veldig rart, men ein vert jo fort vandt til det og ein tenke ikkje over det på den  
4 måten.  
5 F: Nei.  
6 I2: Men eg kan jo vise eit eksempel på kor rart det høyrst ut... visst du vil?  
7 F: Ja  
8 I2: Fordi at når ho snakkar med Snap Core First så... eg kan jo vise deg kor rart det hørt ut  
9 når vi berre hadde Kari-stemma.  
10 (Trykker på Tobien og trykker på symbol som vert lest opp. Hører fyrst ei ung stemme  
11 (Emilie) som vert nytta i dag, før damestemma (Kari) som dei måtte bruke før)  
12 F: Jaa  
13 I2: Då hørt det sånn ut. Det høyrst jo heilt rart ut.  
14 F: Ja.  
15 (Latter).  
16 I2: Og så er det jo ikkje berre stemma men og tonefallet. Det vert jo veldig rart....  
17 F: Ja og så høyrst det jo veldig rart ut at ei lita jente skal snakke som ei godt voksa dame.  
18 I2: Det hadde vore veldig rart om vi i dag hadde måtte skrifta tilbake til Kari- stemma for å  
19 seie det sånn.  
20 F: Ja.  
21 I2: Det er jo og... Altså den Kari- stemma passa jo eigentleg ikkje til ei dame.. eller ei jente på  
22 20 år heller..  
23 F: Nei.  
24 I2: Den gjer ikkje det. Og der er det ingen mellom ting. Enten må du høyrst ut som Emilie  
25 eller så vert du Kari.  
26 F: Mhm. Så ein burde eigenleg kunne justere den etter alder?  
27 I2: Ja, absolutt.  
28 (Må ta ei pause i intervjuet).  
29 F: Ja, då var vi klar. Men vi kan jo kanskje berre fortsette på det vi snakka litt om med korleis  
30 ein snakkar og sånt då. Så forstod eg det rett at heilt optimalt så burde alle få tilpassa ei  
31 talesyntese til seg?  
32 I2: Ja.  
33 F: Men er det noko ein merka på skulen eller sånt.. At dei på same alder reagera på at ho  
34 snakka annleis?

1 I2: Ehm, nei eg trur ikkje det no. For dei er så vandt til det. For alle vert jo vandt til det. Men  
2 eg huska jo at i barnehagen og sånt så var det jo sånn «korfor seie ho sånn?» og sånt. Så det  
3 var jo litt spørsmål og kommentarar om korfor ho snakka på den måten og... ja.

4 F: Mhm. Eg forstod det sånn at dokke hadde snakka litt om det med identitet. Kan du kanskje  
5 seie noko om det med å bruke Tobii og identitet?

6 I2: Det som vi har snakka om tidligare når ho gjekk i andre klasse.. Då hadde jo vi akkurat  
7 skifta i frå nynorsk bok og vi snakka jo ikkje reint nynorsk men vi snakka jo en  
8 talemålsvariant som ligge nærmare nynorsk enn bokmål... Og då spurte vi jo ho om kva ho..  
9 om ho tenkte på bokmål eller om ho tenkte på nynorsk. Og då sa ho at ho tenkte på nynorsk.

10 F: Mhm.

11 I2: Men no er ho jo komt i tredje klasse og går i rein bokmålsklasse.. og nokre av desse  
12 jentene i klassa snakka jo veldig... snakkar jo veldig bokmål. Enkelte har vorte meir fine i  
13 språket der og.

14 (Latter)

15 F: Mhm.

16 (Snakkar med dottera som no seier at ho tenker på bokmål)

17 I2: Då har du jo kanskje forandra deg litt då på det.

18 F: Mhm.

19 I2: Men det er jo likevel ord og uttrykk som vi er vandt til å bruke.. som alle vi andre seier..  
20 som ho likevel vil ha inn.. og seie det ho og sant.

21 F: Mhm.

22 I2: Og dei får jo då gjerne litt anna uttale på grunn av at syntesen er tilrettelagt for bokmål og  
23 ikkje nynorsk.

24 F: Ja.

25 I2: Så ein mista litt av poenget..

26 F: Mhm. Så visst ein kan seie det på ein ganske enkel måte så.. så sånn som ho seie no så  
27 tenke ho på bokmål så då er det jo på ein måte ganske likt sånn som du seie... dei andre i  
28 klassa som snakka meir bokmål

29 I2: Ja, meir fint på ein måte.

30 F: Ja, meir bokmålsprega enn nynorskprega då på ein måte. Så då er det på ein måte litt meir ..  
31 altså «ein del av gjengen...Skjønna du kva eg meiner?

32 I2: Ja, eg skjønna kva du meiner.. fordi at det er jo litt det at når ungane er små og dei går i  
33 barnehage og dei er mykje rundt andre vaksne så vert dei jo veldig påverka av dei vaksne dei  
34 er ilag med.



1 F: Mhm.

2 I2: Og då vert det jo sånn, men... Det forandra seg jo når dei vert meir sjølvstendige og det er  
3 jo det ein vert.. Altså når ein då har hatt bokmål i fleire år og ein har lært seg å lese og er  
4 begynt å skrive mykje meir så er det nok sikkert naturleg at ein skifta over og vert vandt til å...  
5 at det liksom er det daglege.

6 F: Mhm.

7 I2: Og ein identifisera seg med det på eit eller anna vis.

8 F: Ja. Men visst du skulle ha karakterisert språket i nærmiljøet her?

9 I2: Det er ikkje bokmål.

10 F: Nei. Og då kjem ein jo til det at kva har det å seie at ein får nytte eiga målform i  
11 kommunikasjon?

12 I2: Det er litt vanskeleg å svare på når ein ikkje sjølv på ein måte..

13 F: Nei..

14 I2: Kan du gjenta det?

15 F: Ja, kva konsekvensar.. eller kva har det å seie at ein får bruke si eiga målform?

16 I2: Eh, ein kan jo tenke seg sjølv.. eg eller vi som er vandt til å snakke nynorsk har gjerne  
17 skreve på nynorsk i alle år så kjem ein i arbeidslivet så må ein faktisk.. i mange situasjonar så  
18 kan ikkje ein gjere det fordi du vert ikkje forstått.

19 F: Mhm

20 I2: Men då føle du jo.. eller for min eigen del så føle eg.. då tar ein jo på seg ei rolle som ikkje  
21 er deg sjølv.

22 F: Ja, mhm. Og det kan jo igjen kanskje ha noko å seie for den identitetsfølelsen?

23 I2: Ja, og det er jo det...Altså då er du på ein måte ikkje deg sjølv og du har ikkje tru på deg  
24 sjølv på ein måte.

25 F: Ja.

26 I2: Ja nei, det er vanskeleg å svare på. For det er ikkje sånn at ein ikkje vert forstått fordi om  
27 ein ikkje har den målforma.. det er ikkje det som er. Det går ikkje på korleis du vert oppfatta  
28 trur eg.

29 F: Mhm, og det er jo eit veldig viktig poeng.

30 I2: At det er meir korleis ein kjenne det sjølv.

31 F: Mhm, absolutt. Så kan vi jo sjå Tobii i samheng med andre språk. Du snakka om at  
32 engelsk er tilgjengeleg inn på. Er det andre språk som er tilgjengelege inn på?

33 I2: Eg trur ein kan.. Altså det er veldig mange talesyntesar som du kan ha. Du kan vertfall ha  
34 spansk trur eg. Eg trur nok det er ganske mange.

1 F: Så ein har moglegheit til å lære seg andre språk.. sei at ein kjem på vidaregåande å..  
2 I2: Ja, eg meiner fransk har eg sett ligge der ja.  
3 F: Ja. Og no brukar jo dokke både engelsk og norsk og då lure eg på om det er noko som er  
4 betre i den engelske.. med tanke på både talesyntese og..  
5 I2: Du får jo perfekt uttalelse i den engelske då!  
6 (Latter)  
7 F: Ja.  
8 I2: I forhold til andre på same alder. Ja nei.. Men sjølve syntesen er jo veldig bra i seg sjølv  
9 men eg synst.. Eg synst at når ein legge inn for eksempel.. eg huska ikkje korleis det er no  
10 men eg huska når ho fekk den.. når Kari (talesyntesen) var her.. Vi skulle legge inn taco og så  
11 klara ikkje Kari å seie taco ho sa "teiko". Altså det var litt sånne ting.  
12 F: Mhm.  
13 I2: Mens med den engelske talesyntesen har du ikkje fått utfordringar sånn med visst du  
14 skrive rett engelsk så vert det rett uttalelse. Men visst du skrive rett på norsk så er det ikkje  
15 alltid ein får rett uttalelse heller.  
16 F: Og det er jo eit viktig poeng!  
17 I2: Ja. For eksempel der retta vi i stad for ho hadde liggande inne eit symbol for KvikkLunsj  
18 (sjokoladen). Når du skrive KvikkLunsj i eit ord, sånn som du skal så seie talesyntesen  
19 "Kvikklonsj" så då måtte vi dele den opp for at den skulle seie KvikkLunsj. Det er sånne ting.  
20 F: Mhm.  
21 I2: Som vert veldig rare inn i mellom. Fordi om du skrive det rett.. men visst du skrive rett på  
22 engelsk så vert den heilt.. du merka ikkje det.  
23 F: Mhm. Du har jo hatt kjennskap til Tobii over fleire år og visst du skulle gjort deg noko  
24 tankar om kvifor det ikkje er tilgjengeleg talesyntese på nynorsk? Er det dyrt, vanskeleg  
25 eller....?  
26 I2: Eg trur ikkje det er vanskeleg men det kosta jo sjølvstakt pengar. Eg trur det handlar om at  
27 det er færre brukarar.. Altså det er.. Når du har laga på bokmål så når du ut til fleire enn om du  
28 berre hadde laga på nynorsk.  
29 F: Ja. Og bokmål er jo noko dei aller fleste forstår.  
30 I2: Ja, og alle skal jo ha bokmål i løpet av livet sitt. Altså alle.. Om du har nynorsk går du jo  
31 over til bokmål.. eller du lære jo det. Men det er ikkje alle som nødvendigvis lære.. har  
32 sidemål på eit eller anna vis som med nynorsk. Ja..  
33 F: Ja. Er det nokon andre sånne tankar du gjer rundt Tobii og ditta med identitet eller sånn  
34 generelt? Er det noko du tenkjer ....

1 I2: Altså det som eg tenkjer. Eg berre ser litt at etterkvart som ein vert eldre. Når ein vert litt  
2 eldre og så .... Sånn som no er ho ni år og då er det jo ei utvikling.. Når ein er ni år så begynne  
3 ein å verte litt meir sjølvstendige og litt meir sånn «sassy» og småfrekk og sånn.  
4 F: Mhm.  
5 I2: Og den er vanskeleg å gjenspegle gjennom Tobiien. Det vert så veldig korrekt. Vi kan jo  
6 sjølvsagt leggje inn symbol eller ord eller sånne ting og ein kan skrive.. men ein mista litt av  
7 overføringa når ein seie det ved Tobiien..  
8 F: Ja.  
9 I2: Det er sånne ting som eg har tenkt litt på. Ikkje det at ein skal vere frekk og stygg i  
10 munnen men alle har jo ein sånn periode ein går gjennom i livet.  
11 F: Ja.  
12 I2: Om du vil det eller ei sant.  
13 F: Ja.  
14 I2: Altså ein mista litt av den...du får ikkje avspegla den utviklinga så godt når ein sitte med  
15 eit ASK hjelpemiddel. Skjønna du kva eg prøva å seie?  
16 F: Ja. Men kan det vere litt sånn at...for vi alle har jo på ein måte eit litt sånt personleg.. både  
17 tonefall, kva styrke ein seier det med og korleis ein seier det har jo mykje å seie for  
18 I2: Kva ein formidlar.  
19 F: Ja. Ein kan seie ein fin ting men med eit tonefall som gjer at det er stygt eller frekt eller..  
20 I2: Ja. Og det får ein jo ikkje til..  
21 F: Nei.  
22 I2: På noko som helst vis. Du kan ikkje.. det er vanskeleg å på ein måte få fram ironi og sånne  
23 ting.  
24 F: Ja, fordi Tobiien seie det rett ut  
25 I2: Ja!  
26 (Latter)  
27 I2: Hardt og brutalt.  
28 F: Så då forstod eg det rett det du mente med?  
29 I2: Ja. Det er jo litt sånne ting.  
30 F: Ein får ikkje det personlege preget då  
31 I2: Nei.  
32 F: Det særigne for kvar person  
33 I2: Mhm. For det er jo forskjell å seie «kult»(langsam og stille stemme) og «kult»  
34 (entusiastisk stemme).

1 F: Ja.

2 I2: Du får liksom ikkje den på eit vis.

3 F: Ja.

4 I2: Og det er jo litt korleis du vert oppfatta. Om du er engasjert eller ikkje engasjert. For det  
5 har eg tenkt litt på at dersom ho seie noko så er det ikkje sikkert at dei andre i klassa tenker at  
6 «oi, dette synst XXX var gøy» men eg ser det jo som mor og sånt sant.

7 F: Mhm.

8 I2: Men det er ikkje sikkert at andre oppfattar det fordi det er så monotont på ein måte det som  
9 kjem ut sant.

10 F: Mhm.

11 I2: Du får ikkje den personlege touchen som vi andre får.

12 F: Mhm. Men kan det av og til.. kan det oppstå misforståingar og sånn?

13 I2: Ja.

14 F: For eksempel at ho synst noko er kjempekjekt og det har ho lyst til men så seie talesyntesen  
15 «gøy» og då tenke dei at nei vi prøvar noko anna fordi..

16 I2: Ja.

17 F: Så det kan vere litt sånne kommunikasjonsvanskar med at den uttalar det så monotont?

18 I2: Ja, absolutt.

19 F: Ja, og det er jo egentleg ganske interessant. Og det har jo mykje med identitet og gjere og.

20 I2: Ja, og vertfall etterkvart som ein vert eldre sant.

21 F: Ja. Men eg trur egentleg at eg har fått det eg trenge no. Er det noko anna du føle du vil  
22 legge til, utdjupe eller noko sånt?

23 I2: Nei, egentleg ikkje. Men komme du no på noko så er det no berre å ta kontakt.

24 F: Supert. Tusen takk!